

Nasjonalbiblioteket/bokselskap.no, 2016

Norske mellomalderballadar: Skjemteballadar (TSB F-gruppa)

Redaksjon: Velle Espeland, Børge Nordbø, Maren Dahle Lauten, Liv Kreken,
Elin Prøysen, Astrid Nora Ressem, Olav Solberg, Ellen Nessheim Wiger

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

NORSKE MELLOMALDERBALLADAR

Skjemteballadar

(TSB F)

Nasjonalbiblioteket

2016

[TSB F 1 Jenta som ville gifte seg](#)

[TSB F 5 Det står ein friar ut i garden / Friarane](#)

[TSB F 7 Korleis vil du føde meg](#)

[TSB F 8 Fusentass](#)

[TSB F 9 Kjerringa og hoffmannen](#)

[TSB F 11 Lagje og Jon](#)

[TSB F 12 Guten og jenta raka høy](#)

[TSB F 15 Det farlege natteleiet](#)

[TSB F 16 Valiknut og Snekkjelita](#)

[TSB F 17 Møllardottera](#)

[TSB F 20 Jentene som planta kål](#)

[TSB F 22 Bondeguten](#)

[TSB F 23 Sort-Iver og Lusse](#)

[TSB F 26 Fanteguten](#)

[TSB F 29 Ungersvein på tinget](#)
[TSB F 30 Den vonde kjerringa](#)
[TSB F 33 Den huslege bonden](#)
[TSB F 40 Hoffmannen, prestekona og presten](#)
[TSB F 45 Per spelemann \[Ola Bondsen / Nils Bådsmann\]](#)
[TSB F 46 Beltevisa \[Beltet mitt\]](#)
[TSB F 53 Truls med bogen](#)
[TSB F 54 Han Mass og han Lasse](#)
[TSB F 55 Den store nordmannen](#)
[TSB F 57 Tosstein tala til staven sin](#)
[TSB F 58 Kråkevisa \[Den store kråka\]](#)
[TSB F 59 Den store oxen \[Aksel torn-visa\]](#)
[TSB F 60 Den store grisen \[Låvgris\]](#)
[TSB F 62 Høna og hauken](#)
[TSB F 63 Revens arvegods](#)
[TSB F 64 Reven og bonden](#)
[TSB F 66 Katten ligg sjuk](#)
[TSB F 67 Tordivelen og fluga](#)
[TSB F 68 Ramnebryllaupet i Kråkelund](#)
[TSB F 72 Bonden og leigejenta](#)
[TSB F 73 Kjerringa til skrifte](#)
[TSB F 75 Tjuvane](#)
[TSB F 76 Lars skyttar](#)
[Forkortingar og litteratur](#)

TSB F 1 Jenta som ville gifte seg

Innleiing

Ein far tek dotter si for seg og forlangar at ho ikkje skal gifte seg. Dette må ho love, seier han. Men dottera vil ikkje gi nokon slik lovnad, for det blir kaldt å liggje aleine når vinteren kjem, seier ho. Faren argumenterer med at ho skal få gråskinn – dvs. ekornskinn – å sove i, men jenta svarar at han kan ha ekornskinn sitt sjølv. Faren kjem med fleire utspel, og han trugar også med å grave henne levande ned i jord og med å skuve henne ut på sjøen i ein båt. Men dottera finn svar på alt faren kjem med, og ho får siste ordet – ein mann vil ho ha!

Det finst minst fem tekststoppskrifter av denne skjemteballaden, alle frå Telemark, ved Sophus Bugge og Rikard Berge. Berge skreiv også opp ein melodi, etter ukjend songar (Ressem 2015: 11–13). Blant dei som kunne «Jenta som ville gifte seg», var Torbjørg Tovsdotter Midbøn (1821–1876) frå Kviteseid. Ho var husmannskone og levde i tronge kår. Bugge skreiv opp ti balladar etter henne, i 1857 og 1863. Seinare skreiv Berge opp «omkringtradisjon» etter henne. Ho skulle ha vore god til å syngje og god til å snakke for seg, og elles var ho sympatisk og arbeidssam (Jonsson & Solberg 2011: 305–306). Vidare har Landstad trykt ei form av «Jenta som ville gifte seg», med ei noko anna avslutning. Her åtvarar faren jenta mot å gifte seg, for tenk om mannen drikk seg full og slår henne! Men jenta veit råd for det også:

Og er han dá sá ille lynd
at eg veit meg ingjo ráð,
sá legg' eg honom i den svarte jorði
og ein stóre steine upá
(Landstad 1968: 668–669).

Fleire skjemteballadar er bygde opp omkring motsetninga mellom foreldregenerasjonen og ungdomen, gjerne slik at dei unge går sigrande ut av konflikten, som i denne visa. Detaljar i teksten knyter «Jenta som ville gifte seg» intertekstuelte og parodiske til mellomalderske martyrforteljingar, meir presist til forteljinga om jomfrumartyren Barbara. Martyrforteljinga om den kyske

Barbara vart omsett til norrønt. Barbara ville ikkje gifte seg med nokon av dei heidne friarane som faren fann høvelege for henne, og difor vart ho torturert og lemlesta. «Jenta som ville gifte seg» kan oppfattast som eit parodisk motstykke til martyrforteljinga (Solberg 1993: 179–183).

Balladen finst også på dansk og svensk. Den eldste teksten står i eit dansk visehandskrift frå 1600-talet, og elles finst liknande viser frå fleire europeiske land. I ein dansk flygebladstekst frå 1671 lyder opningsstrofa slik:

MOder sagd' til Daatter sin,
Om Natten de skuld soffve:
«Du skalt icke Giffte dig,
Oc det skalt du mig Loffve»
(DgF IX: 6)

Utsyn 168

DgF 490

SMB 220

Oppskrift A

TSB F 1: Jenta som ville gifte seg

Oppskrift: Udatert av ukjend hand for Sophus Bugge etter Gunhild Kjetilsdotter Sundsli, Moland, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge VIIa, 35–37 (reinskrift)

Oppgjeven tittel (med Bugges hand): Gjenta som ville gifte seg.

*

1. Mannen tala ti dótte si
i ei skorstenstoga
dú ska inkje gifte deg
de ska du meg love
– Enno gjer jomfrú som hó ví' –
2. Men høyr no de kjær fader min
de kan eg deg inkji love,
her kjem ein kalle vinter
de æ kalt alleine sove. –
3. Men hør no de kjær dotter min
auke meg inkji den harm

eg ska koupe deg grått skinn
sove deri så varmt.

4. Hav dú sjave ditt grått skinn
å sov deri så varmt
men eg sko have meg mann iår
um eg ska reise av land. –

5. Men høyr du de kjær dótte mi
auke meg inkji den kvíe,
eg ska koupe deg hest å sal,
ti kyrkja må du ríe. –

6. Hav dú sjav din hest å sál,
ti kyrkja kan eg gangje,
men eg vi' ha meg mann iår
kor eg ska en fange. –

7. Hav [dú sjav din hest å] sal,
[ti kyrkja kan eg] loupe
men [eg vi' ha meg mann] iår
um eg ska en koupe.

8. Høyr nu de kjær dótte mi
aukar dú meg den harm,
só sett eg deg på norlogsbåten
eg skúvar deg langt ifrå land.

9. Sete dú meg på n[orlogsbåten]
å sk[uvar] meg langt ifrå land,
so sette eg upp min serk ti sigl,
eg sigler burt fær meg en mann. –

*

Manuskriptet har tillegg (og strofenummerering?) av Sophus Bugge.

Ei anna reinskraft finst i NFS, S. Bugge IX, s. 31–21.

Oppskrift B

TSB F 1: Jenta som ville gifte seg

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Torbjørg Gjermundsdotter Haugen,
Skafså, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge k, 49–50 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel^{V1}

1. Mannen talar te Dotter m^si,
i ei Skorsteinstoga:
Du ska' inkje gifte deg,
dæ ska du meg lova.
– Enno gjer Jomfrúva som ho vi'. –
2. Dæ du seie eg ska'kje gifte meg
dæ vi eg deg inkje lova,
hær kjæme så kall ein Vinter
d'æ vondt aleine sova.
3. Skam få deg kjær Dotte me,
du aukar meg ingjen Harm,
eg ska' kaupe deg løvegrå Skinn
å sova dæri så varmt.
4. Hav dú sjave d[et] l[løvegrå] Sk[inn]
å sov dæri så varmt,
eg vi' hava meg Mann i År
å sova på hass Arm.
5. Skam få deg [kjær Dotte me,]
[du aukar meg] ingjen Tregje,
eg ska kaupe deg Gullkrone ny
dæn samer ei Jomfruve bera.
6. Hav du [sjave di Gullkrone ny]ⁿ¹
dæn samer ei Jomfruve bera,
men eg ska kaupe meg linklæi små
dæ samer ei Danekvinne bera.
7. Skam [få deg kjær Dotte me,]
[du aukar meg] ingjo Kvíe,
eg ska kaupe deg Sadel å Hest,
du må at kyrkja rie.
8. Hav [du sjave din Sadel å Hest],ⁿ²
eg kann ti Kyrkje laupe,
eg vi' have meg Mann iår,
um eg ska' ein kaupe.
9. Skam [få deg kjær Dotte me,]
[du aukar meg] ingjen Harm,
eg ska' sekje deg i ein Orlogsbåt,
skúve deg langt frå Land.

10. Seter du meg i ein Orlogsbåt
å skúvar meg langt frá Land,
så sete eg upp min Serke ti Seil
eg sigler av, fær meg ein Mann.

11. Så sete eg upp min serke ti Seil
ser eg ^{meg} ut så vie,
så ser eg ein Ungersvenn kjem riandes,
så ropar eg: kom hít.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Reinskrift: NFS, S. Bugge III, 19–20.

Oppskrift C

TSB F 1: Jenta som ville gifte seg

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Torbjørg Tovsdotter Midbøn,
Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge g, 32–35 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel^{V2}

*

1. Mannen han tala te dótte sí
alt uti skorsteinstoga:
Du gifter deg inkje iår,
vi' du meg dette lova.
– Enno gjer ho de hó vi', den jomfrú. –

2. Høyrer du dæ, du fa'i min,
eg kann deg 'kje detta lova:
her kjeme no dei vintranne på,
eg kann 'kje liggje eismall å sova.

3. Høyrer du dæ du dótte mí,
du gjere meg inkje så harm
eg sko' kaupe deg eitt grått skinn
du må sova derí så varmt.

4. Hav du sjav ditt grått skinn
å sov deri så varmt!
eg vi' hava mann iår

um eg sko' så taka meg ein fant.

5. Hóyrer [du dæ du dótte mí,]
[du gjere meg inkje] så ímót!
hellå blí eg så harm á vill,
at eg greve deg livandes í jór.

6. Blí no du så harm á vill,
at du greve meg livandes í jór,
sá kjæme der ein riddar så gó,
á græve meg uppatt ótó jór.

7. Hóyrer [du dæ du dótte mí,]
[du gjere meg inkje] slík kvíe
eg sko kaupe deg hest á sale,
dú má te kyrkjunne ríe.

8. hav du sjav din hest á sale
eg kann te kyrkjunne løpe,
eg ví' hava mann í ár,
um eg sko' hånóm kjøpe.

9. Hóyrer [du dæ du dótte mí,]
[du gjere] meg inkje så harm,
hellå tæk eg min órlogsbát,
á skúver deg langt út pá vann.

10. Teke no du din órlogsbát
á skú[var meg langt út pá]ⁿ³ vann
sá nýter eg upp mitt silkjeseil
sá seiler eg av ette ein mann.

11. Hóyrer [du dæ du dótte mí,]
[du gjere meg inkje] slík rý
hellå byggjer eg eitt tårn så høgt,
at dæ rekk uppunder ský.

12. Byggjer [du eitt tårn så høgt]ⁿ⁴
[at det rekk uppunder] ský,
sá nýter eg upp mitt sílkjeband,
sá rykkjer eg mann av bý.

13. Jomfrúga stó í tårne så høgt
á vifta út mæ sí hánd,
far no væl du fa'i min
no seiler eg av ette ein mann.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Reinskrift: NFS, S. Bugge IV, 146–147

TSB F 5 Det står ein friar ut i garden / Friarane

Innleiing

Ei dotter og mor hennar samtalar om og vurderer friarane, som står i kø utanfor døra. Spørsmålet er kor mykje pengar den enkelte kan leggje på bordet, for det er pengane som avgjer om han får kome inn. Den tredje friaren er rik nok til at mora godkjenner han. Han får god mottaking når han kjem inn, alt det beste av mat og drikke blir sett på bordet. Deretter ber det til køys med friaren og jenta.

Dette er truleg ein av dei best kjende skjemteballadane, trass i at vi ikkje har meir enn nokre få tradisjonsoppskrifter av den. Lindeman skreiv opp ein variant frå Setesdal og ein frå Valdres, og elles har vi ei Telemarks-oppskrift og ei oppskrift frå Nordland. Det kan vere grunn til å tru at fleire samlarar ikkje har oppfatta visa som noko dei burde bruke tid på, og kanskje har dei oppfatta den som ei barnevis. Det er då også som barne- og ungdomsvis og ikkje minst som songdans at «Friarane» er blitt kjend. Både tekst, melodi og to ulike framlegg til danseframføring står i Klara Sembs *Norske Folkedansar. Songdansar* (1922). Vidare finst tekst og melodi i fleire nyare song- og visebøker, og på internett.

Visa er «meget almindelig» på dansk, skriv Evald Tang Kristensen, som trykkjer tre tekstvariantar i *Et hundrede gamle danske skjæmteviser* (Kristensen 1901: 128–131). Også på svensk finst det mange variantar av «Friarane». I ein av tekstane har friarane namn, noko som er uvanleg:

/:Kalle Bengtsson första friarn
Mor lilla just nu:/
/:Mykke pengar har han
Min dotter Julia/:

[...]

Kalle Kilblom andra friarn
Mor lilla just nu
Mycke pengar har han
Min dotter Julia

[...]

Kalle Matsson tredje friarn
Mor lilla just nu
Hur mycke pengar har han
Min dotter Julia
(SMB 5:1: 164).

Når «Friarane» har nådd ut blant eit breitt og ungdommeleg publikum og til og med blitt godkjend i skulen, er det fordi teksten er kraftig redigert, og stansar der den tredje friaren kjem inn. Men tradisjonstekstane gjev seg ikkje her, for mykje av poenget er å fortelje korleis det går når friaren skal ha betalt for dei dalarane han har lagt på bordet. Dottera – urøynd og einfaldig – spør mora om kor mykje friaren skal få lov til av erotisk-seksuelle tilnærmingar, og mora gjev gode råd, kanskje frå ein posisjon rett utanfor kammersdøra. Handlinga ligg det godt til rette for bruk av tabuord, noko som er ein del av komikken. Vidare kan vi oppfatte teksten som ein kritikk mot ekteskapsinngåing på grunnlag av pengar og rikdom. Mora bestemmer, dottera har ikkje noko ho skulle sagt.

Lindeman: *Norske Fjeldmelodier* 112

Tang Kristensen 32

SMB 221

Oppskrift A

TSB F 5: Det står ein friar uti garden / Friarane

Oppskrift: 1912 av Rikard Berge etter Knut Johannesson Dale, Tinn, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXXXIX, 40–41.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. No æ den første friar kaammen

- mor lilla, haa haa –
Hvor mange penger haver han,
– min datter Olia(s)ⁿ⁵ –
2. Aa han hev tjug på tjug
Vís 'n veien, lat 'n gaa
3. No æ den anden [friar kaammen]
Hvor [mange penger haver han,]
4. [Aa] han hev hondre paa hondre
[Vis 'n veien, lat 'n gaa]
5. No æ den trée [friar kaammen]
[Hvor mange penger haver han]
6. Han hev tusen paa [tusen]
Luk op dør, slepp 'n inn
7. Hòr' skò friaren faa sita
I ein stol, ved dit bor.
8. Hòtt [sko friaren] faa tì skjenk.
Noko vin i eit glas.
9. Hott [sko friaren] daa faa spise,
steikt egg, spikjegaas.
10. Hòr skò [friaren] faa ligge
Mæ deg, i di seng.
11. Skò daa [friaren] taka patten
Lat taka om han vil –
12. Skō daa [friaren] ta <...>
Lat han <...> mest han vil.
13. Skulle der da bliva barn
Lat dæ bli om dæ vill' to.
14. <...>
<...> gjev'e tøyg.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

*Det virkar som om Berge har sensurert tekst i strofe 12 og 14, med svart tusj.
Det er uråd å lese kva som står under overstrykingane, men jamfør oppskrift C.*

Under oppskrifta står det: Anne Navarsgard. Ho var ein kjend kvedar på

Møsstrond. Ho døydde i 1896.

Oppskrift B

TSB F 5: Det står ein friar uti garden / Friarane

Oppskrift: Udatert av Fridthjov Anderssen etter ukjend songar, Nordland.

Orig. ms.: NB Mus ms a 5116, 2–3.

Oppgjeven tittel: Dar staar en friar

*

1. Dar staar en friar uti gare,
– mor lilla hau, hau!
Kor mange penga haver han
– du mi dotter Dalia? –

2. Et hundrede rigsdaler
– sier han at han har –
Lat'n gaa, lat'n gaa
– du mi dotter Dalia. –

3. No staar en friar uti gare,
Kor mange penga har daa han

4. To hundrede rigsdaler
Lat'n gaa, lat'n gaa

5. No staar en friar uti gare
Kor mange penga har daa han

6. Fem hundrede rigsdaler
Luk op dørra, slep'n inn

*

Strofene står som tekst til ei bearbeiding for mannskor.

Mellomomkvedet vekslar mellom «mor lilla hau, hau» og «sier han at han har».

Oppskrift C

TSB F 5: Det står ein friar uti garden / Friarane

Oppskrift: Udatert av Geirr Lystrup etter Margjit Vetlesdotter Gunvaldjord, Vinje, Telemark.

Orig.: Geirr Lystrup (utg.) 1980. *Skjemteviser og salmevers. Folkeviser etter Margit Gunvaldjord og Aslak Brekke*. Oslo: Samlaget, 38–39.

Oppgjeven tittel: Mora lilla hoha

*

1. No er fyrste friar kommet
– mora lilla hoha. –
Hvor mange penger haver han
– du, min datter Olea? –
2. Å hundra på hundra
– sier han at han har. –
Si han nei, vis han vei
– du, min datter Olea. –
3. Andre friar er kommet
Hvor mange penger haver han
4. Å, tusen på tusen
Si han nei, vis han vei
5. Tredje friar er kommet
Hvor mange penger haver han
6. Å, hundrade tusen
Slipp han inn, slipp han inn
7. Hvor skal friaren sitte
I en stol ved ditt bord
8. Hva skal friaren ete
Steikt flesk, smør og egg
9. Hvor skal friaren få liggje
I din seng, på din arm
10. Skal eg ha tå meg serken
Ja, serk om du vil
11. Men eg kunne få barn
Ja, gjerne to
12. Jamen, magen kunne sprekka
Rått skinn gjever tøyg

*

Strofene er ikkje nummererte hjå Lystrup.

Mellomomkvedet vekslar mellom «mor lilla hau, hau» og «sier han at han

har».

TSB F 7 Korleis vil du føde meg

Innleiing

Ein ung mann og ei ung kvinne talar saman, dei forhandlar om ekteskap. Ho spør korleis han skal kunne greie å fø henne når dei vel er blitt gifte, og han svarar etter beste evne. Han kan til dømes vere fiskar, seier han. Men kva om fisken ikkje vil bite? seier ho. Då kan han vere møllar, svarar han. Ein annan utveg er å arbeide som gullsmed, og dersom det ikkje skulle lukkast, kan han vere skomakar. Men kva om skorne blir for små? innvender ho. Då vil han vere styrmann og sigle på bølgiene blå, svarar han. Slik held samtalen fram, men til slutt blir den unge mannen lei av alt maset og ber henne ryke og reise.

Det finst berre to tekstvariantar av denne balladen. Den eine skreiv Lindeman opp – med melodi – sommaren 1848–49 etter Andris Vang frå Valdres. Han var ein av Lindemans beste songarar og kunne viser og melodiar av mange slag (Gaukstad 1997: 19–23, 440–441, Ressem 2015: 19–20). Den andre varianten står i ei handskriven visesamling som Hans Ross har ått, og som Sophus Bugge seinare overtok. Bugge har notert at visesamlinga har tilhøyrt ein Torgrim Knudsen, og at han har skrive inn ei vise i boka i 1807. Varianten har egdske målmerke, og Torgrim Knudsen (1779–1855) var då også frå Vest-Agder, gardbrukar på Lindefjell i Fjotland (Jerstad & Veggeland 1979: 103, 561).

«Korleis vil du føde meg» finst over heile Norden. Den eldste varianten er dansk og står i Svanings handskrift frå siste del av 1500-talet (Grüner Nielsen 1927–1928: 73–76). På svensk finst det berre éin variant, frå 1810-talet:

Jungfrun och Ungersvän de sutto bort å glamme
Å huru vill Du föda mig när vi komma te samme?
– Med äran så skall jag föda dig. –

Å huru vill Du föda mig då bonden har'nte korn?
Då ska ja bli en vallherde å blåsa väl i horn
(SMB 5:1: 195).

Det er mogleg at det har funnest ein særskild vest-nordisk tradisjon når det gjeld denne visa, noko Vésteinn Ólason drøfter, men dei norske tekstane står ikkje dei islandske og færøyske variantane så nær at det kan avgjerast sikkert (Vésteinn Ólason 1982: 396).

Som skjemteballade gjer «Korleis vil du føde meg» bruk av ein utbreidd teknikk i komisk diktning. Det er krangelen, skjenne-samtalen eller ord-duellen som utgjer kjernen i visa. Poenget for dei to duellantane er å vere mest mogleg kjapp i replikken og stille motstandaren til veggs, noko vi kjenner igjen frå skjemteeventyr og andre komiske forteljingar. I tillegg dreier visa seg om eit favoritt-emne i skjemteballaden, det å bli gift. Det er det store målet for alle unge aktørar i skjemtevisene (Solberg 1993: 186–189).

Gaukstad 1997 440–441

CCF 189

IFkv 95

SMB 223

Tang Kristensen 29

Oppskrift A

TSB F 7: Korleis vil du føde meg

Oppskrift: Udatert av ukjend samlar, truleg etter Andris Vang, Valdres, Oppland.

Orig. ms.: NFS O.M. Sandvik 2, nr. 3, 1–2.

Oppgjeven tittel: Riddar-Visa

*

1. Ein deilig Riddar han fandt sig en Møe,
dei tala somykjy taa Gamen.
Hun sagde; hvad vil Du føde mig med,
om vi skuldø koma tesamøn?
– Med Æren, saa vil jeg føde Dig. –
2. Før ha e no vøre i Orlog o Kri,

mit Svær e vistø o brukø;
men no vil e leva i Roe mæ de,
om du me inkji vil svikji.

3. Hvormed vil Du da føde mig?
Du haver ei Jord til at bruge,
Dit rusta Svær ei skaffer os Brød,
dæ kan ei din Fiende trjugø.

4. Hvormed vil du da føde mig?
med mig vil Du leva i Roe?
Oe vil bli ein Træskarmand
o træskji Bondens Kon.

5. Hvormed vil du føde mig,
naar Bonden ei Træsker vil have?
Daa vil e bli ein Fiskar god
og fiskø dig Fiskøn i Flod.

6. Hvormed vil du føde mig,
naar Fiskøn ikke vil bide?
Daa vil e bli ein Møllar god,
o mala Mjølø dæ kvitø.

7. Hvormed vil Du føde mig,
naar Ingen hos Dig maler Korn?
Daa vil e bli ein Hyrdar god,
og blæse i mit Horn.

8. Hvormed vil Du føde mig?
Du haver jo ikke Qvæg?
Daa vil e bli ein Pøttømakar
o gjera Pøtto taa Leir.

9. Hvormed vil Du føde mig,
naar Leirø begynder at frjøsø?
Daa vil e bli ein Gulsme fin,
o arbeio Gullø dæ ljøsø.

10. Hvormed vil du føde mig,
naar ingen ~~dit Guld~~ vil kjøbe dit Gull?
Daa vil e bli ein Hattemager
o gjera Hatter af Ull.

11. Hvormed vil du føde mig,
naar Ingen Hatter vil kjøbe?
Da vil jeg tage dig Haand i Haand,
og hele Landet omløbe.

12. Hvormed vil Du føde mig,
om man os ei Mad vil give?
Daa vil e gjeva de Gud i Vold,
selv reise om Landet vide.

13. Jeg hører Du kan ikke føde mig,
min Haand tager jeg tilbage.
Faaer jeg ikke Brød, jeg finder vel Død:
mig skal du ikke bedrage:
– Dog troer jeg Herren han føder mig. –

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

NFS O.M. Sandvik 2 er ei samling med oppskrifter som har kome frå samlingane til L.M. Lindeman. Melodioppskrifta i NB Mus ms 6850, nr. 28, etter Andris Vang, har identisk tekst med første strofa her, og oppskrifta er såleis truleg etter Andris, og kanskje også av han.

Oppskrift B

TSB F 7: Korleis vil du føde meg

Oppskrift: Udatert avskrift av Sophus Bugge etter udatert visesamling av ukjent opphav i eige hjå Hans Ross.

Orig. ms.: NFS S. Bugge VI, 147–148.

Ingen oppgjeven tittel.

*

8. Kaase vil du naa føa mæg
naar møssa bli ikke fin,
saa vil æg væra en lensmand
aa stevna dei bønnen te tings.

9. Kaase vil du naa føa mæg
naar bøn^{k1} vil ikke te tings
saa vil æg taga mi kluba paa hør
før bonnan aa banka leir.

10. Kaase [vil du naa føa mæg]
naar leyryn tæge til at frosa
saa vil æg væra en gulsméd
aa smia gulle dæ josa.

11. Kaase [vil du naa fœa mæg]
naar gulle vil ikke gloe
saa vil æg væra en skomager
for bœnan aa sømma skoe.

12. Kaase [vil du naa fœa mæg]
naar skonan bli for smaa
[saa]ⁿ⁶ vil æg væra en styreman
aa seila paa bølgen blaa.

13. Kaase [vil du naa fœa mæg]
naar bølgen bli for blaa
saa vil æg væra en krombudreng
for bœnnan aa sela krom.

14. Kaase [vil du naa fœa mæg]
naar bœnan vil ikke kuppa
saa vil æg ta min pose på hør
aa runnan om lannan lupa.

15. Kaase [vil du naa fœa mæg]
naar paasin bli for tung
saa vil æg leia en liden dreng
te bera baa paase aa pung.

16. Kaase [vil du naa fœa mæg]
naar drengen orkakie ganga
saa vil æg giva dig svensken i vol
saa hæ eg kie meer mæ dæg aa fana^{k2}.

*

Strofene er nummererte frå 8 til 16 i oppskrifta. Det ser ut til å mangle sju strofer.

Bugge skriv over første strofa: (i haandskreven Visesamling fra laant af Ross).

Etter siste strofa skriv han: [Umiddelbart herefter, men efter Blækket at dømme, snarere til følgende Vise ^{O Adams Børn}): Denne Vise udskrevet af mig Torgrim Knudsen A^o 1807.]

Former som «kaase», «hør», «skonan» og «krom» peiker mot ei heimfesting til indre Vest-Agder.

TSB F 8 Fusentass

Innleiing

Fusentass kjem ridande til kongsgarden. Han er ute på friarferd på vegner av herren sin og ber om å få kongsdottera til gifte. Kongen gjev ikkje noko klart svar, men han sender Fusentass vidare til ein annan i familien. Men heller ikkje hos denne får Fusentass utført ærendet sitt, og dette handlingsmønstret gjentek seg – heilt til Fusentass endeleg råkar kongsdottera sjølv og får ja til svar. Deretter set heile familien seg på ein diger hest, med Fusentass i spissen, og rir av garde.

Det finst minst åtte variantar av denne skjemteballaden, alle frå Telemark. Eldst er ei oppskrift som Olea Crøger gjorde i 1840-åra, etter ei ukjend songar, truleg frå Aust-Telemark. Ein av dei fyldigaste variantane skreiv Torleiv Hannaas opp i 1914 etter Gjermund Gunnarsson Veum (1842–1924) frå Fyresdal. Gjermund Gunnarsson kunne åtte balladar, og han lærte dei fleste av mor si. Han emigrerte til Amerika to gonger, men han kom attende begge gongene (Jonsson & Solberg 2011: 594–595).

«Fusentass» finst også på islandsk og svensk. Etter talet på variantar å døme har den vore populær i begge land på 1800-talet. «Fusentass» har ramse- og aukepreg og er formelt noko ulik dei fleste balladar. Strofene byggjer på seg og blir stadig lengre ved at nye språkledd blir lagde til. Visa parodierer høgtidssame riddarballadar og dikting på høgt nivå i det heile. Men parodien gjeld også manglande evne til å ta avgjerd reint allment, og minner slik om eit eventyr som «Den sjuande far i huset» (Solberg 1993: 189–191).

På islandsk heiter denne balladen «Fúsintes kvæði». Dei aller fleste variantane byrjar med eit nærbilete av Fusentass som kjem til gards. Han helsar på kongen, men han blir straks send vidare til dronninga – slik vi ser i følgjande strofe:

Úti í miðjum garðinum hann agslar sín skinn, hann Fúsintes,

þá gekk hann í höllina inn fyrir konginn Kes:
Heilir og sæilir kongrinn Kes!
Skafala (Safala) kongrinn sendi yður orð og góðar gáfur,
hann vill yðar dóttur fá og frú skal kaupa fríða.
Hafið þér sagt móðurinni til, henni Gunnhildes?
Svo skal gjört, kvað han Fúsentes
(IFkv VIII: 19).

Bugge 8 a, s. 22–24

IFkv VIII: 17–61

SMB 224

Oppskrift A

TSB F 8: Fusentass

Oppskrift: 1840-ára av Olea Crøger etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig. ms.: NFS M.B. Landstad 3, 97–98

Oppgjeven tittel: Fusentas Frieri

*

Fusentas kaam sæg rians i gaar
Konge Lighei han ute staar
Mæ Husband falsk
Mæ blian Æt
Aa goan Tala
Maa æg Di Daatter te Hustru hava
Dæ lyt Du sporja ho ⁿ⁷ Konge Lighei Romberihe
henas Moer at
Æg skaa saa gjera san Fusentas

Fuse[n]tas [kaam sæg rians i gaar]
Aa Romberighei ho ute staar
mæ Husband [falsk]
[Mæ blian Æt]
[Aa goan Tala]
[Maa æg Di Daatter te Hustru hava]
Dæ lyt Du spørjaa han Broeke los
hendes Broer at
æg skaa saa gjæra san Fusentas

*

[Fusentas kaam sæg rians i gaar]

Broekelos han ute staar
[Mæ Husband falsk]
[Mæ blian Æt]
[Aa goan Tala]
[Maa æg Di Syster te Hustru hava]
Dæ lyt Du spørre ho Hipelihil
henars Syster at.
[Æg skaa saa gjera san Fusentas]

[Fusentas kaam sæg rians i gaar]
[Hipelihil ho ute staar]
[Mæ Husband falsk]
[Mæ blian Æt]
[Aa goan Tala]
[Maa æg Di Syster te Hustru hava]
Dæ lyt Du s[p]orjaa ho Berbro sjov
[Æg skaa saa gjera san Fusentas]

*

[Fusentas kaam sæg rians i gaar]
[Barbro sjov ho ute staar]
[Mæ Husband falsk]
[Mæ blian Æt]
[Aa goan Tala]
maa æg naa Dæg te Hustru hava
Dæ lyt Du sporjaa han Konge Lighei
min Faer at.
æg har saa gjor san Fusentas

aa de lyt Du sporjaa ho Romberihei
mi Moer at
æg hæv saa gjort san F[usentas]

aa de lyt Du sporjaa han Broekeløs
min Broer at
æg [hæv saa gjort san Fusentas]

aa de lyt Du spørjaa ho Hippelihil
mi Syster at
æg hæve [saa gjort san Fusentas]

Saa tok de fram ei skabbute Høs
Der sætte dei paa han konge Likehei. –
og alle indtil Ende.

Der sætte dei opo hon Barbro sjov,
som Brur skal vera imorgo.

Oppskrift B

TSB F 8: Fusentass

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Targjei Ånundsson Lurås/Veamyrane, Vrådal, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXLIX, 49–51

Oppgjeven tittel: Fusentas

*

1. Russi aa Fussi dei sat ivi bor
dei tala só mange dei skjemtende or
Høyre du Fussi hòtt eg sei ti deg,
Vi' du av aa beile fe meg.
– Ja, ska eg, sa Fusentàs. –

2. Eg helsar deg du Rom^meliring alt yvi ditt bor,
ongaste Rusi hev sendt deg or aa beder om svar
han vil' din datter ti hustru ha.
Ja, de lyt du spørje henas moder om fru Romeniring.
– Sò lyt eg dit sa Fusentàs. –

3. Eg helsar deg fru Romeniring alt yve ditt bor,
ongaste Rusi hev sendt deg or aa beder om svar
han vil din datter ti hustru ha.
Ja de lyt du spørj' hennes broder om, Bjønn Brokelous
– Sò lyt eg dit, sa F[usentàs]. –

4. Eg helsar deg Bj[ønn] B[rokelaus] alt yve ditt [bor]
ongaste [Rusi hev sendt deg or aa beder om svar]
han vil [din søster ti hustru ha.]
Ja de lyt du spørje min søster om ho Barbro^{v3} Svik^{v4}
– Sò lyt eg dit, sa F[usentàs]. –

5. Eg helsar deg du B[arbro] Svik alt yve [ditt bor,]
[ongaste Rusi hev sendt deg or aa beder om svar]
[han vil deg ti hustru ha.]
Je de lyt spørje min fader om han Rommeniring
– Eg hev vòri der, sa F[usentàs]. –

6. Sò sala dei ut sin graaskjimplute jalk sju alne^{v5} lang.
Sò sette seg paa han Romeniring
sò sette seg paa fru [Romeniring]

aa [sette seg paa Bjønn] Brokelòus
sò [sette seg paa] han Fusentás
aa sò sett' 'o seg paa ho barbro Svìk
som brurì va'.

*

Etter oppskrifta står: (Tone) og (Etter mori)

Oppskrift C

TSB F 8: Fusentass

Oppskrift: 1914 av Torleiv Hannaas etter Gjermund Gunnarson Veum,
Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: (NFS-kopi av) EFA T. Hannaas 396, 19–21

Oppgjeven tittel: Russi o Fussi

*

1 [Russi o Fussi] dei sat yvi bor
dei tala so mange dei skjemtande or:
«Høyre de F[ussi]hot eg sei ti deg
vil du av o beile for meg?»
– «Ja ska eg», sa Fussen-tás –

2 Eg helsar de du Romen-i-ring alt yve ditt bor
Ungaste Rusi hev sent deg or o beder om svar
Han vil din datter ti hustru ha'
«Ja de lyt du spyrje hennas moder um fru Romen-i-ring»
– «So lyt eg dit» sa Fusen-tás –

3 Eg helsar de fru Romen-i-ring alt yvi ditt bor
Ungaste Rusi hev sent deg or o beder um svar
Han vil din datter til hustru ha
«Ja de lyt su spyrje hennas broder um Bjønn brokelaus»
– «So lyt eg dit», sa Fusen-tás –

4 Eg helsar deg Bjønn brokelaus alt yvi ditt bor
Ungaste Rusi hev sent deg or beder um svar
Han vil din søster ti hustru ha
«Ja de lyt du spyrje min søster um ho Barbrå-svikk»
– «So lyt eg dit» sa Fusen-tás –

5 Eg helsar deg du Barbrå Svikk alt yvi ditt bor
Ungaste Rusi hev sent deg or o beder um svar

Han vil deg so gjerne til hustru ha
«Ja de lyt du spyrje min fader om, han Rómen-i-ring»
– «Eg he vor' der», sa Fussen-tás –

So sala dei ut ein gråskjimlette jallk sju alnir lang
so sette seg på han Romen-i-ring
so [sette seg på] fru Romen-i-ring
so [sette seg på] Bjønn brokelaus
so [sette seg på] han Fussen-tás
so [sette seg på] ho Barbrå Svikk
som bruri va'

TSB F 9 Kjerringa og hoffmannen

Innleiing

Ein hoffmann er ute og rir og møter tilfeldigvis ei kjerring som står og sagnar ved. Han ber om å få dotter hennar til kone, men kjerringa bannar på at noko slikt aldri skal skje, jamvel om ho har fleire døtrer! Kjerringa blir så oppøst over framlegget at ho kastar øksa etter hoffmannen og jagar han føre seg over stokk og stein. Den ville ferda stansar ikkje før hoffmannen bergar livet ved å krype inn i vomma på ei nyslakta merr. Då først kjenner han seg trygg for den illsinte kjerringa. «Kjerringa og hoffmannen» presenterer to diametralt ulike aktørar for oss. Normalt er det sjølvsgat hoffmannen som er den mektigaste og viktigaste, men balladen snur opp ned på all logikk og realisme og let den gamle kjerringa bli sigerherre både i ord og handling. Komikken ligg særleg i degraderinga av hoffmannen til eit lågt og dyrisk nivå, slik han blir når han hamnar i ei merrevom. Teknikken er såkalla grotesk realisme, den antatt overlegne aktøren blir utskjelt og latterleggjord på verst tenkjeleg vis (Solberg 1993: 191–194).

Det finst fire variantar av denne skjemteballaden, to frå Hardanger, ein frå Sunnmøre og ein frå Telemark. Den mest innhaldsrike er ein tekst i Ivar Aasens samlingar som Bernt Støylen skreiv opp etter Kari Olsdotter Bakkja/Kvamsbakke (1818–1893) frå Sande på Sunnmøre. Ho var

gardmannskone, gift med Gullik Danielsson Hatlebrekke (Solberg 1993: 194).

«Kjerringa og hoffmannen» finst også på dansk i nyare tradisjon og med tilsvarande handling. Ein variant frå Vendsyssel på Nord-Jylland byrjar slik:

Vor Hovmand kom atter ridendes i Gaard,
der stod den Kjælling og børsted hendes Haar.
Den Kjælling lærte Hovmand at dandse.

«Goddag, min kjære Kone baade faver og fin!
maa jeg faa eders Datter til Ægtehustru min?»

«Nu haver jeg sagt dig to Gange nej,
gid Fanden han skal føre dig af Vej!»
(Grundtvig: *Gamle danske Minder* III: 56–57).

NFS S. Bugge II, 106

Grundtvig: *Gamle danske Minder* III, nr. 26

Oppskrift A

TSB F 9: Kjerringa og hoffmannen

Oppskrift: 1847 av Jørgen Moe etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig. ms.: NFS J. Moe 7, 73–74

Ingen oppgjeven tittel

*

1. Der kom en Hovmand rianes i Gaard
der sto ei Kjæring aa slagta ei Faar.
– den Kjærring lærer Hovmand te dansa –
2. «Aa stænde du her du Kjæring <...> i Fre!
Har du inga Datter te gjeva me?»
3. Aa æg hæve Døttuna ei elle tvaau,
der ska inga komma te Hovman a Baau.
4. Aa æg hæve Døttuna fira aa fem
de ska inga komma te Hovmands Hj^{em}[n8](#).
5. den Hovman<...> rei øve Bjørkeriis
aa Kjæringa banka paa Fantaviis.
6. Aa Hovmand rei øvi Bjerkerot
Kjæringa sto atte me halto Fot

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

*Reinskrift av Sophus Bugge: NFS S. Bugge III, 76. Reinskrifta har
overskrift: Hovmannen aa Kjeringji. I. Under overskrifta står: (J. Moe fra
Hardanger.) og (II, 106.*

Oppskrift B

TSB F 9: Kjerringa og hoffmannen

Oppskrift: Udatert av Sophus Bugge etter Dagne Ånundsdotter Lid, Vrådal,
Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge II, 106 (reinskrift)

Oppgjeven tittel: Hommannen å Kjeringji. II.

*

1. Kjeringji sat hó molka sí Kyr,
atte^{v6} kom Hommannen ríandes påný.
– For dæn Kjering lærde Hommannen danse. –
2. Hommannen sprang ivi Mýr ivi Mosi
ette kom Kjeringji på ranlutte^{v7} Hoser^{v8}.
3. Då dei kom dær burt í eitt Kjerr,
dær låg tvo Bøndar å fládde på ei Merr.
4. «Kjære mine Bønder, I vík av Vei,
hær kjem ei Kjering, bå gali å vrei.»
5. Bøndanne dei av på Skógjen fór,
Hommannen av inn í Marafúi krók.
6. Sæle våre dei Bøndanne, som Marinne fló,
no hev eg komi í dæn evige Ro.
7. Sæle våre dei Bøndanne, som Merri førde hit,
no hev eg komi í Paradís.

*

Strofene er nummererte av samlaren.

Under overskrifta står: (meddelt af Dagne Li.) og (II, 676.

Oppskrift C

TSB F 9: Kjerringa og hoffmannen

Oppskrift: 1882 av Bernt Støylen etter Kari Olsdotter Bakkja/Kvamsbakke, Sande, Sunnmøre.

Orig. ms.: NFS I. Aasen 3, 15.

Oppgjeven tittel: Haamann-Visa.

*

1. Haamannen han reid fe attaat eit Lid,
der sto dæ ei Kjæring aa sagde Vid.
– Den Kjæring lærde Haamannen danse. –
2. Aa høire du Kjæring, hva æ siger dæ,
du have ei Døtte, henne give du mæ.
3. Aa Døttrinne hav' e baad' ei aa tvo,
men aldri skal dei kome i Haamanns sitt Bo.
4. Aa Døttrinne hav' e baade tvo aa tre,
men aldri skal dei kome fyra Haamanns Hus.
5. Aa Døttrinne hav' e baade tre aa fire,
men aldri skal dei faa noka Haamann-Heim.
6. Av Døttrinne hav' e baade fire aa fem,
men aldri skaal Haamann faa noka ta dem.
7. Aa Kjæringja kasta Bilaa i Haamanns Skjegg,
ho stansa 'kje førr i den breie Vegg.
8. Haamannen han reid sæ over Dy, over Mose,
aa ette lakka Kjæringja i skerig ette Hose.
9. Haamannen han reid se aat Bjørke-Kjærr,
det stod tvo Juta aa slo paa ei Merr.
10. Væl vera dokke Juta, aa slepp me inn her,
aa lat me faa bu uti denne Merr
11. Aa Kjæringja sagde ein Mara-Guld,
aa Haamannen atta'-i Tindera Jul.
12. Væl vere dokke Jutar, i Bjørkerot,
aa no er e komin i den evige Ro.
13. Væl vere dokke Juta i Bjørkeris,
no er æ komin i Paradis.

Strofene er nummererte av samlaren.

TSB F 11 Lagje og Jon

Innleiing

Herr Lagje, som tener i kongens gard, lagar i stand til bryllaup og ber inn alle grannane sine, bortsett frå herr Jon. Men Jon salar gangaren og rir ubeden til bryllaupsgarden. Alle gjestene ovundrar den vakre brura, men dei legg merke til at ho ikkje vil leggje seg med brudgomen. Når ho så endeleg, stupande trøytt, blir førd inn i brurehuset, følgjer Jon med og legg seg med brura. Lagje blir rasande, men Jon berre føyser han frå seg. Då går Lagje til kongen og klagar på Jons framferd. Kongen seier at sidan dei begge vil ha brura, får dei slåst om henne. Striden endar med at Jon slår Lagje i hel, og brura har ingen ting imot det:

Fru Inger stoe oppaa høyen Sal,
Aa skratta aa loe;
Nu ha æg int sjet større Gomma [gaman, moro] i Dag,
Han vandt han Herr Joe.
(Klüwer [1823] 1960: 150).

Det finst bortimot tretti variantar av denne skjemteballaden, frå mange delar av landet. Eldst, frå 1760-åra, er ei ufullstendig oppskrift som står i ei handskriven visebok frå Sunnhordland (Solberg 1993: 194–195). To trøndske og langt meir heilslege viseformer er skrivne opp tidleg på 1800-talet, den eine er frå Verdal ved presten Drejer, den andre ved offiseren og antikvaren Lorentz Diderik Klüwer (1790–1825) etter – som han skriv – «Ingrid Kongsvold paa Dovrefjeld» (Klüwer [1823] 1960: 138). Klüwers tekst vart trykt i Landstads *Norske Folkeviser*, i Landstads etymologiske språkform (Landstad [1853] 1968: 656–661). Songaren som Klüwer nemner, er Ingrid Toresdotter Kongsvoll

(1794–1872), dotter til vertshushaldaren på fjellstova Kongsvoll i Drivdalen, der Klüwer truleg har vore gjest. Elles er det verdt å merke seg at vi har uvanleg mange melodioppskrifter av «Lagje og Jon». Lindeman skreiv opp denne visa både i Telemark og andre fylke.

Vidare er «Lagje og Jon» oppskrivne i store delar av Norden. Danske variantar går attende til 1600-talet, og Peder Syv trykte ein tekst i viseboka si (1695). Axel Olrik meiner at «Visen har sit Hjemstavn i Danmark» (DgF VII: 54), men det er ikkje Peder Syvs tekst som ligg til grunn for dei to trøndske oppskriftene. Derimot byggjer oppskrifta frå Sunnhordland på Syvs visetekst. På svensk finst det ei mengd tekst- og melodivariantar, frå 1650-talet og inn på 1900-talet. Dei islandske formene av «Lagje og Jon» er utvilsamt avleidde av danske førebilete, skriv Vésteinn Ólason (Vésteinn Ólason 1982: 351–355).

I struktur og handling minner «Lagje og Jon» ikkje lite om trekant-viser med tragisk eller alvorleg innhald, som «Falkvor Lommannsson» og «Ebbe Skammelson». Men framstillingsteknikken, deriblant omkvedet, gjer det tydeleg at vi har å gjere med ein skjemteballade. I siste del av omkvedet – fjerde lina – kommenterer Jon fortløpande handlinga på underfundig og ironisk vis, som når brura ikkje vil til køys med han som brudgom skal vere:

De dansa i Daga, de dansa i toe,
Som de va nu von',
Aa inte vil Brura aad Sængja sæg ho,
Sit oppe, sa 'n Joe.
Aa om de ska koste mæg røden Guld, jeg følger sa 'n Jon
(Klüwer [1823] 1960: 143).

Å tape i kampen om ei vakker jomfru kan framstillast komisk, ved at den som skal ha jenta, viser seg å vere for veik. Det er dette som skjer med Lagje. Han meiner å ha kontroll med situasjonen når han ikkje ber Jon til bryllaupet, men blir latterleggjort og degradert når utfordraren tek hans plass i bruresenga, og slengjer han til side som ein dott. Til og med døden blir komisk i ein slik samanheng (Solberg 1993: 194–198).

Utsyn 110

DgF 390

IFkv 70

Oppskrift A

TSB F 11: Lagje og Jon

Oppskrift: (Just Bings avskrift frå 1908 etter ei visefugge frå Strandvik, Hordaland, datert til) 1760-åra av ukjend samlar etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig. ms.: NFS M. Moe 78, nr. 13.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Her Lave skulle til brylops bioa
– Det er en vel^{v9} von –
Her ion han lader sin hestar skoa
ieg skor sagde ion
– I^{v10} vinder gielman^{v11} af Røde guld det følger hand ion. –
2. Dei drucke da brølop i dagene toe
Icke vilde bruro til sengiar gaa
lad sicka^{k3} sagde ion
3. Den treye dagen Mod qvelde
Dey toge den bruro med velde
lad tagas sagde ion
4. Dey lede dan bruro I brur hus
fruer og møer dei barre vel vox lius
bær høyt sagde ion
5. Dey sette dan bruro i brura stol
fruer og Møer dey droge taa skoe
Drag snart sagde ion.
6. Dey sætte dan bruro paa sengga stock
fruer og Møer dey droge taa sock
Drag snart sagde Jon
7. Dey lagde dan bruro Med stocken nee
Her Jon han springer ad veggen ieg^{k4}
ieg liger, sagde Jon
8. Der kom bud for her lave ind
En anden saaver hos bruden din

det er ieg sagde Jon

9. Der kom bud for Her Lave

*

Strofene er nummererte i avskrifta.

Avskrifta står på baksida av eit brev til Moltke Moe, datert 22. februar 1908:

Kjære hr. professor.

I et hskr (fugge) fra 1760 erne fra Strandvik, som jeg fik indlaant for et par dage siden, fandt jeg denne stump av visen om Hr Lage og hr Jon. – de følgende blader var desværre utrevet. Da teksten hverken stemmer med Landstad 659 eller P. Syv 625, sender jeg Dem den i avskrift, fordi den kanskje kan ha sin interesse. Det foresvæver mig, at jeg har læst etsteds en meget nærstaaende tekst av visen, mulig i svenske samlinger. Men teksten i den er efter sproget at dømme oprindelig dansk. Dersom den har nogen interesse, skulde det glæde mig at faa vite derom.

Med de bedste hilsener

Deres ærbødige

Just Bing

Oppskrift B

TSB F 11: Lagje og Jon

Oppskrift: Føre 1814 av Rasmus Parelius Drejer etter ukjend songar, ukjend stad. Gunnar Pedersen: «Lagje og Jo» I: *Årbok for 1950*, Verdal historielag, 1950, 84–88.

Oppgjeven tittel: Lagje og Jo

*

1. Herr Lagje tjena i Kongjens Gaal

– Som de va no von –

I 13 Maana å derte ejt Aar.

Tjen trut no! sa 'n Jo.

– Aa om de ska koste mæk røden Gull!

Æk følgje me! sa 'n Jo.–

2. Hr. Lagje han brygga aa blainna no Viin
Aa ba saa alle sin' Grainna te sæk
Forutan han Jo.

– Æk binne op Hjelm me røden Gull,
Æk følgje me! sa 'n Jo. –

3. Hr. Jo han sala sin Ganger graa,
Aa reste saa dit, kor Brøllope sto.
No kjæm æk! sa 'n Jo.

4. Saa lejdde dem Brura paa Kjerkje-Gaal,
Me sølvblomma Klæer aa utslagen Haar.
Du e lækker! sa 'n Jo.

5. Saa lejdde dem Brura for Altere fram,
Henner Schønhet beundra baade Qvinne aa Maind.
Tykkjes Dok om hu! sa 'n Jo.

6. Hr. Lagje han kasta si Kappe i Bænk
Aa bar saa frem aat dem, qvar sin Schiænk.
Bær for mæk me! sa 'n Jo.

7. Dem dansa i Daga, dem dansa i to,
Aa int' villa Brura aat Senga sæk tee.
sit oppe! sa 'n Jo.

8. Dem dansa i Daga, dem dansa i fiir,
Aa saa villa Brura aat Senga sæk tee.
Du bli trøit no! sa 'n Jo.

9. Saa lejdde dem Brura i Brurehuus,
Me 13 Sølvstakar og tæinte Voxlys.
God Aften! sa 'n Jo.

10. Så satte dem Brura paa Sengestok,
Aa klæde taa heinne baa' Sko aa Sok.
Klæ taa mæk me! sa 'n Jo.

11. Saa la' dem Brura i Senga ne,
Hr. Jo han la sæk saa vakkert bræid me.
No lig æk! sa 'n Jo.

12. Det første Bu te Hr. Lagje kom:
Der lig en Andan hos Brura di!
De' e æk, sa 'n Jo.

13. Det andra drog ind; da Hr. Lagje kom,
Hr. Lagje han røna aa blekna i Kind.
Faaer du ondt! sa 'n Jo.

14. Hr. Lagje han pikka sin Tolkniv i Bool;
O Herre Gud giv mæk eit godt Taalmod!
Ja, mæk me! sa 'n Jo.

15. Hr. Lagje fram aaver Boole sprang,
Saa Ølet aa Mjøen i Golve ran.
Fær vakkert no! sa 'n Jo.

16. I Vreja Hr. Lagje to fat på sit Svæl
No vil æk ret haugga han Jo ihjæl!
De e ovist de! sa'n Jo.

17. Hr. Jo tok Lagje, kasta bakom ein Væg,
Saa Flua aa Dyra forgyllte hans Skiæg
Lig der du! sa 'n Jo.

18. Hr. Lagje han banka paa blaamaala Dør:
Stat op, Brura mi, tæk Laase ifraa!
Hu søv no! sa 'n Jo.

*

Strofene er nummererte i utgåva.

Rasmus Parelius Drejer var prost i Verdal. Drejer sendte inn denne viseteksten til Nyerup i samband med Abrahamson, Nyerup og Rabeks «Udvalgte Danske Viser fra Middelalderen»

Vi har ikkje hatt tilgang til originalmanuskriptet i København (Københavns Universitetsbibliotek Add. 65 4to, Nyerups papirer), og vi har ikkje funne avskriftene som skal finnast i Norsk Folkeminnesamling. Teksten er difor teken etter Gunnar Pedersens artikkel frå 1950.

Oppskrift C

TSB F 11: Lagje og Jon

Oppskrift: Føre 1818 av Lorentz Diderich Klüwer etter Ingrid Toresdotter Kongsvoll, Oppdal, Sør-Trøndelag.

Orig. ms.: NTNU UB Gunnerus XA Fol. 194, nr. 34b, 117–122.

Ingen oppgjeven tittel. [n9](#)

*

1. Han Lage tjente i Kongens Gaard,

– Som de va nu von', –
i tretten Maana aa der te et Aar,
Tjen trudd no sa'n Joe
– Aa om de ska koste mæg røden Guld, jeg følger, sa'n Joe. –

2. Han Lage brygga aa blanna me Viin,
Aa ba saa alle Grannanne sin
Førudan han Jo,

3. Saa leidde de Brura ipaa Kirkegaar,
Med sølvstukne Klæa aa udsljet Haar,
Du e lækker, sa'n Jo.

4. Saa leidde de Brura for Altre fram
Hendes Skjønhed beundra baae Qvinde aa Mann,
Tykk' I om ho, sa'n Joe.

5. Han Lage kasta si Kappe i Bænk
Aa bar saa fram aad dem kvarsin Skjenk,
Skjenk mæg me, sa'n Joe

6. De dansa i Daga, de dansa i toe,
Aa inte vil Brura aad Sængja sæg ho,
Sit oppe, sa'n Joe

7. De dansa i Dage de dansa i tre,
Aa saa^{v12} ville Brura ad^{v13} Sængja sæg tee,
Du bli trøt no, sa'n Joe.

8. Saa leidde de Brura i Brurehuus
Me tretten Sølvstager og tændte Voxlius,
Go Qvællom, sa'n Joe.

9. Saa satte de Brura paa Sængestok
Aa klædde saa taa A baa Skoe aa Sok
Klæ taa mæg me! sa'n Joe

10. Saa lae de Brura i Sænga ne,
Han Joe han lae sæg saa vakkert breid me;
Nu lig Æg, sa'n Joe

11. De^{v14} første Bud indtil Lage kom
Der lig en Anden hos Brura di,
«De e mæg» sa'n Joe.

12. Da anner Bue til Lage kom,
Saa monne han raune aa bleigne i Kin,
Fe du ondt n̄ u'lo, sa'n Joe

13. Han Lage banka paa blaamaala Dør,

Stad op mi Brur ta Laase ifør,

Ho søv n̄t ūto^{v15}, sa'n Joe

14. Han Lage pikka Taalkniv ti Bor
«Aa Herregu gi mæg eit godt Taalmo»!
«Ja mæg me»! sa'n Joe.

15. Aa Lagt ēti fram over Bore sprang,
Saa Øl-Mjø ud over Bænkan^{v16} ran
«Far makkje» sa'n Joe.

16. Han Joe toe han Lagi aa kasta me Væg,
Saa Flugu aa Dyra færgjyldte hans Skjæg
«Lig der du»! sa'n Joe.

17. «Ska æg nøyas aa bie te Dagen bli jus,
Saa lyt æg ret gaee op te Konningens Huus» —
«Æg bli me»! sa'n Joe

18. «Allernaadigste Konning! udmiukast þj̄tt ētæg beer,
Alt om aa legge en Klage her ner»! —
«Sej sandt n̄t ūto^{v17}»! — sa'n Joe

19. «De smærter mæg meire ænd Dødspiileskud,
At Joe har lagt hos mi unge Brur»
«Ja gjor æg saa», sa'n Joe

20. «Aa ette I Begge har hende saa kjær,
Saa faar I takas me tvekjæfta Svær
«Ha Tak no»! sa'n Joe

21. Den første Gang De tilsammen ree,
Saa rei han Lagt ēti sin Hæst i Knee,
Stad opad, sa'n Joe.

22. Den andre Gang de tehobes foer
Þh̄lga Lage Joe eit drabeligt Saar,
«du læs saa^{v18}»! sa'n Joe

23. Den tredje Gang de tehobes reist,
Saa slo Joe Lage, saa Bloe ran,
«Tørk taa Dæg»! sa'n Joe

24. Den fjerde Gang de tehobes rei,
Saa sloe Joe Lage dau ne paa Stein
«Du lig no»! sa'n Joe.

25. Fru Inger stoe oppaa høyen Sahl,
Nu ha æg int sjet større Gomma i Dag,
Han vandt han herr Joe

Strofene er nummererte i oppskrifta. Til kvar strofe har Klüver omsetjing til dansk.

Visa står som den andre av to viser, og om dei skriv Klüver i byrjinga (s. 114): Følgende 2^{de} Kæmpeviser har jeg af Bønderne hørt synge. Den Første hørte jeg af en Hallingdøel, 1808, i Vagten paa Aggershuus, og den Anden af Ingrid Kongsvold paa Dovrefjeld. – (Af den store Lighed med Baggesens Ridder Roe og Rap, formoder jeg at denne Vise tilforn er bekjendt). –

Etter oppskrifta (s. 122) skriv Klüver: Denne Vise maae mangle nogle Vers i Begyndelsen, da Lage alt for snart kommer fra sin Brygning, til Kirken. – Foruden det her anførte Omqvad i Slutningen af ethvert Vers, bruges ogsaa følgende: – «Jeg binder op Hjelm af røden Guld og følger, sa'n Joe –

Trykt i Norske Mindesmærker, aftegnede paa en Reise igjennem en Deel af det Nordenfjeldske, 1823, 142–150 (Christiania: Videnskabselskapet), med ein del misforståingar som har gått hardt utover ortografien. Misforståingar som kan vere tydingsskiljande er markerte her.

Oppskrift D

TSB F 11: Lagje og Jon

Oppskrift: 1848-49? av Andris Eivindsson Vang etter ukjend songar, truleg Valdres, Oppland.

Orig. ms.: NFS O.M. Sandvik 2, nr. 12, 4–6.

Oppgjeven tittel: Visø um'n Dave o'n John.

1. Vælkomin min Faer utaa Thinge!
 – I er en velbaaren. –
 Kostan Tiind føris paa Thinge fram,
 alt um'n Hr John?
 – JegE bindø up Hjelmøn taa rauastø Gul,
 o fyljy Herr John. –

2. Den Tiend føres paa Thinget mest,
 den rikø Dave han ha de fæst

o inkji han John.

3. Han Dave vil e inkji hava te Man
Han John vil e hava, han ha faat mi Hønd
dæ va ret sa'n John.

4. Han John han æ fattil g'lk, men han Dave æ rik
Han Dave ska du taka: e trjuga de te,
dæ kji vist sa'n John.

5. E faaer de væl føiø taa du æ min Faer
men e lika'n John, um'n inkji har Gar.
E kan væl faae sa'n John.

6. Dei laiddø hōna^{hona} aat Bruøhuus
Kæm ska bæra di Bruøljøs?
E ska bera dei sa'n John

7. Dei l' a'leiddø Brue aat Bruøsæng
Kæm ska løisø Bru'ns Snørliv læust.
E ska gjera dæ sa'n John.

8. Han Dave han støittø paa Døre med Spjudt
Æ'n John herinnø, so be'n kama udt.
Stat utø sa'n John

9. Om mørgon so tile so snart dæ va dag
Han Dave han vildø te Kungøn o klag'
E gaaer mæ sa'n John

10. Han Dave han jek i jønø Døre so brot
han John han lyftø paa sin Hat
Gudag sa'n John!

11. E haddø me ei ungø Bru fæst.
men han John ha søve hennø næst.
Ja dæ jordø e, sa'n John.

12. Mea de ha hona baae so kjær
so sko de brjötas um o mæ Svær.
Ja nøk sa'n John

13. Den fystø Dyst dei tesamøn rei
Johns Hest dat paa Jore ne.
Hjølpe me Gud! sa'n John.

14. Den arø Dyst dei tesamøn rei
Han Dave han rauk aat Jor'n ne.
Der liggø'n sa'n John

15. Den Jænta ho vart baadø lystig o gla,

Ho rættø o John Hønde, no æ du min Man!
Dæ æ væl Von sa'n John

16. So kaam dei tesamøn o Bryllaup dei helt
Dei dansa o drøkkø den heilø Nat
No drikkøe e sjøl sa'n John

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

*Handskriftet finst blant fleire tekstoppskrifter som har vore hjå L.M.
Lindeman.*

*Dei to første strofene og delar av førstelina av den tredje finst også med
Lindemans handskrift i NB Ms fol 2128/5, 5–6, i ei form som avvik noko
ortografisk.*

Oppskrift E

TSB F 11: Lagje og Jon

Oppskrift: 1910 av Torleiv Hannaas etter Tollei Tolleison, Tjøme, Vestfold
eller Lista, Vest-Agder.

Orig. ms.: (NFS-kopi av) EFA T. Hannaas 432, 19–21.

Oppgjeven tittel: Rideren å Jo

*

1. Vi^{v19} vare to kjemper i væra for å bo^{v20}

– Vi æ to sa 'n Jo –

Begge så elska di en og^{v21} samma mø

Går du mæ, sa 'n Jo

– Rideren får rida mæ sin røda guldsnor

Ja kom an, sa 'n Jo. –

2. Rideren han rider te den unge fagra mø

– Vil du leva å dø? –

Jo han kommer etter på gangaren grå

Kom an, sa 'n Jo.

– Rideren får rida [mæ sin røda guldsnor]

Ja [kom an, sa 'n Jo.] –

3. R: Får jei ikke lov å nyda min unga brud for dei,

– Ska vi dela 'o to, –

så vil jei gå till kongen å klaga på dei

Jei^{v22} går mæ sa 'n Jo
– Rideren [får rida mæ sin røda guldsnor]

Jei^{v23} går mæ, sa 'n Jo –

4. Så treffe di kongen alt utafor sitt slott

– der han hell^{v24} di mæ gott –

Har i noget at skjifta imens eg står her.

Ja kom an, sa 'n Jo

– Rideren får ei rida [mæ sin røda guldsnor]

Ja kom an [sa 'n Jo] –

5. De alle føsste takje som dessa^{v25} tog

– udi^{v26} verden^{v27} for å bo –

han Jon datt unna å rideren oppå^{v28}

No æ ho mi, sa 'n Jø^{då}

– Nei takje æ kje togje å venta du må
(Høyra du nå)

Kom an, sa 'n då. –

6. De andra takje som dessa tog

– udi væra for å bo –

Jon tog han David så beina dei brauts

Gjev du deg nå?

– Nei takje æ kje togje å venta du må
(Høyre du nå)

Ja kom an, sa 'n då –

7. Jo tog han David^{alt} burtafor^{v29} ein vegg

– samt i væra for å bu –

knepte ne sine bukser å gjøre^{dreid} i hans skjegg

Nå ser du ud, sa 'n Jo^{v30}

– Bruro æ mi, å tabt har du nå
nå ser ud um din snud. –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under oppskrifta står det: [Ein reisande Bjør-Ola, ikring 50 aar gl., kann heile visa. Han fer paa baat, og er stundom i Sunnhordland. Sagde Torstein Skou 29/2 1912].

TSB F 12 Guten og jenta raka høy

Innleiing

Ein gut og ei jente rakar høy på enga. Han vil liggje med henne, og ho læst som om ho er villig – men først etter at guten har utført ei rad oppgåver. Først skal han bere henne heim frå enga og inn i stova, dra av henne skorne, leggje henne i senga, dra av henne serken – og til sist gå ut av stova og stå i svala ei stund. Men då låser jenta døra og gjer narr av guten:

No ska du faa staae der mæ Sorg o mæ Skam,
før du kji smagtø paa Staike, daa du bar o fram
(Gaukstad 1997: 435–436).

Vinteren 1848–49 skreiv Lindeman opp melodi og fullstendig tekst til denne balladen, etter Andris Eivindsson Vang (1795–1877) frå Vang i Valdres (Gaukstad 1997: 435–436). Andris Vang var lærar, tradisjonsberar, folkeminnesamlar og forfattar. Elles skreiv Sophus Bugge i 1850-åra opp ein god tekstvariant etter Elen Jensdotter Rolleivstad (1793–1876) frå Skafså i Telemark. Elen var ein framstående songar og song heile 28 balladar for Bugge. Ho var gift med gardbrukaren Kjetil Bendiksson, som var bror til Gunhild Sundsli (1781–1869), ein annan Telemarks-songar i toppsjiktet (Jonsson & Solberg 2011: 544–545, 569–573). Dette viser kor mykje slekt hadde å seie for den norske balladetradisjonen på 1800-talet. Det er elles grunn til å tru at både denne og andre skjemteballadar med direkte erotisk tale er sterkt underrepresenterte i visesamlingane.

På svensk finst det mange variantar av denne balladen, som i *Sveriges Medeltida Ballader* har fått tittelen «Skära strå» (SMB 5:1: 247–263). Den eldste varianten er frå 1700-talet, jf. også *Fula visboken* 42–43 og 117. Balladen har også vore vanleg på dansk og er trykt hos Evald Tang Kristensen. Men han gjengir berre fire strofer, fordi teksten «er sådan, at den umulig kan trykkes. Det er den groveste af alle de viser, jeg kjender» (Tang Kristensen 1903: 178–179).

Child-balladen «The baffled Knight» (Child 112) har same hovudhandling som «Guten og jenta raka høy». Denne skjemtevisa fortel om ein riddar som møter ei vakker jente. Ho forsikrar riddaren om at ho er jomfru, noko han skal få

merke om han følgjer henne heim, til farens borg. Men når dei er framme, slår ho døra igjen i fjeset på han og seier at han bør ete brødet når det er varmt – jf. formuleringa i varianten etter Andres Eivindsson Vang om å smake på steika i tide.

Som i mange andre skjemteballadar går handlinga føre seg på eit lågt sosialt nivå, i bondesamfunnet. Men av dei svenske variantane går det fram at det opphavleg har vore tale om meir høgtstående aktørar. Dermed kan vi tenkje oss at balladen har nokre av røtene i hyrdepoesien, sjølv om den er totalt fri for idyll og raffinement (Solberg 1993: 198–201).

Gaukstad 435–436

SMB 227

Tang Kristensen 52

Oppskrift A

TSB F 12: Guten og jenta raka høy

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Elen Jensdotter Rolleivstad, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge h, 254–257

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. . Guten a gjenta raka høy .
guten han banna, ho va' ikkje møy.
– Hei ru, heirra, heifalderira hei ra. –
2. Kom nå fýg meg i stoga inn,
so ska' du få sjå, eg har møydomen min.
3. Gúten han gjóre seg stórt úmak
han fýgde ho i stoga å de gjore han snart.
4. Må eg nå få viljan min,
nå hev eg fýgt deg i stoga inn.
5. Slett alli so får du viljan din
for dú heve sett még í stólen ne.
6. Gúten [han gjóre seg stórt]ⁿ¹⁰ úmak
[han sette ho i stólen og de gjore han] snart.

7. Må [eg nå få viljan min,]
[nå hev eg sett dég i stólen] ne.
8. Slett [alli so får du viljan din]
for du heve trekt av meg skóene au.
9. Guten [han gjóre seg stórt] umak
[han trekte av skóene og de gjore han] snart.
10. Må [eg nå få viljan min,]
[nå hev eg trekt av] Skóene dí?
11. Slett [alli so får du viljan din]
[for du heve] sett meg i senga ne.
12. Guten [han gjóre seg stórt umak]
[han sette ho i senga ne og de gjore han snart.]
13. Må [eg nå få viljan min,]
[nå hev eg sett deg i senga ne.]
14. Slett [alli so får du viljan din]
før du heve havt av meg serkjen min.
15. Guten [han gjóre seg stórt] umak
[han trekte av serkjen og de gjore han snart.]
16. Må [eg nå få viljan min,]
[nå hev eg trekt av serkjen din?]
17. Slett [alli so får du viljan din]
før du heve stai úti svala en stund.

Guten han gjekk uti svali á sto der eit tak

18. Må [eg nå få viljan min,]
[nå hev eg stai i svala] en stund
19. Nei nå kann dú reise di heimufær,
á seie, at dú hev blí narra her.
20. De æ skikkjen i våres land
at dei smakar på steikji, før dei ber hó fram.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Oppskrift B

TSB F 12: Guten og jenta raka høy

Oppskrift: Udatert av Ludvig Mathias Lindeman etter Sigrid Thoresdatter Rumbøl, Hardanger.

Orig. ms.: NB Mus ms. 6874b:578, nr. 156

Ingen oppgjeven tittel.

*

Slet inkji so faaer du no Viljan din
før du gaar paa Døre o trast kjæmø ind
– o dæ lo ho aat
ja haa haa haa ø dæ lo ho aat. –

*

Teksten er skriven inn i notene.

TSB F 15 Det farlege natteleiet

Innleiing

Ein ungersvein ligg med ei jomfru, og den første natta nøyer han seg med «jomfrus kvite lår». Men når han den andre natta leikar «mæ dýre som håri va' på», set jomfrua ein støkk i han, for dyret har kvasse tenner, seier ho. Ungersveinen spør kor mange dette dyret har bite i hel, og får til svar at det har bite både lensmann og prest og fleire til! Då blir ungersveinen livredd og spring på dør, utan å få kleda på seg. Når han seinare møter ein kolsvart gris og ei and, trur han det er dyret som har kome laus. Til sist rømer han ut på ei øy og legg seg til å døy der.

Det finst berre tre Telemarks-variantar av «Det farlege natteleiet». Med sitt tabubelagde emne har vel ikkje denne balladen vore den første tradisjonsberarane song, når det kom framandfolk til gards. Den fyldigaste forma skreiv Sophus Bugge opp etter Bendik Ånundsson Sveigdalen frå Skafså (1780–1865). Bugge skreiv opp kring femti balladar etter Bendik, i 1856, 1857 og

1859 (Jonsson & Solberg 2011: 521–538). Balladen har aldri vore trykt i i noka ballade- eller visebok, men er analysert i Olav Solbergs doktoravhandling *Den omsnudde verda* (Solberg 1991: 229–233 og 1993: 201–204). I 1991-utgåva er dessutan varianten etter Bendik Ånundsson gjengjeven.

«Den farlege nattelega» har funnest i nyare dansk tradisjon, og Evald Tang Kristensen gjengjev fem variantar med om lag same handling som dei norske, og med varierende omskrivingar for det kvinnelege kjønnsorganet:

«Og hør, min skjøn jomfru, du nu sig mig vil,
hvor mangel at den djævel haver bidt ihjel».

«Ja, så bed den fire og så bed den fem,
og så bed den tredivede af kongens hovmænd.

Ja, så bed den degn, og så bed den præst,
så bed den en landsenér med sadel og hest»
(Kristensen 1901: 194).

Vagina dentata-motivet som balladen byggjer på, er eldgammalt og finst i folkloren i mange land og kulturar. Psykologisk kan motivet knytast til kastrasjonsangst, og balladen kan seiast å åtvare mot tilfeldige forhold. Aktiv kvinneleg seksualitet blir framstilt som direkte skremmande. At slik seksualitet går ut over upopulære representantar for styresmaktene som lensmann og prest, er ein del av komikken – det blir konstatert nærmast i forbifarten, og ikkje noko å seie på. Heller ikkje ungersveinen får noka medkjensle, han er ein stakkar, seier visa.

NFS S. Bugge a, s. 254

Tang Kristensen 55

Oppskrift A

TSB F 15: Det farlege natteleiet

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Bendik Ånundsson
Sveigdalen/Felland, Skafså, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge a, 254–257 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel.

1. Den fyste nátti, han hos' æ låg
han leika mæ jomfrús kvite lár.
2. Den are [nátti, han hos æ låg]
h[an] l[eika] mæ dýre som hári va' på.
3. Ungersvenn Ungersvenn drag hansker på hand,
dæ dyre de heve så kvass en tann.
4. Høyr du skjøn j[omfru] hott eg spyre deg,
du seie meg hoss mange dæ hev biti ihel.
5. Fyst beit ho ein <herre>mann, så beit ho en prest,
så beit hó en lænsmann frá sin hest,
6. Høyr du skj[øn] j[omfru] hott eg bee deg,
du helle dæ dýre, ti eg blí klædd.
7. Ungersvenn blei så hjarteleg rædd
han sprang utpå dynni før han blei klædd.
8. Skj[øn] j[omfru] låg atte, så gott hó ló,
her ligg att ungersvens strømper å skó.
9. Då han kom seg i ypplerís,
der møter han ein kólsvarté grís.
10. Bære kon Gud å han sante Knut!
no heve den dævelen sluppi út
11. Då han kom seg derne te strand
der kom ei ånd symjand ti land.
12. Bære 'kon Gud og sante Pær,
no æ ho ein krabbi, no krýp hó her.
13. Så reiste'n seg av på ei øy
der ville han leggje seg (~~mølgleg luggji~~) ti å døy.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Oppskrift B

TSB F 15: Det farlege natteleiet

Oppskrift: 1891 av Moltke Moe etter Hæge Vetlesdotter Bjønnemyr, Mo,
Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 27, 4–5

Oppgjeven tittel: Ei røggje

*

1. Den fyste nòtti dei saman låg,
– hå – hå –
då ville'n ikkje leike mæ dæ dyri, som håri stó på.
2. «Å ungersvend, u[ngersvend] trekk handskar på hånd,
dæ dyri dæ heve so kvass ei tønn!»
3. «Skj[øn] jomfr[u], skj[øn] j[omfru], du ville meg væl,
du seie, høssi mangge ho hev bite ihæl.»
4. «Fyste beit ho ein fut, so beit ho ein prest,
so beit ho ein lénsman ifrá sin hest.»
5. «Å skj[øn] jomfr[u], skj[øn] j[omfru], du ville meg væl,
du hell'e dæ dyri ti eg bli klædd!»
6. Å ungesvenn han blei so hjerteleg rædd,
han sprangg på dynni, fyrr han bleiv klædd.
7. Skj[øn] j[omfru] sto atte, ho leikte å ló:
«Her ligg att'æ av ungesvenn hósur å skó!»
8. «No lyt'e eg meg uppi ei bøkjetre,
hell'a blive ó da visst min dø!»
9. Å når 'en^{v31} kám seg^{v32} at hykkleri,
dér møter han^{v33} ein kòlsvart gris.
10. Den grisen han gjóre bå' grømta å grein
«Å bære meg, nò æ ó vrei!»
11. Nò lyt eg meg héra 'ne på øy,
dér lyt eg leggje meg ti å døy.»
12. Å når 'en kám seg der ne' på strand,
då kám deé ei ònd, sømmand' i land.
13. «Å hjelp meg Gud å sante Pær,
nò kjæm'e den djævelen krypandes her!»

*

Strofene er nummererte av samlaren.

Under overskrifta står: (Hæge Bj efter Jóronn <...>). Det er Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr.

Oppskrift C

TSB F 15: Det farlege natteleiet

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Guro Fossjord etter Tone Tormodsdotter Nuten, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXLV, 118

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Den fyrste naatt dei samem laag
han tok paa hennes storetaa.
2. Den andre [naatt dei samem laag]
han tok paa de dyre sò som haari va' paa.
3. Agte deg gut saa passe deg væl
de dyre hev bite sò mangein i hæl.
4. Aa Fysst beit de ein bonde, sò beit de ein prest,
sò beit de ein hóff mann av høgan hest.
5. Guten han blei no só livende rædd
han sprang paa skogjen fòr han blei klædd.
6. Guten han sprang seg utpaa ein is
der møtte han ein kòlsvart'e gris.
7. Hjelp meg ut du Sante Knut
No heve de dyre sluppe utⁿ¹¹
- ⁿ¹²8. Aa hjelpe meg ut du Sante Per
Naa kjem her ein krabbe, no krabbar de her.

*

Strofene er nummererte av samlaren.

[TSB F 16 Valiknut og Snekkjelita](#)

Innleiing

Snekkjelita høyrer Valiknut spele harpe. Ho oppfattar det som eit kallesignal, «akslar kåpa blå» og dreg til garden hans. Valiknut slepper henne inn og ligg med henne om natta. Morgonen etter spør ho kva ho skal få i morgongåve, men då trugar Valiknut med å banke henne opp. Ho dreg sin veg mens Valiknut ler av henne.

Det finst få oppskrifter av denne balladen, og dei fleste er brotstykke. Berre to Telemarks-songarar kunne balladen i fullstendig form: Hæge Vetlesdotter Bjønnemyr (1832–1905) frå Mo og Åsne Gunleiksdotter Spokkeli (1789–1868) frå Fyresdal. Sophus Bugge møtte sistnemnde i 1863 og 1864 og skreiv opp 18 balladar etter henne, mens Moltke Moe skreiv opp den meir omfattande tradisjonen etter Hæge Vetlesdotter tidleg i 1890-åra. Hæge kunne meir enn 50 balladar og skilde seg ut ved å seie dei fram, ikkje syngje dei (Jonsson & Solberg 2011: 501–503, 601–602). Moes oppskrift av «Valiknut» er trykt i *Danmarks gamle Folkeviser* (DgF IX: 179).

Dei norske 1800-talsoppskriftene er dei einaste som eksisterer av denne utvilsamt gamle balladen. På svensk finst rett nok eit fragment frå 1570-åra i *Harald Oluffsons visbok*. Fragmentet har nonsenspreg og svarar i hovudsak til omkvedet i dei norske oppskriftene. Bengt Jonsson skriv at det «kan knappast betvivlas, att fragmentet tillhört en text av en visa, som vi känner från ett antal norska 1800-talsuppteckningar» (Jonsson 1967: 772–773). Fragmentet lyder slik:

så hederlig så sefferlig y loffwe gron skogen
för knifi knark krackfar valknuth
förgyllande löffwen ther the wore
(SMB 5:1: 264)

Komikken i balladen går ut på at Valiknut lurer Snekkjelita til å liggje med seg utan å meine noko med alvor med det – noko ho trur. Men det er han som har makta, og når han kjeppjagar henne frå garden sin, kan han le og hovere. Denne blandinga av vald og sex med komisk funksjon har røter attende til mellomalderen.

Kvinnenamnet *Snekkjelita* ser ut til å vere avleidd av *snekkje* = *båt*, *skute*. Men det er ikkje umogleg at namnet er ei forvansking av *sløkæfrith*, *sløkifrith*, *slegfred*, dvs. *frille*, *elskarinne*. I så fall gjev det betre meining at Valiknut spottar

henne når ho spør kva morgongåve [ekteskapsgåve] ho skal få. For ho er berre ei frille og kan ikkje vente seg noko ekteskap. Bakgrunnen for mannsnamnet *Valiknut* er uklar. I norske målføre er *valknut* ein knute av bjørk, jf. *valbjørk* (Solberg 1993: 204–206).

SMB 228

DgF IX, s. 179

Oppskrift A

TSB F 16: Valiknut og Snekkjelita

Oppskrift: Udatert av Sophus Bugge etter Dagne Ånundsdotter Lid, Vrådal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge II, 121 (reinskrift)

Oppgjeven tittel: Valiknút.

*

1. Líten Kjersti hó kom seg í Valiknúts Går,
– For hó hærliþær snærliþær líti gullsnóri. –
å alle hass Dynnar va' slegne í Lås.
– Før en gyllandes Leik i hans Bórsnes. –
2. Hó klappa på Dynni mæ Finganne små:
– For hó hærliþær snærliþær líti gullsnóri.] –
Statt upp Valiknút, skrei Lokunn ífrå!»
– Før en gyll[andes Leik i hans Bórsnes.] –
3. «Ingjen så hev eg í Stevnar lagt,
– Før han Valiknút knirk knark krómfót færrende –
ingjen så lukkar eg inn um Natt!»
– Før en gyll[andes Leik i hans Bórsnes.] –
4. Líten Kjersti mæ síne Finganne små,
– For hó [hærliþær snærliþær líti gullsnóri]. –
hó skreier dei Lokunne te å ífrå.
5. «Du leggjer deg ne mellem Stokkjen å me!
– For han Val[iknút knirk knark krómfót færrende] –
dær plage Frigdunne liggje mæ meg!»
6. «Gud bære meg føre mitt unge Lív!
skó eg no blí kalla eitt Frigdevív.»

7. Árlig um Morgenen, det var Dag,
liden Kjersti hun kræver sin Morgengav'.

8. «Du sko' no 'kje anna te Morgogáva fá,
eg breier på deg mæ míne Haslekjeppinn' smá.»

*

Strofene er nummererte i manuskriptet.

Oppskrift B

TSB F 16: Valiknut og Snekkjelita

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Åsne Gunleiksdotter Spokkeli, Veum,
Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge q, 10–12 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Snekkjelíte akslar sat inní ovnshonni grét
– Gære^{ho} hærliða særlipa karlopa lite gullsnóra –
so hýrde hó Valíknút í horpunne hor han lét
– For so gyllande leikar hó bórsníl. –
2. Snekkjelíte hó akslar på kápa blá
so teke hó vegjen ti Valíknúts går.
3. Sn[ekkjelíte] klappaⁿ¹³ på dynne mæ finganne smá
á statt upp V[alíknút] skrei lokunne ífrá.
4. Á ekkji stevna so heve eg sagt
– sei han V[alíknút] á knirk knark klemmfót forendenn.–
á ingjen so lukkar eg inn om natt.
– For so gyll[ande leikar hó bórsníl.] –
5. Á V[alíknút] han la seg mæ stókkjen né,
– Gære hó [hærliða særlipa karlopa lite gullsnóra] –
á Sn[ekkjelíte] hó sprang veggjen ti.
6. Sn[ekkjelíte] hó vaktáⁿ¹⁴ enn morgóen umkring seg ság,
á kot ska no eg ti morgógávur fá.
7. Dú ska no inkje anna ti morgógávur fá
–seie han V[alíknút] knirk [knark klemmfót forendenn.]–
en breie på brysti mæ kjeppanne tvá,

8. Sn[ekkjelíte] út av gari dróg
á etti stó V[alíknút] so hágt han ló.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Oppskrift C

TSB F 16: Valíknut og Snekkjelita

Oppskrift: 1891 av Moltke Moe etter Hæge Vetlesdotter Bjønnemyr, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 25, 312–313

Oppgjeven tittel: Snèkkjelitæ^{v34}

*

Snèkkjelitæ^{v35} ho uti ovnen låg
– sei 'en Váliknut á knirk-knark á framfor 'en den –
så høyrer ho Váliknut i horpunne slår.
– For den gyllande leikar en børsnik. –

2. Snèkkjelitæ ho akslar kåpa blå,
så teke ho vègjen ti Valíknuts går.

3. Ho klappa på dynni mæ fingane små:
«Du stænde upp, V[alíknut], skrei lòkun ifrå.»

4. «Du stíg inkje på min' strígjen så små
– sei 'en Valíknut á knirk-knark á framfor 'en den –
dér plaga[r] dei møyane gange uppå.»

5. Du legg deg middjóm veggjen á meg,
der plaga dei frigdune sova sjá meg.»

6. Snekkjelitæ ho akslar kåpa blå:
«Á hòⁿ¹⁵t skò nò eg ti mòrengåve få?»

7. Á dæ skò då no ti mòrengåve få
á gjéva på deg mæ dei kjæppine två.

8. Snekkjelitæ ho ut av gari fór
á atte stó Valíknut, so hágt han ló.

*

Strofene er nummererte i manuskriptet.

Etter oppskrifta står det: (Mellemslængen hører efter Hæges udsagn alene hjemme i vers 1 og 4; Jóronn brugte den alene i disse to vers. Efterslængen derimod i alle vers).

TSB F 17 Møllardottera

Innleiing

Tre karar slår seg saman, slik at i det minste ein av dei skal få den attråverdige møllardottera. Det er ikkje lett, for møllaren passar godt på dotter si. To av karane stappar den tredje i ein sekk, tek han med til møllaren og fortel at det er korn i sekken, som dei vil ha male. Møllaren seier at dei skal setje sekken ved senga til dottera, for «der æ de minste musi gjeng» (Blom & Bø 1981: 333). Men utpå kvelden blir det liv i sekken. Møllardottera trur først at det er røvarar som er på ferde. Ho ber faren tenne lys, men når ho skjønar at det er ein nærgåande friar i sekken, blir tonen ein annan. Det var berre ein katt på musejakt som var på ferde, seier ho, sløkk lyset, du far min! Men møllarkjerringa har hatt augo med seg og oppfatta at den såkalla katten har støvlar med sporar. Dette seier ho høgt, men nokon – truleg dottera – ber henne teie still:

Tig du dær, du bør hava skamm,
du sa 'kje så dæn ti du vill' ha mann
(Blom & Bø 1981: 332).

Som straff hamnar møllarkjerringa i mølledammen, mens møllaren sjølv spring omkring og græt.

Det finst om lag femti variantar av denne populære balladen. Dei skriv seg for det meste frå Telemark, men vi har også nokre frå Hordaland, Rogaland, Agder og Hedmark. Av dei eldre samlarane er det særleg Sophus Bugge som har skrive ned «Møllardottera», men også Olea Crøger og Landstad gjorde oppskrifter, i 1840-åra. Landstad trykte fem strofer av «den saakaldte Möllervise», men ikkje

alle, sidan «Visen indeholder mangt Andet, som ikke bör optages» (Landstad [1853] 1968: 821–822). Landstad mislikte den grovkorna skjemten i visa, men det var han ikkje aleine om. Såleis har verken «Møllardottera» eller andre av dei gamle skjemteballadane fått plass i Danmarks gamle Folkeviser. Både Lindeman og Elling har skrive ned melodiar til «Møllardottera».

«Møllardottera» er ein av dei balladane Liv Nirisdotter Tveiten/Bratterud (1826–1892) frå Bø kunne, og som ho song for Moltke Moe. Dotter hennar, Anne Einarsdotter (1862–1887), hadde også lært seg denne visa. Elles er Liv Nirisdotter mest kjend som ein framifrå eventyrforteljar, og Moltke Moe skreiv opp seksten eventyr etter henne. Liv var gardjente av solid bondeslekt, men var uheldig nok til å gifte seg med ein slubbert som i løpet av kort tid drakk opp heile garden. Han kom i fengsel av ulike grunnar, og på sisten vart han tvangssend til Amerika, mens Liv hamna på den fattigslege husmannsplassen Bratterud (Jonsson & Solberg 2011: 141–145).

Balladen om møllardottera har vore velkjend i Norden. Den danske samlaren og utgjevaren Evald Tang Kristensen seier at visa «har været overordentlig yndet, og der foreligger også en uhyre mængde opskrifter af den (Kristensen 1903: 154). Også på svensk finst det mange variantar, mens den islandske tradisjonen berre har teke vare på eit brot av «Sekkjar kvæði». Vésteinn Ólason peikar på at dette brotet er svært likt ei oppskrift som Hans Ross gjorde i Fyresdal, noko som «undeniably indicates that the ballad was brought from Norway to Iceland» (Vésteinn Ólason 1982: 392–393). Hovudmotivet i «Møllardottera» byggjer på ei av forteljingane i Chaucers 1300-talsverk *The Canterbury Tales* – «The Reeve's [oppsynsmannens] Tale». Her er det to studentar som får overnatte i same romet som møllarhuslyden, og den eine hamnar i senga hos møllarkona, den andre hos møllardottera. På førehand har møllaren stole av kornet deira og dessutan prøvd å stele hesten, så han får som fortent.

«Møllardottera» framstiller eit allment emne som friing/nattefriing i komisk lys, konsentrert til mølla. Det er møllaren skjemten går ut over, møllaren som tradisjonelt har vore framstilt som gjerrig og grisk, ein mann som passar vel på sitt. Men dotter hans likar ikkje å bli passa på og utnyttar sjansen når han byr seg. Forutan den vellukka situasjonskomikken med mørker og misforståing som

hovudingrediensar, inneheld teksten ei degraderande parallellhandling med katt og mus-metaforikk (Solberg 1988: 8–12). Nonsensomkvedet gjev frå første strofe signal om at vi har å gjere med ein skjemteballade.

Blom & Bø 53

Grüner Nielsen 31

Tang Kristensen 43

IFkv 91

SMB 229

Oppskrift A

TSB F 17: Møllardottera

Oppskrift: 1910 av Rikard Berge etter Kjersti Jensdotter Lillegård, Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge LXIV, 88–89.

Oppgjeven tittel: Myllarvisa

*

1. De va' no tri sellar som fann paa eit raa,
– Skru ru rompompei,
fòr de gjell'e paa mei,
fòr de trée som ligger paa trarara, –
hvorledes dei møllarens døtter sku faa.
– De ruskar i ru
aa de trillar i tru,
fòr de trée som ligger paa trarara. –
2. Dei tvo dei stappa den trée i sekk,
sò sette di sekken ve møllarens bekk.
3. Høtt æ de du har uti sekken din,
aa d'æ n' a' loæ visst rug eller kveite fin.
4. Aa set no den sekken i datterens hus,
sò æ 'n bevara fraa røttur aa mus.
5. Daa de begjønnte ti mørkne
sò begjønnte den sekken tì krup' aa tì gaa.
6. Aa kjære min fader du tænder et lys
her æ no visst mjøltjuvar i vaare hus

7. Aa kjære min fader du slukker dit lys
de va' no kje ana hell katten skjød ei mus.

8. Om tala gamle kjerling i senga laag:
Den katten ^{den hev} hadde vist støvle^ar paa.

9. Hys du gamle kjerring du skulle faa skam,
du sa ikkje sø daa du vill' ha mann.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta. Strofe 6 og 7 står skrivne i fotnoter.

Oppskrift B

TSB F 17: Møllardottera

Oppskrift: Udatert avskrift av Torleiv Hannaas etter avskrift av Arne Espeland etter ukjend songar i Berefjorden i Sokndal, Rogaland (no i Flekkefjord, Vest-Agder).

Orig. ms.: (NFS-kopi av) EFA T. Hannaas 432, 95.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Bonden å smeen de la op rå
– å ja, å ja, tra-la-la-la. –
um koss dei møllerens datter sku få
– å ja, å ja, tra-la-la-la –
2. B[onden] tog s[meen] å stapt 'an i ein sekk
så bar h[an] den hastig til møllerhusets bekk
3. Å kjæreste møller vil du male mit korn^{v36}
jei tror ikke det er rått jei ha turka de så godt
4. Sæt den havresekk attmæ min datters seng
jei tror ikke hverken rotter eller mus vil røre den.
5. Dagen den helder og natten falder på
så begyndte den havresekk å krybe å gå
6. O kjæreste fader tænder op et ljus
ti jei tror der er kommet tyve udi vårt møllerhus.
7. O k[jæreste] f[ader] slukk bare dit ljus
de var ikke andet end en kat som tog en mus.

8. Uger og måneder var gangen bort
da fødte hun to drenge i mølledatterens seng.
9. Jei beder eder piger som nu tilbage gå
at i ingen havresekk i kammerset få.
10. En gammel kjærring på slodderbænken lå
i morgen skal hun druknes udi vår mølledam
11. Å Kjærringen blev druknet og pensen den flød^{v37} op
å hele mølledammen blev kju<k>k som ein graut.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Under oppskrifta står det: (Skrive av Arne Espeland etter ein gl. <mann> i Berefjorden i Sokndal.

Oppskrift C

TSB F 17: Møllardottera

Oppskrift: 1914–1919 av Nils O. Dalen, truleg etter seg sjølv eller faren frå Bø, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXCVIII, 29–31.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Dæ va naa tri sellar som la seg om raa,
– snu ru a rittom rei^{v38}, for aa hjelpa mei,
for den tredje som ligge i tramlala. –
Aa dom tenkte, dom møllarens datter skulde faa,
– fillalittomlei, filliattiattia, filliei. –
2. Aa saa tok dom den tredje aa stappa i ein sekk,
Aa kjære naa maa du kje daue av skrækk.
3. Aa kjære min møllar du maler min sekk
aa du maler han fort men naa slett ikkje vel
4. Men ved midnatens tid byna sekken te aa gaa,
da gamla ho vakna aa fekk treskoa paa.
5. Aa kjære min møllar du tender det ljøs
Her æ naa vist røverar ut i kons hus

6. Aa kjære min fader du slekker dit ljøs,
Dæ va bare katta ho spende te ei mus.

7. Aa du mor aa du mor adu burde ha skam
aa du sa ikkje saa sa du sjølv vilde ha mann

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Ei anna oppskrift i heftet er skriven etter som Nils sjølv hugsa etter faren.

Andre kjelder nemner han ikkje.

Oppskrift D

TSB F 17: Møllardottera

Oppskrift: 1924 av Amund B. Larsen jr. etter Ole Gunnersen, Nord-Odal,
Hedmark.

Orig. ms.: NFS A.B. Larsen 9, 80–81.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. De var to skræddær såm fann på et puss

– Før Anna, før daro-dio-dei! –

Døm ville å fri tl møllarns hus

– Fillijunkom-punkom-hahaha! –

2. Deinn eine tog skræddærn å la n ti n sekk

Så bar han da hannom tl møllærns bækk

3. «Kjære du møller du mała minn mæll

Han er nå itte rår, før je tørke n i kvæll

4. Mænn da de var tt mørtt i hør ennte krok

Da bejinne deinn sækken å rusle å gå

5. «Kjære moder! Å teinn det l i t y s

Je trur de er kammmin tjiver i vårt hus»

6. «Kjære moder! Sløkk det lis

de var itt anne katta såm speinnte hæl i mus»

7. «Å de va nå full katta me storestøvla på

?

8. «Nå høller du dett høl, dett gamle haunn

du sa nukk itte så, når du sjøl ville hå ↔ –»

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Tjukk l er markert med prikk under l-en i oppskrifta. Dei er her attgjevne med l.

Det er sett ein strek under dei fleste verslinene, truleg for å markere at omkveda skal inn her.

På første bladet i boka står det: Folkeminne ifrå Nord-Odal. Innsamlinga tok til torsdagen den 23 oktober 1924, i dette hefte.

TSB F 20 Jentene som planta kål

Innleiing

Tre jenter står og plantar kål mens dei snakkar iherdig om gifting. Tre matrosar overhøyrer samtalen og bestemmer seg for å nytte sjansen og besøke jentene om natta. Men jentene stenger døra, rett nok berre med stikker og strå. Vinden blæs døra opp, og matrosane kjem inn. Der «trakk de av flikkene sokker og sko,» heiter det (Espeland [utg.] 1981: 80). Om morgonen må matrosane skunde seg om bord, men er uheldige og møter kapteinen på vegen til skipet. Han set dei i arrest for å ha vore for seint ute.

Det finst ikkje mange variantar av «Jentene som planta kål» på norsk jord. Den einaste fullstendige tekstvarianten står i *Sjømannsviser I* ved Diderik Brochmann (1937). Derimot har vi fire melodioppskrifter, dei to eldste ved Lindeman, og han har skrive ned nokre strofer ved kvar av dei (Ressem [utg.] 2015: 82–85, Gaukstad & Edvardsen 1997: 641, 741). Ei av Lindemans oppskrifter skriv seg frå Samuel Hansen Hella/Hellen (1813–1892), fødd på Nøtterøy. Han var omstreifar, kopparslagar og ein framifrå songar. I åra 1868 og 1869 song han mange viser for Lindeman, deriblant tolv melodiar som

Lindeman tok med i *Norske Folketoner til tekster av Peter Dass* (Gaukstad & Edvardsen 1997: 74–75).

«Jentene som planta kål» er elles oppskrivnen på dansk i fleire variantar, av Evald Tang Kristensen (Tang Kristensen 1903: 181–184). På svensk finst det to oppskrifter frå 1700-talet og ei lang rad nyare tekst- og melodioppskrifter (SMB 5:1: 331–351). Dei to 1700-talstekstane er opptrykt – med melodiar – i *Fula Visboken*. Den eine er ganske grovkorna, komikken går i stor grad ut på bruk av tabuord (Anderberg, af Klintberg & Mattsson [utg.] 1980: 54–57).

Det ser ut til at «Jentene som planta kål» er svensk opphavleg, og truleg ikkje mykje eldre enn dei eldste skriftlege belegga. Den norske sjanti-teksten har såleis fleire svenske målmerke, men manglar omkvede. Omkvedet spelar elles ei viktig komikkskapande rolle i mange skjemtballadar, noko vi ser i fleire svenske variantar, som den følgjande frå 1920 – med eit visst nordisk perspektiv:

Det gingo tre jungfrur och planterade kål.
– Fabo libi sibion. –
De talte så ljuvligt om giftermål.
– Fabo Lansa va' me' och fabo Libions Juss.
 Sen kommo där tre snurribussar hoppandes.
 Och de norske de danske de gåvo de än
(SMB 5:1: 343–344)

Dei tre giftegalne jentene står i sentrum for handlinga, og dei trur vel at dei skal få ønsket sitt om giftarmål oppfylt, sidan dei ikkje nettopp barrikaderer døra. Men matrosane, som i enkelte variantar også kan vere studentar eller deknar, dvs. kyrkjelege medhjelparar, har sjølv sagt ikkje tenkt å binde seg, og etter samleiet stikk dei av. Dei får på si side straff av kapteinen, sidan dei har vore for seint ute, han gjev dei ein omgang tamp. Det svir i skinnet, men dei trøystar seg med at jentenes nederlag, i motsetning til deira, er permanent.

Espeland 1981

SMB 232

Tang Kristensen 50

Oppskrift A

TSB F 20: Jentene som planta kål

Oppskrift: 1864 av Ludvig Mathias Lindeman etter Eli Bredesdotter
Østerhaug, Grue, Hedmark.

Orig. ms.: NB Mus ms 6858, nr. 84 og NB Mus ms 6860, s. 9.

Oppgjeven tittel: Juleleg

*

1. Der stander tre Damer alt udi en Ring,
der er mange af os som gaar uden omkring
– falleri falderei
der er mange af os som gaar uden omkring –
2. Saa stænger dem Dørra med Stikker aa Straa
saa inte de Gutter ska ind te dem gaa.
3. Det blæser kalt Nora og Vesta æ Vind
og Døra sprang up og de Guter kom ind.
4. Saa drager dem fram den forgyllende Stol
saa di Gutar ska faa dra taa se baade Støvler og Skor.
5. Saa drager man frem det forgyllende Skrin
og skjænker de Guter med Skjær, Puns og Vin.

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskriftene. Første strofa står til melodioppskrifta i NB Mus ms 6858, der også overskrifta står. I tekstoppskrifta, NB Mus ms 6860, er første strofa berre antyda med dei fire første orda.

Oppskrift B

TSB F 20: Jentene som planta kål

Oppskrift: 1869 av Ludvig Mathias Lindeman etter Samuel Hellen, Moss,
Østfold.

Orig. ms.: NB Mus ms 2456:29, nr. 14.

Oppgjeven tittel: Ved Udrykningen

*

1. Saa stode der to Jenter og planta sin Kaal,
– hei hurra Kammerater –

saa talte de om Krigsstyr og Giftermaal.
– Med Sabler udi Hænde,
forsvare vi til Ende
vort Land med Tro og Ære
med Kjæreste og alle Kjære
af de de gamle Kjæmpehære
med Sang har vi det lært. –

*

Strofa står til Lindemans melodioppskrift.

Oppskrift C

TSB F20: Jentene som planta kål

Oppskrift: Før 1937 av Diderik Brochmann etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig.: Brochmann, Diderik (utg.) 1937. *Sjømannsviser*, I. Oslo: Tiden. 36–37.

Ingen oppgjeven tittel. (Trykt som norsk tekst til *Blow the Man Down*.)

*

1. Der stod tre skjønn flicker planterande kål.
De talte så jævli om gifterlig mål.
2. Der stod tre matrosar og hørte derpå.
Om natten de vilde til flikkene gå.
3. Men flickan stengte døren med stikker og strå,
at ingen matrosar derinn skulde nå.
4. Men så sprang det op en nordosterlig vind.
Så døren sprang op og matrosene inn.
5. Så trakk de av flikkene sokker og sko.
Når allting var tatt av, så gikk de til ro.
6. Så blev de derinne til dagen skjen sol.
Men kors for sju tusan, vi må jo ombord!
7. Og som vi spaserte den strandgaten hen,
på veien vi møtte vår sjø-capitèn.
8. Hvor har dere varit den langene natt?
Det var endelig bra at jeg fikk dere fatt.
9. Jeg har dere søkt der hvor ølet var best.

Nå skal allesammen få tre døgn arrest.

10. Og så blev vi satt i arresten så trang.
Og der falt forresten tiden så lang.

11. Men blås i arresten, vi seiler nok enn!
Men aldri får flickan sin møidom igjen!

*

Strofene er ikkje nummererte i boka. Den norske teksten står jamsides den engelske. Det finst ikkje norske omkvæd i oppskrifta, men Brochmann set inn dei engelske, med slik mellom- og ettersleng: Way, hey, blow the man down! og Give us some time to blow the man down!

Over visa står det: «Strekke-sjanti» og «To hal i hvert omkvæd»

Oppskrift C

TSB F 20: Jentene som planta kål

Oppskrift: Slutten av 1950-talet av Finn Åberg, truleg etter Erik Jansrudvangen, truleg Austmarka, Hedmark.

Orig. ms.: NVA Ms 164 (maskinskrive manuskript).

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Det stodo tre flickor på kongens gård,
– for de nifota hei før en jung. –
De snakkade om sine giftarmål,
– for de nifota hei før en monsans sei.
Fram kom den store daliduptan hei,
og hopskola monsa,
og flickorna dansa
før de nifota hei før en jung. –

2. Det stodo tre gossar og hørte derpå,
De ville så gjerne til flickorna gå

3. Og døra den stengdes med stikker, og med strå
Før at inte de gossorna inn skulle gå

4. Men så blåste det opp en sydvestelig vind
Og døra spratt opp, og de gossar kom inn.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Etter oppskrifta står det: Oppskrevet for meg av Erik Jansrudsvangen (1905-1971) en gang på slutten av 1950-tallet. Finn Åberg.

TSB F 22 Bondeguten

Innleiing

Ein riddar og ei jomfru treffest på ei bru og avtalar kjærleiksmøte med kvarandre. Men ein fattig bondegut overhøyrer samtalen, og om kvelden går han til jomfrua. Han seier at han er riddaren, og jomfrua slepper han inn. Dei ligg saman om natta. Om morgonen skjønar jomfrua mistaket sitt, jagar bondeguten på dør og kastar kniven etter han. Som den spreke karen han er, rømer bondeguten ut av vindauga, men i farten gløymer han skorane sine. Jomfrua ler hånleg av han, men bondeguten svarar at nye skor kan han alltid skaffe seg. Det er verre for henne å få att møydomen sin.

Det finst bortimot tretti variantar av «Bondeguten» i norsk tradisjon. Dei fleste er frå Telemark, men vi har også oppskrifter frå Agder-fylka, Hordaland, Hedmark og Østfold. Den eldste oppskrifta vart gjort i 1863 av Sophus Bugge, då han skreiv opp visa etter Åsne Gunleiksdotter Spokkeli (1789–1868) frå Fyresdal. Ho song atten balladar for Bugge, deriblant tre skjemteballadar. Åsne Gunleiksdotter og Olav Såvesson, som ho var gift med, hadde elleve barn. To av dei var kjempekarar, som «for bygdene rundt og øvde karstak, slost og «kasta ut» i brudlaup og lag,» skriv bygdehistorikaren Bendik Veum (Jonsson & Solberg 2011: 601–603). Av melodioppskrifter til «Bondeguten» har vi sju, den eldste skreiv Lindeman opp i 1868, etter ein songar frå Østfold (Ressem 2015: 86–92).

Elles finst «Bondeguten» på dansk og svensk. Dei danske oppskriftene «tilhører alene Bondestanden,» skriv Axel Olrik, som trykker tre variantar (DgF VI: 349–353). I Sverige har «Bondeguten» vore svært utbreidd. Den eldste

teksten går attende til 1810-talet og vart oppskreven av visesamlaren og viseutgjevaren Arvid August Afzelius (SMB 5:1: 352–372). Noka svært gammal vise er «Bondeguten» ikkje, men den byggjer på mellomalderlege motiv (Solberg 1993: 212–214).

Gjennom forkledningsmotivet minner «Bondeguten» om «Fanteguten» (TSB F 26), og dei to visene har då også blitt blanda saman i tradisjonen. I begge visene går dessutan skjemten ut over jomfrua, som i ly av nattemørkret blir degradert ved nærkontakten med den fattige – og sikkert uvaska og skitne – bonde- eller fanteguten. Verdien deira på ekteskapsmarknaden er no dramatisk redusert. Maskering, forkledning og ombyting er vanlege motiv i balladediktinga, ikkje berre i skjemtevisene. Eigentleg skulle det vel ikkje vere mogleg å narre nokon slik jomfrua blir, men alle som høyrer eller les visa, veit at dette er eit spel. Dette spelet krev at lesar eller tilhøyrar ser bort frå realistiske forventningar (Solberg 1993: 212–214).

Berge: Norsk visefugg 33

DgF 370

SMB 233

Oppskrift A

TSB F 22: Bondeguten

Oppskrift: 1864 av Sophus Bugge etter Olav Talleivsson, Bykle, Aust-Agder.

Orig. ms.: NFS S. Bugge n, 36–40.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Der sto eit par på Vattelands brú
– hå hå ja ja tralallala –
dei lova hverandre sin ære å tró
– Tri netter, tri dage í den grøne^{v39} lund –
2. I bakhånd så låg der en bondegút,
han hørte på kværeinaste ór
3. Då de mørkna í kvær den vrå,
å bóndegút han tók te krýpa å gå

4. Á bondgut klappa på dynni mæ finganne små
æ du min skjøn jomfrú skrei lokunne ifrá
5. Nei detti hev eg inkje forfatt
at eg slepper noken bóndegút um natt.
6. Nei æg æ ingjen bóndegút
for minnes^{k5} 'kje dú på Vattelandsbrú, ^{k6}
me lova kværandre^{v40} kos ære á trú
7. Jomfruen fram mot døri steig
á skredde av lokunne á gjóre på ein sveiv.
8. Jomfrúen^{v41} upp at veggjen steig
á ungersvenn f inn at stökkjen trein.
9. Så låge dei der den nótte så lang
j hú som ei kána á han som ein mann.
10. Då de ljósna í kvær ei kró
á bóndegút han ó kvíkinne flukst.
11. Á b[bóndegút] út igjenom vindauga sprang
á tré sylskjepte kníva ette han rann.
12. Á [bóndegút út igjenom vindauga] stíg,
[á tré sylskjepte kníva] ette han veg.
13. Jomfrúva stó í vindauga ló
á hev dú min moydóm^{k7} så hev eg dí skó.
14. Ja hav nå dú mí pinnlappa skó
men alli so fær dú din moydóm so gó
15. Jau Far han reiser so trátt ti b[yn]
der ska han koupe min moydóm på ný.
16. F[ar] m[in] han heve so fillen ein hatt
der ska han gjeve min moydóm att
17. Ja um f[ar] din han reiser s[o] t[rátt] t[i] b[yn]
han må koupe bá silkje á fløyel,
so får dú alli din moydóm på ný.
18. Ja om f[ar] d[in] h[an] h[eve] en fillen hatt
so [ska han gjeve din moydóm] att
19. Om dú hev atte mi pinnlappa skó
moydómen fær dú nå alli so gó
20. Då de lei av dei nettanne trí
då kom han atte den fríar på ný.

21. men då han fékk høyre á dette fékk spúrt
at sjá henne ha vori ein bóndegut.

22. Då dei lei av dei mánunne trí
den snile skjøn jomfrú hú tykkna úm lív

23. Jomfrúva skreiv te den bóndegút
hó sa hú vill' vere hass elskeleg brúr

24. Men gúten han svora tibaku
dú sök_{te} dette líve de seiste eg der va

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Over oppskrifta står det, med svart penn: (Olav Talleivsson fra Bykle)

Oppskrift B

TSB F 22: Bondeguten

Oppskrift: 1920 av Knut Liestøl etter Olav Eivindsson Austad, Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 22, 23–29.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Der møttes to venner på Vattilands bru
– Hurra for dem, sjung fallerit u lei –
da lovast kvorain bå ære á tro
– Tralleri-trallera trallelalla á lei. –

2. Der va nå ein Fantegut som høyrde derpå
«I aften så vil mi til fruerne gå.»

3. Riddaren rei á fanteguten sprang
men endå kom fanteguten fortare fram

4. Fanteguten banka mæ byrjevotten sin
«Hev du mig i tankan so lukkar du meg inn!

5. So sette hu ham på forgyldande stol
so trekte hu av han bå strømper og sko.

6. So sette hu ham på forgyldande skrin
so skjenkte hu ham båd mjø og vin.

7. Jomfruva flukst uppi sengja hu sprang
Fanteguten ette upp at veggjen han slang
8. Jomfruva lypte på skjorteserkjen sin
å fanteguten skura mæ fille best^{ass}en sin.
9. So låg da til sammen den nottæ so lang
hu som ei kjedding å han som ein mann
10. «Snill min riddar nå må du stå upp,
no æ de på den ti som min fader står upp
11. «Eg æ nå ingjen riddar som du siger nå,
eg æ bare ein fantegut som kom her i gjår.
12. «Æ du bare ein fantegut som kom her i gjår
so ska du kje kom her mæ livi ifrå.
13. Fanteguten lukst uppå vindauga sprang
stor' å lange niva der ette han slang.
14. Jomfruva sto etti på golve å lo,
«Hev du min møydom, so hev eg dine skó.
15. Skam so gjeve eg for dei pinnelappa sko,
fysst eg hev jomfruas møydom so go.
16. «I morgo vi min fader til nærmeste by,
so kann han kaupe jumfruva møydom på ny.
17. «Lat han kaupe fire å lat han kaupe fem,
nei alli so fær du den sam' att igjen.
18. Lat han kaupe åtte å lat han kaupe ni
So hev du same holi som eg har skura i.
19. No hev eg nå sungje den vise so lang,
ska eg syngje meiri so lyt eg hav ein dram.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Oppskrift C

TSB F 22: Bondeguten

Oppskrift: 1924–1925 av Amund B. Larsen jr. etter Ole Gunnarsen, Nord-Odal, Hedmark.

Orig. ms.: NFS A.B. Larsen jr. 9, 91–93.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. De sto to å talas ve på Hambårjer bro
– fadelittoli! faderallan derei!ⁿ¹⁶ –
Døm tała så mie om sin ære å tro
– fadelittoli! faderallandereiⁿ¹⁷ –
2. Så sto dær en fantegut å lydde dærpå
i natt villå jei til pigorna gå
3. Ja ridderen rei å fanteguten sprang
Å einda kãm fanteguten fołere fram.
4. Fanteguten banka på me raggevåtten sin
«Å hør du sjønne jomfru, du slipper mæ vel inn!»
5. Å jomfrua opp i silkeseinga sprang
Å vrei om nøkkelen så låsen^{v42} klang
6. Å jomfrua opp i silkeseinga sprang
å fanteguten etter tell veiggen slang.
7. Da de vartt mårån fanteguten skulle gå
«De pleier ingen ridder så tidli opstå?»
8. «Je er ei deinn ridder såm du håller mei får
Ti jei ær fantegut såm var hær i går»
9. «Ja er du deinn fantegut såm var her i går
så aldri me livet du slipper hærifrå»
10. Å fanteguten ut jønnom vindue sprang
sju søllsjæfte tæljkniver etter han sleng
11. Jomfrua sto oppi vindue å lo
Har du min meidom, så har je dine skor»
12. «Ja mine skor di er jomfruen slett inte før go
døm er splinnte me næver, å såmte me to^{k8}.»
13. Ja min fader han reiser så åfte tⁿ¹⁸ bin
han skal kjøpe mæ en meidom såm er ni
14. Ja.....ein og to
15.fire å fæm
16.å ni å ti

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Over oppskrifta står det: Ole Gunnarsen

Tjukk l er markert med prikk under l-en i oppskrifta. Dei er her attgjevne med l.

Mellom strofe 6 og 7 er det eit større mellomrom fylt med kroting, kanskje for å markere at det manglar ei strofe. Slik kroting er òg sett inn i staden for tekst i strofe 14–16

Dei første orda i verslinene i dei fleste strofene har ein strek under seg, truleg for å markere at omkveda skal inn her.

På første bladet i boka står det: Folkeminne ifrå Nord-Odal. Innsamlinga tok til torsdagen den 23 oktober 1924, i dette hefte.

Ei reinskrift skal finnast i NFS A.B. Larsen III.

TSB F 23 Sort-Iver og Lusse

Innleiing

Alle spottar Sort-Iver fordi han er svart, og den verste ertekroken er Lusse. «Måtte den dagen aldri kome då eg skal sove på Sort-Ivers arm», seier ho. Sort-Iver rådfører seg med mor si om korleis han kan få hemn over Lusse. Mora rår han til å kjøpe seg svart kappe og kvit hest, for då vil han sjå ut som herre Per prest. Sort-Iver gjer som mora seier, og Lusse opnar døra for han sidan ho trur det er presten. Dagen etter avslører Sort-Iver kven han eigentleg er, og gjer narr av henne.

Denne balladen finst berre i to variantar, i Telemarks-tradisjon. Den einaste fullstendige forma skreiv Sophus Bugge opp i 1857 eller 1863 etter Torbjørg Gjermundsdotter Haugen (1792–1862) og syster hennar, Signe Gjermundsdotter Napper (1788–1865). Begge var frå Mo. Torbjørg og Signe var begge framifrå

songarar, med ein del av repertoaret felles. Sophus Bugge skreiv opp 49 balladar etter Torbjørg Haugen og 42 etter Signe Napper (Jonsson & Solberg 2011: 540–544).

I den eine svært fragmentariske norske varianten etter Margjit Tveiten, heiter hovudpersonen *Svarte Svein*, og det gjer han også i færøytradisjonen:

Svarti sveinur fór at biðja sær konu,
alt sum ein annar bóndasonur.

Svarti sveinur heim í garðin fór,
úti frú Jutta fyri honum stóð

«Væl standin I, frú Jutta, fagur og fín,
og vilt tú vera allarkerasta mín?»

«Svarti sveinur, rið tær hiðan burt,
eg vil ikki vera av tínum klæðum svørt»
(*Føroya kvæði* VI: 209–210).

Skjemtevisa om Sort-Iver og Lusse finst også i nyare dansk tradisjon (DgF VI: 320–323).

«Hovmot står for fall» heiter det i ordtaket, og det er også dette balladen dreiar seg om. Den hovmodige, strålande lyse Lusse spottar den svarte og tilsynelatande underlegne Sort-Iver – men blir sjølv sett grundig på plass. Lusse-namnet heng truleg saman med *Lucia*, som igjen er avleidd av *lux = lys*. Den lyse fargen assosierer til høg sosial status og vidare til moralsk høgverdig framferd, men den svarte fargen står for det motsette, dvs. grov- og kroppsarbeid utført av vanlege arbeidsfolk, og på eit etisk/religiøst plan – vondskap. Denne tradisjonelle motsetninga blir sett på hovudet i «Sort-Iver og Lusse». Prinsippet om «den omsnudde verda» viser seg å vere sterkare enn tradisjonen, derfor må Lusse degraderast og setjast på plass (Solberg 1993: 214–217).

Utsyn 161

DgF 365

CCF 172

Oppskrift A

TSB F 23: Sort-Iver og Lusse

Oppskrift: Udatert av Sophus Bugge etter Torbjørg Gjermundsdotter
Haugen, Skafså, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge II, 11–12 (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Sórt Iver å Lusse

*

1. Dær går en dans for Sórt-Ívers bór,
– dei trød' og en dans. –
men ingjen mei hell Lusse gjóre.^{v43}
– Trø dansen fyr en gód elskov.–
2. Adde spotta Sórt-Íver, for han va' sórt,
men ingjen mei, hell Lusse^{v44} gjóre.
3. «Gud late meg alli slíte dæn harm,
at eg sill^{v45} sova på Sórt-Ívers arm.
4. Gud late meg alli slíte dæn kvíe,
at eg sill^{v46} sova mæ Sórt-Ívers síe.»
5. Sórt-Íver gjekk [seg] for sin moder at stå:
«hossi ska' eg hena^{v47} Lusse^{v48} få?»
6. «Du kaupe deg svarte kappe å kvíte hest,
så ri^e no du som herre Pær prest!"»
7. Han kaupte seg svarte kappe å kvíte hest,
så rei då han som herre Pær prest.
8. Sórt-Íver kjeme^{v49} seg ríand í gár,
Lusses^{v50} dynmir va' slegne í lås.
9. Han klappa på dynni mæ fingar små:
«statt upp Lusse, skrei lokur ífrå!»
10. «Ingjo stevna hev eg lagt
å ingjen lukkar eg inn um natt.»ⁿ¹⁹
11. «Du slepper inn dæn du líkar best,
så slepper du inn han herre Pær prest.»
12. Lusse aksla kåpa blå;
hó skreidde lokunne te å ífrå.
13. Lusse la' seg í sængi né,^{v51}
Sórt-Íver han springe veggjen te.

14. Tilegt um morgonen, dagjen va ljós,
då va' Sórt-Íver ti hesten fús.
15. «^{N0} Heve du Lusse lot' slíti dæn harm,
no heve du sovi på Sórt-Ívers arm.»
16. [«No heve du Lusse lot «slíti den»] kvíe
[no heve du sovi] mæ Sórt-Ívers síe.
17. [n20](#) «Á Sórt-Íver, Sórt-Íver bí ei tí!
du æ'kje så sórt, du blí ei hvid.»
18. [n21](#) Á Sórt-Íver, Sórt-Íver bí ei stund,
alt me^æ eg snúr míne klæi um!»

*

Under tittelen står det: (meddelt av Torbjør Haugjen og Signe Napper). Signe Nappers bidrag er merkt med S.N.

Til venstre for tittelen står det: Jfr. Gr. Utr 163. Til høgre for tittelen står det: Minder lidt om <...> nr. 284 (e<...> Skrædder). Jfr. Gr. Utr. 84?? Jfr. Lyngbye fær. Kv. S. 20 Nr. 154. Svarti Svein tór at vidja sér konu? (jvfr. mine Saml. VI, 13).

Oppskrift B

TSB F 23: Sort-Iver og Lusse

Oppskrift: 1915 av Rikard Berge etter Margjit Halvorsdotter Tveiten, Vinje, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCLXIX, 48

Ingen oppgjeven tittel

*

1. ~~Bu~~^{Svarte} Svein^{v52} sat sat i skolti aa grein^{v53}
grein gjore han saa saare
Aa maa eg kaama inn – i tone tí deg.
spika tyri^{v54}
2. – tone
3. – stugo

TSB F 26 Fanteguten

Innleiing

Ei vakker og stolt jomfru avviser alle friarar som prøver seg. Jamvel kongssonen frir til fånyttas, for jomfrua stiler endå høgare. Kongen likar ikkje dette og hyrer inn ein tiggjar, ein fant, frå ein annan by, for no skal den stolte jomfrua setjast på plass. Fanteguten kler seg i dei finaste klede som kan oppdrivast og kjem ridande til den stolte jomfrua på ein sprek hest. Jomfrua står ute og slår ut håret sitt, ei handling som inneber at ho godt kan tenkje seg å bli fridd til, men fanteguten seier at noko slikt tenkjer han ikkje på. I staden gjev han seg til å rekne opp alle rikdomane sine, og dette imponerer jomfrua så sterkt at ho følgjer med han. Men etter kvart avslører han at rikdomen ikkje finst, han har loge henne full:

Og lettað pá fille-hetta si,
og her ser du heile herligheita mi!
(Landstad [1853] 1968: 653).

Det finst eit sekstitals variantar av «Fanteguten», som har vore ei populær vise på 1800-talet. Storparten er frå Telemark, men vi har også nokre oppskrifter frå Agder, Buskerud og Hedmark. Landstad trykte ei form av visa i *Norske Folkeviser*, og Hulda Garborg tok «Fanteguten» med i *Norske Dansevisur* (1913). Versjonen hennar byggjer på Landstads tekst, men er litt kortare. Av melodioppskrifter finst det fleire (Ressem 2015: 93–123).

Elles er «Fanteguten» godt dokumentert i dansk og svensk tradisjon, men ikkje lenger attende enn frå 1810-talet. Ein av dei eldste variantane er svensk, og byrjar som fleire norske oppskrifter med ein presentasjon av den stolte jomfrua:

Der bodde en Jungfru så högt upp i land
Till henne så fria mång ärliger man.

Till henne så friade båd fattig och rik
Men aldrig såg den Jungfrun sin gelik
(SMB 5:2: 236).

Hovudmotivet i «Fanteguten» er den stolte og hovmodige jomfrua som ikkje vil gifte seg, trass i at dei rikaste og beste menn byr seg fram. Dermed bryt ho med samfunnsnormene for korleis ei tiltrekkjande kvinne skal oppføre seg, og ho må setjast på plass, ho blir gjort til latter og degradert. Degraderinga skjer ved at ho blir sett i direkte kontakt med ein ærelaus og utstøytt mann, ein fant. I nokre variantar heiter det at ho får barn med fanteguten, og uansett kan ho ikkje lenger hovmode seg av venleiken og rikdomen sin, for friarar vil ikkje dukke opp «på femten år». Til komikken bidrar ikkje minst fantens forkledning, som er så vellukka at jomfrua let seg narre. Forkledning spelar i det heile ei viktig rolle i dei gamle skjemteballadane.

Utsyn 162

DgF 369

SMB 236

Oppskrift A

TSB F 26: Fanteguten

Oppskrift: 1909 av Knut Liestøl etter Marit Ljosland, Åseral, Vest-Agder.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 5, 24–27.

Oppgjeven tittel: Skurveguten

*

1. Der budde ei jomfru uppi økk vaares laann
ho æ rik, ho æ ven, ho æ belevann
2. Ti henne fridde kungjen aa kungjens kara
aa adde ba ho vill heimatte fara.
3. Ti henne fridde både k[ungjen] aa k[ungjen]s menn
aa adde ba ho vill' far' heimatt igjen.

Kungjen klædde ut skurveguten sin.

4. [n22](#) Han laante han sadel, han laante han hest
so kom han der rians tottest ver sum ein prest

5. Han laante han sokka, han laante han sko
so kom han der rians tottest ver' noko go.
6. Fanten han sette seg ne paa eit skrin
bejynnte ti røa um rigdomen sin.
7. Eg heve meg ein adelsgaar
mæ sju aa kjue kjyna aa 400 faar.
8. Eg heve meg baa ager aa jor,
aa 10–12 piku sum reie mitt bor.
9. Eg heve meg baade ager aa eng
aa tie toll piku sum reie mi seng.
10. Lengje sto skjøn jomfru aa tenkte mæ seg:
Rikare bele fær alle eg.»

So reiste ho med han:

11. Kor æ naa din adelsgaar
mæ 27 kjyna aa 400 faar.
12. Eg hev alle hatt nokon adelsgaar
eg hev alle aatt so mykje sum eit faar.
13. Eg hev alle hatt antan ager hell eng
eg he alle hatt leie i ærleg manns seng.
14. Eg hev alle hatt antan ager hell jor
eg hev alle site mæ ærleg manns bor.»
15. Fante Skurveguten letta paa skurvehetta si
Lyster skjøn jomfru sjaa skurvt en aa mi.»
16. Skjøn jomfru vendte heimatt ti sin faders går
Ho fekk inkje friara paa femtaan aar.

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB F 26: Fanteguten

Oppskrift: 1912 av Rikard Berge etter Gunhild Hansdotter Neshaug, Tinn,
Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXL, 87–89.

Oppgjeven tittel: Fanteguten

*

1. Dæ bur ein fant i vaares by,
han æ baade fillut o lusut.
– Like leikan^{v55} æ^{v56} ikkje kaammen enn. –
2. So bur dæ ei jaamfru i vaares lann,
ho æ baade stòlt o so beilan vand.
3. O jaamfruen sto no o krusa ut sitt haar
o fanteguten ut i døra mon staa
4. Slett ikkje tar du no krus upp ditt haar fòr mei
for e agter no ikkje at beile ti dei.
5. Fer jeg haver no mei ein aav¹ersgaara gaar,
mæ sjòu tjug kjy o fire honder faar.
6. Jei haver no mei baade ager o eng
jei haver seks piger som reier op mi seng.
7. Jei haver no mei baade ager o gaal jol
jei haver tòll piger som dekker mitt boł.
8. Jei haver da^{v57} mei eit kammers utav bly
som du ska faa sitta o sòuma o sy.
9. Jei [haver da mei eit kammers] utav gull
som du ska faa sjaa naar bli sørgefull.
10. Jaamfruen beisla no gangaren graa
o lae no błanke gullsalen paa.
11. Fanteguten lyfte paa skurvehetta si:
Hær ser du heile hærlehetta mi.
12. Aller ha' e havt nokon avłsgaala gaal
mæ sjòu tjug kjy o 400 f[aar]
13. Aller [ha' e havt] hverken ager hell eng
o aller ha' e liggje i ærle manns seng.
14. Aller [ha' e havt hverken] agerⁿ²³ hell jol
o [aller ha' e] siti ve ærle manns boł.
15. [Aller ha' e havt mei eit kammers] utav bly
o aller ha' e' sliti den strigeskjurta ny.
16. O aller [ha' e havt mei eit kammers] utav gull
o aller ha' vore mykje sørgefull

17. Aa jaamfruen snudde no gangaren sin
aa fanteguten faataa i beislanring
aa gjore paa henne tvo blommankjinn.

18. O jaamfruen rei ti sin faders gaaf
ho fekk ikkje beilara paa 15 aar.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Rettingar og alternative lesemaater er gjorde med blyant. Tjukk l er skrive l.

Etter denne og dei neste oppskriftene, står det: Gunnhild Haugen 1912 (76 aar, f. i Saudherad, oppvoksi paa Tinn. Med blyant er det sett til at ho døydde i 1914. Denne informasjonen passar til Gunhild Hansdotter Neshaug, fødd i Sauherad i 1836, død i Tinn i 1914.

Oppskrift C

TSB F 26: Fanteguten

Oppskrift: 1917 av Knut Liestøl etter Olav Eivindsson Austad, Bygland i Setesdal, Aust-Agder.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 9, 86–99.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Der bur ei jomfru i kongens går
aa adde so lysta skjøn jomfrua få
– Rette leikaren den æ kje komen enn. –
2. Der fria ti henne baade kongen aa kongens kara
aa adde so ba ho vill' heimatte fare
3. Der fria ti hæ både kongen å kongens mænd
å adde so ba ho vill heimatt igjen.
4. Der bur ein fant'e der ne mæ a aa
han lysta so gjenni skjøn jomfruva få
5. Han lånte seg hosa han lånte seg sko
so va han no liksom den riddar kunde go.
6. Han lånte seg sadel, han lånte seg hest
so va han no liksom den riddar kunde best

7. Fanten kom han at kungens går,
jomfruva sto uti å dusta sitt hår
8. Du tar no slett alli slaa haar i for meg
for eg aktar so liti eg belar ti deg.
9. Ja vi du kje bele, so kann du late vere
eg aktar so liti ko slike dei vi gjere.
10. Fanten sett'an seg paa a skrin
begyndt han ti tale um rikdomen sin
11. «Eg heve meg toll borkute hesta
som skjønaste jomfru ska rie paa den beste
12. Eg heve meg gullborgjinn ni
som skjønaste jomfru ska spaser uti
13. Eg heve meg ein adelsgaar
mæ sjau kjuge kjynan aa fire hundre faar.
14. Eg heve meg bådi åkr å eng
å tie toll pikur ti reie mi seng.
15. Aa eg heve meg baadi hus å jor
å tie toll pikur ti reie mitt bor
16. Jomfruva tenkte mæ sjave seg
«Rikari riddar behøver alli eg»
17. Fanten snudd'an um gangaren spak
so sett'an skjøn jomfrua paa sitt bak
18. So rei med hendi uppund a rosenlund
der lystar skjøn jomfruva hvile en stund
19. So rei han med hendi uppunde a lind.
Der miste skjøn jomfruva møydomen sin

So begynde ho ti spyrje:

20. Kor æ no di toll gullborkute hesta
som skjønaste jimfru ska rie paa den beste
21. Alli hev eg aatt toll gullborkute hesta
aa alli hev eg aatt so mykje som ei kjette
22. «Aa kor æ no dei gullborgjin ni
som skjønaste jomfru ska spaser uti
23. «Alli hev eg aatt gullborgjinn ni
aa alli hev eg aatt so mykje som a hit

24. Aa kor æ naa din adelsgaar
mæ sjau kjuge kjynan å fire hundre faar
25. Alli hev eg aatt noko adelsgaar
aa alli hev eg aatt so mykje som a faar.
26. Aa kori æ no di hus å jor,
aa tie toll pikur ti reie ditt bor.
27. «Alli hev eg aatt antel hus hell jor
aa alli hev eg seti mæ nyttug manns bor.
28. «Aa kor æ naa di aakr å eng?
aa tie toll pikur ti reie di seng.
29. Alli hev eg aatt antel aakr hell eng
å alli hev eg legji i luselause seng
30. Fanten lypt'an paa hatten sin
«Her ser du skjøn jomfruva skurvenakkjen min
31. Jomfruva tenkte mæ sjave seg
«No æ de likar eg reiser heimte ti meg
32. Jomfruva reist heimte bå fros<en> aa vaat
so fekk ho kje bela paa femten aar

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

I denne oppskrifta brukar Liestøl både «aa» og «å».

Under oppskrifta står det: (Lært av mor si.)

TSB F 29 Ungersvein på tinget

Innleiing

Ei jomfru salar gangaren og rir til ungersveinens gard. Ho bankar på døra, men ungersveinen vil ikkje opne, for han har ikkje avtala møte med nokon. Då sparkar ho inn døra med «karske fot». Ungersveinen kryp til køys, og jomfrua

spring etter. Ho prøver å få kleda av han. Men ungersveinen avviser henne og klagar henne inn for tinget, sidan han ikkje får fred i senga:

Ungersvenn kom seg for övrighets bör,
eg kann inkje få for kvinnfolkji ró.

Øvrigheita avviser klaga:

Ti so svora den övrighets mann:
ungersvenn klagar sí eigjó skomm
(Solberg 1991: 264–265).

Denne skjemteballaden er overlevert i Telemarks- og Hordalands-tradisjon. Dei to eldste visetekstane skreiv Ivar Aasen opp i Nordhordland i 1840-åra, utan å opplyse kven songarane var. Telemarksvariantane er fyldigare. Vi har to oppskrifter, begge etter Bendik Ånundsson Sveigdalen (1780–1865), ved Jørgen Moe og Sophus Bugge. Bendik Ånundsson var ein framstående songar. Jørgen Moe møtte han i 1847. Då han sat i arrest på Dalen hos lensmann Peter Mandt. Tidlegare hadde Crøger eller Landstad skrive opp viser etter Bendik Ånundsson, og Bugge skreiv i 1850-åra opp godt og vel førti balladar etter han (Jonsson & Solberg 2011: 521–538).

Eit tekstfragment på to strofer finst på svensk, med melodi (SMB 5:2: 39). Det er overlevert fleire nyare danske variantar, deriblant eit skillingstrykk frå 1700-talet, med liknande dom over ungersveinen som i Telemarks-tradisjonen:

Du maat dig skamme blant Ridder og Svenne,
Hvor du dig i Verden monne vende
(DgF IX: 174–175).

«Ungersvein på tinget» handlar om kjønnsroller og den komiske verknaden som oppstår når ein ung mann ikkje oppfører seg i samsvar med gjengs oppfatning. Ungersveinen blir framstilt som ein latterleg og stakkarsleg figur, slik heltar av hans type gjerne har blitt gjort, jf. den gamle historia om Josef og Potifars kone.

Utsyn 165

DgF 527 Tillæg I

Tang Kristensen 56

SMB 237

Oppskrift A

TSB F 29: Ungersvein på tinget / Møya som gjekk til sveinen

Oppskrift: 1843 av ukjend samlar etter ukjend songar, Nordhordland.

Orig. ms.: NFS I. Aasen 3, 7a–7b

Ingen oppgjeven tittel

*

1. Ho pikka paa Døræ mæ Fingeren sin
– Skru ru, Lompam perom, lompam perom
Ruteko ruteko Reia reia –
Aa kjære min Ungersvein du lukka mæg idn
– Paa Asken graa, Stander eit Straa
Lompam perom. –
2. Aa Ingjen so lukka æg idn om Nat
Aa Ingjen so heve Æg Stebna sat.
3. Ho spente paa Døræ mæ raskan Fot
So Spiler aa Flise dreiv Ongarsven imot
4. So sætte Ho sæg paa Sengjastok
So trækte ho taa sæg sin høgraue Sok.
5. «Aa faaer æg inkje Free i Sengjene før Dæg
So reise æg paa Tingje aa klage dæg.
6. Aa Ongersvein rei, aa Jomfruæ ran
Aa ho kom paa Tingje længje før han
7. Aa Futen aa Skrivaren dei dømte so
At dei va beggje lika go.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Oppskrift B

TSB F 29: Ungersvein på tinget / Møya som gjekk til sveinen

Oppskrift: 1843 av ukjend samlar etter ukjend songar, Nordhordland.

Orig. ms.: NFS I. Aasen 1a, 126

Oppgjeven tittel: Jomfruæ på Tingje

*

1. Jomfruæ skulde te Ungkaren gaa.
– Skru ru, lumpom pirom, lumpom pirom,
ruttiko, ruttiko reia. –
Aa dan so ska vinna, ska vera tra. –
– Paa Asken graa –
dar stend eit Sraa.
Lumpom pirom aa pirom. –
2. Ho pikka paa Dynnæ me Fingeren sin.
Aa kjære min Ungersvein, du luka meg inn.
3. Aa ingjen so lukà eg inn um Natt.
Aa ingjen so heve eg Stemma satt.
4. Ho spente paa Dynnæ mæ raskan Fot
So Spildrenn' aa Flisenn' dreiv Ungersvein imot.
5. So sette ho seg paa Sengjastokk,
So drog ho utaa seg sin høgraue Sokk.
6. Aa faar eg in kje Fre i Sengjen fyr deg,
So fær eg paa Tingje aa klaga deg
7. Aa Ungersveinen rei, aa Jomfruæ rann
Aa ho kom paa Tingje lengje før han
8. Aa Futen aa Skrivaren dømde so
At dei va no beggje like go'.

Oppskrift C

TSB F 29: Ungersvein på tinget / Møya som gjekk til sveinen

Oppskrift: 1847 av Jørgen Moe etter Bendik Ånundsson Sveigdalen/Felland,
Skafså, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS J. Moe 9, s. 88–90

Oppgjeven tittel: Valiknut

*

1. Skjøn Jomfru salar sin gangar graa
– Helimære Helimæn –
so ri o seg ti ongesvends gaard
– ta meg den ta meg den smukke Maara a skjøn gjiljar ongesven i Løn
for han sovnar –
2. Skjøn Jomfru ho kjæm seg rians i gaar

Ongesvens Dynnar va slegne i laas

3. Ho klappa paa Dyna mæ Fingar smaa
Stat up ongesvend skrei lokun ifraa

4. Engjen Stefne hev eg lagt
engjen lukkar eg ind om Nat

5. ho spænte paa Dynne mæ karske Fot
so Dynna ho dreiv oto Naglemot

6. Ongesvend la seg mæ Stokken ned
Skjøn Jomfru springe at Veggen te

7. ho nippa i has Buksur ho drog i has Brok
Ongesvend Ongesvend snu deg imod

8. Vi du naa soso ti laga deg
saa gjæng eg paa Thinge aa klagar deg

9. Gak du paa Thinge om du so vi
kade meg ei Skiøkje om eg fyjer kje dig

10. Ongesvend kom seg for Øvrigheds Bord
Eg kan enkji faa for Qvinfolkji Ro

11. ti so svora han Øvrigheds Mand
Ongesvend klager si egjo Skam

12. Ongesvend heim af Tinge for
Skjønjomfru sto at so got ho lo.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet. Over oppskrifta står det: (S. Bugges sml. nr. 153)

Oppskrift D

TSB F 29: Ungersvein på tinget / Møya som gjekk til sveinen
Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Bendik Ånundsson
Sveigdalen/Felland, Skafså, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge a, 233–235 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel^{v58}

*

1. Skjøn jomfru salar hó gangaren grå

– .Helimen. –

så ríe hó seg ti ungersvens gár.

– Smukke møyar á skjøn giljar ungersvein i lòn; før han sovnar. –[n24](#)

2. Skj[øn] j[omfru] ho kom seg ríand í gár,
ungersvenns dynner^{v59} va' slegne í lås.

3. Ho klappa på dynni mæ finganne små
Statt upp Ung[ersvenn] skrei lokunne frá

4. Ingjen stevna så hev eg lagt,
ingjen så lukkar eg inn um natt

5. Ho spente på dynni mæ karske fót,
så dynni hó dreiv på tiljemót.^{v60}

6. Ung[ersvenn] la' seg mæ stokkjen ne,
skj[øn] j[omfru] springe hó veggjen ti.

7. Hó nippa í hass buksur, ho dróg í hass brók,
Ung[ersvenn] ung[ersvenn] snuð deg ímót!

8. Vi' dù no saassá ti laga deg,
så gjeng eg på tingjí á klagar deg.

9. Gakk dú på tingji um dú så vi',
kadde meg ei skjøkje, um eg fygjer 'kje dít.

10. Ung[ersvenn] kom seg for øvrihgets bór,
eg kann inkje få for kvinnfolkji ró.

11. Ti så svora^{v61} den øvrihgets mann:
Ung[ersvenn] klagar sí eigjó skomm.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Reinskrift: NFS S. Bugge V, 25–26. Over reinskrifta står det: [[ogsaa i J. M.s Opt.]] Dansk: Utr. XXV.

I reinskrifta finst ei 12. strofe etter Jørgen Moes oppskrift:

12. (J. M.) Ungersvenn heim av tingje fór,
Skjøn jomfrú stó att, so gott hó ló.

TSB F 30 Den vonde kjerringa

Innleiing

Ein ung mann gifter seg med ei gamal kjerring. Det går bra i førstninga, men snart skjønar han at giftarmålet var eit stort mistak, for no er det slutt på nattefreden. Den gamle kjerringa bit han i nasen, riv han i øyra og bit jamvel eit stort stykke av armen på han. Då salar mannen hesten og rid til bispen for å klage, men kjerringa kjem ridande etter på grisepurka si. Bispen prøver å irettesetje kjerringa, men ho slår han på nasen. Til slutt tek mannen seg ein liten båt og ror ut på havet, og når kjerringa ror etter i eit knatrog, går det ikkje betre enn at ho druknar. Men det er framleis liv i henne, og mannen må ty til kniven for å få fred:

Eg ha' meg ein liten Kniv,
Sto saa laust i Skjefte;
Eg kasta den i Kjæringjis Liv,
Aa femten Dævlar ette.
Naa har eg,
Naa fær eg
Baa' Dagjen og
Aa Nattero
For Kjæringji
(Moe 1964: 76).

«Den vonde kjerringa» har vore ei populær vise, og vi har eit titals tekstvariantar av henne, frå ulike delar av landet (Solberg 1993: 223–224). Jørgen Moe, som skreiv opp ei form av visa då han var på innsamlingsferd i Telemark i 1847, seier at ho er «udbredt over de fleste østen- og vestenfjeldske Egne» (Moe 1964: 74). Elles er «Den vonde kjerringa» også oppskriven på dansk og svensk. Den eldste varianten står i Magdalene Barnewitz' handskrift frå siste del av 1600-talet (Tang Kristensen 1901: 27), og ein svensk variant går attende til 1755. Dette er ei avskrift som vart gjort av den islandske bonden Jón Egilsson, og som byggjer på ein svensk tekst. Handlinga følgjer det vanlege mønstret, den ekteskaplege harmonien er snart over:

Fórsta Nat vii Sammen laa,
vii baade kista och klapped',

anden Nat vii sammen laa,
vii baade beed og Napped
(SMB 5:2: 40).

Vidare har vi mange melodioppskrifter av «Den vonde kjerringa», deriblant fire stykke ved Vestlands-samlaren Olav Sande (Ressem 2015: 124–138).

Mange vil nok sjå det slik at «Den vonde kjerringa» uttrykker kvinneforakt. Men det er likevel først og fremst alderen som utset henne for degraderande skjemt. Skjemteballaden er alltid på parti med dei unge, og eldre kvinner – og menn – får gjennomgå. Vidare alluderer «Den vonde kjerringa» ironisk til Jobs bok i Det gamle testamentet. Som Job klagar den unge mannen over vanlagnaden sin til høgre makter. Men til skilnad frå Job blir han ikkje berga frå ulykkene han har fått i hovudet, før han tyr til drastiske hjelperåder.

Moe 1964: 74–76

Tang Kristensen 4

SMB 238

Oppskrift A

TSB F 30: Den vonde kjerringa

Oppskrift: Udatert avskrift av Sophus Bugge etter oppskrift av J. Taasen etter ukjend songar, Bærum, Akershus.

Orig. ms.: NFS S. Bugge II, 45–46.

Oppgjeven tittel: Den slemme Kjærringa

*

1. De hendte sig en Lørdagskvæl,
je skulle ut aa fria
møtte mei ei gammal kjærring,
je trudde, de var en piga.
– Aldri fekk je dagen go
for den slemme kjærringa
aa aldri fekk je nattero
for den slemme kjærringa. –

2. Den fyste natt, vi laag ihop,
vi kystes aa vi klappas,
den andre natt, vi laag ihop,

vi luggas aa vi nappas.

3. Den trea natt, vi laag ihop,
saa beit 'a mei i næsa,
de var naa vist en tre vekers ti,
je netop kunne læsa.

4. Den fjære natt, vi laag ihop,
saa beit 'a mei i øre,
de var no vist en tre vekers ti,
je netop kunne høre.

5. Saa tok je mei min lille hest,
skulle te presten ria,
kjærringa tok sin saubokk fat,
rei jamte ve mi sie.

6. Presten tok si store^{v62} bok,
aa sette sei tel aa læsa,
kjærringa tok sin krokete kjepp,
slo presten over næsa.

7. Tok je mei min lille baat
aa seilte over sunne
kjærringa tok sitt knatrau fat
aa seilte sammelunde.

8. Saa tok je mei mit lille skib
aa seilte over have,
kjærringa tok sitt grynsaal fat
aa seilte sei te graven.^{k9}

9. Saa tok je mei min lille kniv,
aa den var laus i skjefte,
saa sette je den i kjærringas ræv
aa seisten syler derefter.
– Sea fekk je dagen go
for den slemme kjærringa,
aa sea fekk je nattero
for den slemme kjærringa. –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB F 30: Den vonde kjærringa

Oppskrift: 1912 av ukjend samlar eller Ivar Kleiven etter Marit Runningen,
Vågå, Oppland.

Orig.: Ivar Kleiven 1915. *Lom og Skjåk. Gamal bondekultur i
Gudbrandsdalen*. Kristiania: Aschehoug. 138–139.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Eingong de va ein liten gut
som skulde ut og kjøpe rog –
saa kjøpt 'n se ei gomol kjering
og kom 'kje rogen meir ihog.
– Alder fekk han dagen go'
alder fekk han natte ro
for kjeringen di vonde. –
2. Den fyrste natte 'n hjaa kjeringen laag
da beit ho han i armen,
alder ha 'n havt verre saar
og alder større harmen.
3. Den andre natte 'n hjaa kjeringen laag
Daa beit ho han i si'a,
alder ha 'n havt større saar
og alder verre svi'a.
4. Den treja natte 'n hjaa kjeringen laag
da beit ho han i laare,
alder ha 'n havt styggar' mein
og alder grøddest saare.
5. Den fjore natte 'n hjaa kjeringen laag
daa beit ho han i taae,
alder ha'n havt verre verk
og alder verre klaa'e.
6. Guten tok ein abel-graa hest
og vilde aat bispe ri'e,
kjeringje, paa ei skabbe-merr,
ho heldt se jemt ve si'a.
7. Bispen fann stor-bokje si
og vilde aat kjeringen lesa,
kjeringe ha upp krykkja si
og slog 'taa bispe nosan.
8. Guten tok ein liten baat

og rodd' se ut fraa lande,
kjeringje paa eit reko-bla'
se krafsa fram med hendom.

9. Da tok han se ein større baat
og rodd' se ut-paa have,
kjeringje i eit sorpe-traug
se rodde sjøl te graven.

10. Og guten steig paa baata-bar'
han baade log og skratta,
kjeringje ne' paa havsens bott
ho gjorde baade grov aa krafsa.
– Da fyrst fekk han dagen go',
da fyrst fekk han natte ro
for kjeringen di vonde. –

*

Strofene er ikkje nummererte i kjelda.

Kleiven opplyser om kjelda til denne visa på s. 391: Ette Marit Runningen i 1912.

Oppskrift C

TSB F 30: Den vonde kjerringa

Oppskrift: Udatert av Sæmund Vulsberg etter ukjend songar, Sandsvær, Buskerud.

Sæmund Vulsberg: «Gamalt or Sandsvær.» I: Rikard Berge (utg.): *Norsk Folkekultur. Folkeminne-tidsskrift.*, 10. årgang, Risør: Erik Gunleikson, 1924, 76–77.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. «Naa har væll jei ei kjæring faatt,
– hu er 'te av di goe!
Hu er saa ramm te aa slaa min skrott
som kattæ er te aa skoe.
– Ælldri^{v63} har je dagen go,
hæller ingæ nattero
førr kjæringo! –

2. Første natt je med kjæringæ laa,
klyssæs vi og klappæ.
Andre natt je med kjæringæ laa,
sløss vi som hunden og kattæ.
3. Treæ natt je med kjæringæ laa,
slo æ mei i ryggen.
I fjorten da'r je maatte gaa
og enndæ saa kællt'æ me' «styggjen»!
4. Fjærde natt je med kjæringæ laa,
beit æ mei i øre.
I fjorten da'r je maatte gaa
og itte kunde høre.
5. Mann han tok sin beste hest,
vilde te kjærkæ kjøre.
Kjæringæ tok 'i' mærræbest
og enndæ saa kom æ føre.
6. Mann han tok sin beste prom,
vilde te andre siæ.
Kjæringæ etter i knatraue kom,
kom enndæ te samme tiæ.
7. Mann han klauv opp i et tre,
oppe i di øvste greinær.
Kjæringæ sto paa bakken ner
og kastæ med store steinær.

*

Strofene er ikkje nummererte i kjelda.

TSB F 33 Den huslege bonden

Innleiing

Ein bonde blir vekt i otta av kjerringa si og får ordre om å setje i gang med ymse slags arbeid straks. Først må han til kverna for å male korn, og når det er

gjort, skal han leggje på varmen. Så set han seg til å spinne, og deretter skundar han seg til elva med skitne klede som skal vaskast. No endeleg står kjerringa opp, og ho ber mannen kinne smør i ein fart. Men mannen er så forfjamsa at han blandar oske i smøret i staden for salt. Så skal han hente egg i hønehuset, men når han kjem inn att med sju egg, trur kjerringa han har stole to, for det er ni høner i hønehuset. Kjerringa finn eit ris og bankar opp den stakkars mannen, og jagar han så frå garden. Det komiske grepet med omsnuing av tradisjonelle kjønnsroller – ei brutal kone som bankar opp mannen sin – er velkjent i folketradisjonen. Frå litteraturen kjenner vi det bl.a. frå Holbergs komedie *Jeppe paa Bierget* (1722).

Denne skjemteballaden har etter alt å døme ikkje vore særleg utbreidd her i landet på 1800-talet og finst berre i Telemarks-tradisjonen. I 1863 skreiv Bugge opp «Den huslege bonden» etter Tone Marteinsdotter Høna/Kollberg (1805–1877) frå Lårdal. Også Lindeman og Hans Ross skreiv opp balladar etter Tone Marteinsdotter, som er ein av dei store norske songarane, med meir enn femti balladar på repertoaret (Jonsson & Solberg 2011: 418–420). Landstad har trykt ei form på åtte strofer av «Den huslege bonden» i *Norske Folkeviser*, med tittelen «Den vonde keringi». Den følgjande strofa hos Landstad er ikkje med i forma etter Tone Marteinsdotter:

Han ha' vaskað bommen
han ha' sópað golv,
så gekk han seg i högeloftið
og vekte up garðgjuggi [gardgygra]] sjov.

Formålet med visa er, skriv Landstad, «at vise hvorledes den slemme Kone brugte Manden sin til at løbe alle mulige Erinder for hende, og hvorledes han sprang omkring og forfjamsede sig i sin Angest for Konens Vrede. Han var under Töffelen» (Landstad 1968: 850–851).

Balladen finst over heile Norden, og det er jamvel skrive opp ei fragmentert form på Shetland, på det gamle norrøne språket *norn*. «Den huslege bonden» er tvillaust ein gammal ballade. Den kom etter alt å døme frå Noreg til Island i mellomalderen. Som Vésteinn Ólason har vist, står dei vest-nordiske formene kvarandre nær, jf. likskapen mellom følgjande islandske strofe og ei av Landstad sine strofer:

Ekki þarftu bóndalyrfa
að vera so stimamjúkur,
þú mundir ekki leiða mig
hefði eg verið sjuk.

Aa höyre du deð du bondegút,
du tar 'ki vera sá mjúk;
du var no inki sá ífjór,
deð bilið eg lág sjúk
(Vésteinn 1982: 385–387).

Landstad, s. 850–852

CCF 179

Grüner Nielsen 47 / Tang Kristensen 23

IFkv 86

Liestøl: *Saga og folkeminne*, s. 184–187

SMB 241

Oppskrift A

TSB F 33: Den huslege bonden

Oppskrift: Udatert av Sophus Bugge etter Tone Marteinsdotter

Høna/Kollberg, Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge I, 49–51 (reinskrift)

Oppgjeven tittel: En Skjæmtevisе

*

1. Då de lei te óttemål,
at hanen for te gala,
kjeringji vekkte upp mannen sin,
sill' på kvenni mala.
– Hustru kan no deilde mæ sin bonde. –

2. Som han ha' dåⁿ²⁵ mali
ei tønne eller to^{v64}
så rest'en seg [då] heimatt
å gjor' på varmen go.

3. Som en ha' gjort på varmen
å varmen i ovnen brann,
tok en seg^{en} rukk å sne^æl(d)e,

sette seg te spann.

4. Som en ha' dåⁿ²⁶ spunni
ei sne^ælde eller to,
tok en seg ei klæbytte
reste at åi^{v65} tvo.

[n27](#)

5. Som en ha' dåⁿ²⁸ tvegji
å fagre klæi skjain,^{v66}
han hengde di atte på gar^sle'e
å sjave gjekk en heim

[n29](#)

6. Så reiste seg at høgeloft^{v67}
å vekkte upp hustru si:
«statt upp, statt upp hustru mi,
eg hevⁿ³⁰ tvegji klæi di.

7. Ja lat no ^{væ}l upp dynnanne^{v68}
me eg gjenge inn;
kjeme dei^{v69} på ryggjen min,
skam få nakkjen din.»

8. Så tok ho seg ei kinne,
som sto på ein hjedd:
«no skæ' du bonden kinne
å de skæ' vera sne^øgg.^t»

9. Som en ha' dåⁿ³¹ kinna
å vilde gripe^{v70} ette salt,
treiv en upp ein oskeneve^{v71}
å skjemde ut smøre alt.

10. Så klinteⁿ³² ho ein kling'e
å la uppå ein kjedd:
«no sko' du 'kje bonden få dæ^oguren din,
før hønunne hev vurpi^{v72} egg.»

11. Så tok en sineⁿ³³ tuppur
å neppte i eitt skinn:
«verpe, verpe tuppunne mi^{v73v74}
så fær eg doguren min.»

12. Å hønunn dei va' nie
å eggje^{v75} va'kje hot sjau;
«å skam få deg, du skalkjen din,
no hev du stoli tvau.»ⁿ³⁴

13. Kjeringji reiste at beitekosten,
å braut ho kvisten hare;
fyste dengde ho bonden sin;ⁿ³⁵
jaga han så av gari.

*

Reinskrifta er påført fleire alternative lesemåtar og to ekstra strofer som stammar frå ein annan songar (Høydalsmo). Strofene er nummererte av samlaren.

Over oppskrifta står det: [Haupt u. Schmalder II, Nr. 93. Hoffmann, schles. Nolksheder, Nr. 187. S. 187. Meinert, Kretschmaerk.]

Under oppskrifta står det: (Omtales dansk h. Abr. 5, 23 f. <...> i antiqv. Tskr. 1849–1851 S. 235. 21. Des Knaben Wunderh. II S 420.)

TSB F 40 Hoffmannen, prestekona og presten

Innleiing

Ein mann og ei kone ser ein framandkar kome ridande til gards, og kona seier at dei skal be han inn. Kvar skal gjesten sitje? spør mannen. Han får til svar at gjesten skal ha den finaste plassen ved bordet, og det beste huset kan by på av mat og drikke. Hesten hans skal setjast på stallen, der deira eigen hest står, men som no må nøye seg med sauefjøset. Mannen sjølv går det endå verre med, han skal berre få kvardagskost til mat, og knapt nok det. Dessutan må han overlate både kone og ekteseng til gjesten.

Det finst i underkant av ti tekstvariantar av denne balladen, som truleg er dansk opphavleg. Den eldste teksten – og melodien – vart oppskrive av

Lindeman i slutten av 1840-åra, då han var på innsamlingsferd i Valdres. Her møtte han Andris Eivindsson Vang (1795–1877) som song «Hoffmannen, prestekona og presten» for han, og mange andre viser. Andris Vang er ein av dei aller fremste norske folkesongarane (Gaukstad 1997: 19–23, 432). Dei andre tekstvariantane er frå Telemark og finst i Rikard Berges samlingar. Av melodivariantar har vi ti, nokre av desse er oppskrivne relativt seint, etter 1950 (Ressem 2015: 139–148).

På dansk har denne skjømteballaden vore svært vanleg, den «er en af de almindeligst forekommende af alle vore skjæmteviser», skriv Evald Tang Kristensen (Tang Kristensen 1901: 207). Også på svensk finst det ei mengd variantar. Den eldste teksten er eit skillingstrykk frå 1807, og særleg mykje eldre er knapt denne visa (SMB 5:2: 79–102). Her er det ein såkalla sjudare som kjem på besøk, ikkje til noko prestepar, men til ein bondefamilie. Kanskje er det ein salpetersjudare, som kjem for å hente urinfylt jord? Slik jord vart frå gammalt systematisk samla inn hos bøndene i Sverige og brukt til å tilverke salpeter, som igjen var viktig i krutproduksjonen:

Det kommer en Sjudare ridande sade Bonden,
Stig straxt ut, ben gå in, Swarade Bondens Hustru.

Hwar skall den Sjudaren sitta sade Bonden,
På en stol, wid mitt bord, Swarade Bondens Hustru
(SMB 5:2: 79).

«Hoffmannen, prestekona og presten» er også registrert på islandsk.

Denne balladen kan karakteriserast som ei samtaleviser, der komikken oppstår gjennom replikkvekslingane mellom ekteparet, som oftast eit prestepar. At det nettopp er ein prest som blir latterleggjord på denne måten, har utan tvil gjort sitt til at visa har vore populær, for mange likte godt å hengje ut nettopp denne embetsmannen. Det har truleg samanheng med antiklerikalismen, eit velkjend fenomen i norsk og europeisk kulturhistorie. Elles er det sjølv sagt slik at hoffmannen sosialt står over presteparet, og det ville vore krevjande for presten om han skulle setje seg opp mot ein gjest så høgt på strå. Samtale-teknikken er elles den same som i «Friarane» (TSB F 5), og balladen har også ei liknande oppbygging, der høgdepunktet kjem med samleiet i dei siste par strofene.

Gaukstad 1997: 432

SMB 243

Stofnun Árna Magnússonar, lydbandopptak GI E 68/118

Tang Kristensen 62

Oppskrift A

TSB F 40: Hoffmannen, prestekona og presten

Oppskrift: Udatert av Andris Eivindsson Vang etter ukjend songar, truleg frå Valdres, Oppland.

Orig. ms.: NFS O.M. Sandvik 2 nr. 12, 10–11.

Oppgjeven tittel: Præsten o Hømand.

*

1. Kor ska Præsten sita helst? sagdø Hømand
Paa æin Stol burt i Ro'n sagdø Præstens Hustrue
2. Ko ska Præsten drikkø? sa[gdø] Hømand
S<jø>sil øl bland i Vand s[agdø] P[ræstens] Hustrue.
3. Ko ska Præsten ha te Madt? sa[gdø] H[ømand]
Staiktø Sild, surø Kaal s[agdø] P[ræstens] H[ustrue]
4. Kor ska Præst'n ligji helst sa[gdø] H[ømand]
Svinøhuus, Svinøhuus s[agdø] P[ræstens] H[ustrue]
5. Svinøluse bitø me sagde Præsten,
Vend de um, bidt igjen sagde P[ræstens] H[ustrue]
6. Kor ska daa Hømand sita helst? s[agdø] P[ræsten]
Paa min Stol ve mit Bor s[agdø] P[ræstens] H[ustrue]
7. Ko ska Hømand drikkø? s[agdø] P[ræsten]
Mjø o Viin, Brænnøviin s[agdø] P[ræstens] H[ustrue]
8. Ko ska Homand ha te Madt? s[agdø] P[ræsten]
staiktø Hare spikji Gaas s[agdø] P[ræstens] H[ustrue]
9. Kor ska Hømand ligji helst? s[agdø] P[ræsten]
I min Seng paa min Arm s[agdø] P[ræstens] H[ustrue]
10. E mæina Fanden riø de s[agdø] P[ræsten]
Fanden ri, men Hømand meir s[agdø] P[ræstens] H[ustrue]

*

Strofene er nummererte i kjelda.

Oppskrift B

TSB F 40: Hoffmannen, prestekona og presten

Oppskrift: Udatert av Olav Rekdal etter ukjend songar, Vestnes, Møre og Romsdal.

Orig.: Arild Hoksnes & Marit Rekdal (red.) 1984. *Syng som folk. Folkeleg songtradisjon frå Romsdal*. Molde: Romsdal Sogelag. 27–28.

Oppgjeven tittel: Bondens hustru

*

1. Det kom en rytter på vår gård, sagde bonden (rep.)
– Ja, åpne grind og be'n inn,
det er no sikkert vennen min, sagde bondens hustru
2. Hvor skal den rytteren sitte då?, sagde bonden (rep.)
– Jo, på en stol bredvid mitt bord
spille kort og holde for, sagde bondens hustru
3. – Hvor skal jeg selver sitte då, sagde bonden (rep.)
J– o, hos min tøs, udi mitt fjøs
der er plass for slik en knøs, sagde bondens hustru
4. – Kva skal den rytter'n ha til mat, sagde bonden (rep.)
– Jo, eggemat på sølverfat
det smeller i en kongskar ratt, sagde bondens hustru
5. – Kva skal jeg selver ete då?, sagde bonden (rep.)
– Jo, survel kål og råtin ål
går i en bondetølpers krål, sagde bondens hustru
6. – Kva skal den rytter'n drikke då?, sagde bonden (rep.)
– Jo, øl og vin og brendevin
det smeller i en krigsmann inn, sagde bondens hustru
7. – Kva skal jeg selver drikke då?, sagde bonden (rep.)
– Mæramig og einelut
går i en mann som ei vet ut, sagde bondens hustru
8. – Kvar skal den rytter'n ligge då?, sagde bonden (rep.)
– Jo, på min arm, innved min barm
og hvile seg til jeg blir varm, sagde bondens hustru
9. – Kvar skal jeg selver liggje då?, sagde bonden (rep.)

– Under min lo, bredvid min so
der ligger du i goden ro, sagde bondens hustru

10. – Jeg tror at Satan rider deg, sagde bonden (rep.)

– Nei, Satan rider deg, mens knekten rider meg
og slik får hver forlyste seg, sagde bondens hustru.

*

Strofene er ikkje nummererte i kjelda.

I kjelda står det følgjande om visa: Olav Rekdal kalla denne visa «halvmørkevise». Ho toler med andre ord ikkje fullt dagslys. Han innrømmer at han har ordna på eit par uttrykk slik at ho ikkje skal bli for stygg. Visa er skreven ned på Rekdal.

Oppskrift C

TSB F 40: Hoffmannen, prestekona og presten

Oppskrift: 1950 av Arnt Bakke etter Julie Sørensen, Tromsø, Troms.

Orig.: Arvid Matheussen (red.) 1981. *Viser i nord. Nordnorsk Viseforums første samling*. Oslo: Tiden. 44–45.

Oppgjeven tittel: No kommer han Hoppmann

*

1. No kommer han Hoppmann riandes i dag, sagde presten.

No kommer han Hoppmann riandes i dag, sagde presten.

La han komme, la han komme! svarte prestens hustru.

La han komme, la han komme! svarte prestens hustru.

2. . Hvor skal han Hoppmann sitte idag? sagde presten .

. I min gyldne lenestol, svarte prestens hustru .

3. . Hvor skal jeg da sitte idag? sagde presten .

. På min skitne dørestokk, svarte prestens hustru .

4. . Hva skal han Hoppmann spise idag? sagde presten .

. Han skal spise laks og smør, svarte prestens hustru .

5. . Hva skal jeg da spise idag? sagde presten .

. Sure sild og råttene kål, svarte prestens hustru .

6. . Hvor skal han Hoppmann ligge i natt? sagde presten .

. I min seng og i min arm, svarte prestens hustru .

7. . Hvor skal jeg da ligge i natt? sagde presten .
. I mitt skitne svinebol, svarte prestens hustru .
8. . Enn om svinan bit meg då i natt? sagde presten .
. Bit dem deg, så bit igjen, svarte prestens hustru .

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

I kjelda står det at Julie lærte visa av far sin, Wilhelm Iversen i Kallfjord.

TSB F 45 Per spelemann [Ola Bondsen / Nils Bådsmann]

Innleiing

Visa om Per som selde kua og kjøpte igjen fela, er ei av dei best kjente folkevisene vi har. Den hører til i kjernerepertoaret av norske songar, og har stått i allsongbøker, skulesongbøker og barnesongbøker i over hundre år. Den versjonen som står i songbøkene har blitt allemannseige etter at den kom ut i Elling Holsts *Norsk Biledbog for Børn* i 1888. Denne boka var den første norske fargelagte barneboka, og ho kom i nye opplag heilt opp til 1989. I boka brukte Elling Holst barnerim og songar som han hadde frå eigen familietradisjon, og dermed vart songar, som tidligare hadde levd i lokale variantar, standardisert. Dessutan trykte han berre éi tekststrofe. Først i 1903, då Hulda Garborg gav ut første heftet av *Norske folkevisor*, kom det fire strofer på trykk, og det var denne versjonen som kom inn i skulesongbøkene.

I Noreg har vi nokre få eldre oppskrifter av skjemteballaden der hovudpersonen heiter Ola Bonsen, Jon Båtsmann eller noko liknande. Desse eldre skjemteballadane skil seg frå den kjente Per spelemann i slutten. I ei oppskrift som Rikard Berge skreiv opp etter Hæge Ansteinsdotter Kilan/Findreng i Lårdal i 1913, spelar Jon Baasmann så alle dansa, men då han

skulle heim, mista han både fela og sekken i bekken. Kona, Katterina, dengde han, og han måtte love at han aldri meir skulle gjere henne imot. I ein tekst som Lindeman skreiv opp etter Henriette Scheldrup i Sokndal i Rogaland, gjekk det ikkje betre. Ola Bonsen selde kua og kjøpte seg ei fele. Han spela både til barsel og til bryllaup og futen vil ha han til å spele, men då Ola ville ha pengar, jaga futen han. Han måtte springe over ein bekk, og der mista han både fela og sekken.

Den eldste oppskrifta av denne visa står i ei dansk adelshandskrift frå ca. 1580. Der går det ikkje betre. Nis Bossen selde kua si og kjøpte fele. Han går for å spele i ein fest, men når han ikkje får pengar, vil han heller ikkje spele. Då bankar dei han opp og knuser fela hans, og når han kjem heim, bankar kona han opp.

I sein mellomalder omfatta laugssystemet også stadsmusikarane, som hadde privilegium til å spele i bryllaup og selskap. Når Ola Bonsen prøver seg som ulovleg spelemann er han dømd til å mislukkast, og til slutt blir han prylt av kona si. I skjemtevisene går vald og valdeleg åtferd igjen. Mannen er latterleg fordi han ikkje lever opp til rollemønsteret, men blir prylt av kona. Dessutan er han latterleg fordi han trur han kan leve av å spele utan å gjere skikkeleg arbeid.

SMB 244

Oppskrift A

TSB F 45: Per spelemann

Oppskrift: Udatert av ukjend samlar, truleg etter Henriette Schelderup, Sokndal, Rogaland.

Orig. ms.: NB Mus ms 2608, 1–2.

Oppgjeven tittel: Ola Bonsens Vise.

*

1. Ola Bonsen han hadde saa stor en Uroe
Før han fik sæg^{le}le sin eneste Ko
– Og kjøpeba sig atte eni Fela. –
2. Aa daa Ola Bonsen den Fela fæk
Te Barsel og Bryllup han ofte gjiek
– For han hadde faat seg æ^{ei} Fela. –

3. A Ola Bonsen han gik seg til Futens Gaard
Aa Futen ute^afor Døra staar
– Sjaa naa hæ eg finni^e ei Fela. –
4. Aa hæ du naa faat ei Fela for dæg
Saa lyt du spela paa Fela for meg
– Si du ha ^{naa} faat deg e Fela –
5. Ja ska eg spela paa Fela for deg
Saa ska du letta paa P^ungjen for meg
– For eg ha faat ^{mæg} ei Fela. –
6. Aa Futen drog ut sit rustete Spjut
Saa jagte^{jagt'} han Ole Bonsen paa Døra ut
– Du ska faa Skam for di Fela. –
7. Ola Bonsen han sprang seg over ein Bæk
Der myste han baade Fela og Sæk
– Gøudd bera meg for mi Fela –
8. Om eg bli gamal som Mø^{aa}se paa Tu
Saa sk^ua eg 'kje kjøbe meg Fela for Ku
– Godd bera meg for mi Fela. –
9. Om eg blei gamal som Mose paa Træ
Saa sk^ua eg kje kjøbe mig Fela for Fæ
– Godd bera meg for mi Fela. –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

I høgremargen utanfor dei to første strofene står det ei melodioppskrift, og over ho står det: Jfr. Henriette Scheldrup

Visa er den første i eit hefte med 12 viser. Over visa står det slik overskrift med blyant: 12 Viser fra Soggendal(?) i Christiansands Stift Mange av visene er skrivne med ei anna handskrift enn Lindemans.

Oppskrift B

TSB F 45: Per spelemann

Oppskrift: Kring 1900 av Nils H. Magerøy etter ukjend songar, Ålvundeid, Møre og Romsdal.

Orig.: Nils H. Magerøy og Arne H. Magerøy (utg.) 1943: *Gamle visor og kvedor*. (Norsk Folkeminnelags skrifter, 52.) Oslo: Norsk Folkeminnelag. 47–48.

Oppgjeven tittel: Nils bodsmann

*

1. Nils bodsmann han hadde ei einaste ku.
Den bytte han burt for ei feile så god.
– «Au, bedre me for feilitten, feilitten, feila mi!» –
2. Nils bodsmann han sprang ive konningens bekk.
Der slepte han ned både feile og sekk.
3. «Nei, um e bli gamal som mose pao bru,
så kjøpe e aldr meir feile fer ku.
4. Nei, um e bli gamal som muggel pao graut,
so kjøpe e aldr meir feile fer naut.
5. Nei, um e bli gamal som mose pao eik,
so ska e vel aldr meir spela ein leik.

*

Strofene er nummererte i kjelda.

Denne visa vart også trykt med mest identisk tekst av P.M. Gjærder i Gamle visestubbar og rim ifraa Nordmøre og Romsdalen i 1908, truleg etter oppskrifta av Nils H. Magerøy. Magerøy skriv såleis i innleiinga si at nokre av visene han samla kring 1900 kom på prent hjå Gjærder, men med «mange veilor».

Oppskrift C

TSB F 45: Per spelemann

Oppskrift: Udatert av ukjend samlar etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig.: *Norske folkevisor*, 1. Med ei utgreiding um vise-dansen av Hulda Garborg. (Norske folkeskrifter, 8.) Oslo: Norigs ungdomslag og Studentmaallaget, 1903. s. 32.

Oppgjeven tittel: Per spelman

*

1. Per spelman han hadde ei einaste ku
Han bytte burt kui, fekk fela igjen!

– «Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi!» –

2. Per spelmann han spela og fela ho lét
saa gutane dansa og gjentune gret.

3. «Og um eg vert gamall som stein under bru,
saa aldri eg byter burt fela i ku.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

I tredje opplaget (1904) vart det teke med ei strofe til:

4. Og um eg vert gamall som mose paa tre,
saa aldri eg byter burt fela i fe.

Kjelda til melodien og første strofa er Norsk Billedbog for Børn, utgjeve i 1888 av Elling Holst. L.M. Lindeman har ei nær identisk melodi- og tekstoppskrift frå 1874 etter far hans, Adolph Theodor Holst frå Drammen (NB Mus ms 2456/1874, nr. 2, jamfør oppskrift C i melodibandet). Kjelda til dei andre strofene er ukjend.

Oppskrift D

TSB F 45: Per spelemann

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Hæge Ansteinsdotter Kilan/Findreng,
Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCLX, 81–82.

Oppgjeven tittel: Katrine aa Jon Baassmann.

*

1. Jon baassmann han spila aa fiolen klang
aa alle dei i stògo va' dei dansa aa sprang.

2. J[on] b[aassmann] vill' heim-att tì Katterina sin,
sò tok 'n mæ seg baatte fela aa fiolsekken sin.

3. J[on] b[aassmann] han steig sò ivi ein bekk,
sò reiste der av baatte feol aa feolsekk.

– Aa bære meg aa naada^{v76} meg
fe den skjønnen feolsekkjen aa fela mi. –

4. J[on] b[aassmann] kaam heim-att tì Katterina sin:

Hør' hev du gjort av fela aa feolsekk~~en~~ din-

5. Aa eg steig meg sò ivi ein bekk,
aa sò resste der av baatte fela aa feolsekk.

– Aa hu aa hei, aa naada mei
fòr den skjønne feolsekkjen aa fela mi. –

6. Aa midt-uppaa gòlve der heldt di ting,
aa der dengde 'o Jon b[aassmann], mannen sin

7. Aa om eg bli sò gamal som mòse paa rot,
sò skò eg aller gjera Katterina imot.

8. Aa [om eg bli sò gamal som mòse paa] graa stein,
sò sko [eg aller] gjera K[atterina] mein.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Etter oppskrifta står det at Hæge hadde visa etter «godmori» Kristi Aase.

TSB F 46 Beltevisa [Beltet mitt]

Innleiing

Ein mann eller ei kvinne reiser til kyrkje ein søndagsmorgon og spenner det fine beltet sitt kring livet. Når eigaren av beltet kjem fram, bind han eller ho hesten sin i stette, dvs. i ein stolpe eller ei lita trapp, mens folk helsar med hatten og glaner storøygde på beltet. Inne i kyrkja held dei fram med å glane, så dei gløymer heilt å syngje! Presten står for altaret, men når han oppdagar det fine beltet, gløymer han å kalle på Gud. Bispen er også i kyrkja, og han tilbyr hest og vogn for beltet, mens presten vil gje to stutar. Sjølvaste kongen melder seg på og vil ha beltet. Han tilbyr sin eigen son og halve riket på kjøpet til eigaren av beltet, som i dette tilfellet er ei kvinne. Ho synest likevel det er i minste laget. Men måndagsmorgonen byter hovudpersonen beltet bort i eit par fillete hanskar, i rein tankeløyse.

Det finst mellom tjue og tretti variantar av denne skjemteballaden. Dei fleste variantane er frå Telemark, men visa er også funnen i Vestfold og Hordaland. Sophus Bugge skreiv opp fleire variantar i Telemark. Ingebjørg Trondsdotter Troddedalen (1821–1877) var ein av dei Mo-songarane som kunne visa. Ho kunne meir enn tjue balladar i alt (Jonsson & Solberg 2011: 476–479). Vi har også fleire melodioppskrifter av «Beltevisa» (Ressem 2015: 156–168). Ei oppskrift som Lindeman gjorde etter Axel Christian Smith Arbo i 1851, er eldst.

Landstad trykte «Beltet mitt» i *Norske Folkeviser* (Landstad [1853] 1968: 647–649). Han var klar over at strofer derifrå lett let seg innpasse i «Draumkvedet» og nemner særleg tre av dei strofene han under tvil tok med i den redigerte Draumkvede-forma si, deriblant denne:

Presten, som fram fer altari stoð
alt með si lærðe tunge,
og rett som han mit belti såg
han glöymde báð' lesa og syngje
(Landstad [1853] 1968: 70).

Landstad hadde desse strofene frå ei lang og omstendeleg Draumkvede-form, som lærar og klokkar i Vinje i Telemark, Nils Sveinungsson, hadde fått i stand i 1820-åra. I denne forma er det fleire strofer frå «Beltet mitt» (Blom 1982: 110–115). Truleg har situasjonen i kyrkja letta overgangen av strofer frå «Beltet mitt» til «Draumkvedet»: nokon kjem inn i kyrkja, og vedkomande skil seg sterkt ut frå dei andre kyrkjegjengarane. Det er elles verdt å merke seg at «Beltevisa / Beltet mitt» er ein kjønnsnøytral ballade. Både eg-forma og handlinga gjer at hovudpersonen med enkle grep kan vere mann eller kvinne, slik songaren ønskjer.

I det gamle bondesamfunnet var beltet eit viktig uttrykk for makt og rikdom. Eg-personen med det storslegne beltet kan derfor sole seg i glansen av klesplagget sitt – men så snur han brått om og seier at beltet er verdlaust. Ved dette grepet blir det klart at eg-personen har ført alle bak lyset. «Beltevisa» er ei skrøne- og lygeviser som avslører dei rike og mektige som griske og grådige. Derfor treng dei ein lærepenge, og det får dei i visa (Solberg 1993: 250–253).

Balladen finst også på dansk, islandsk og svensk.

DFS 10 bl. 54 b

IFkv 107

SMB 245

Oppskrift A

TSB F 46: Beltevisa [Beltet mitt]

Oppskrift: Sophus Bugges avskrift av udatert oppskrift av Jørgen Moe etter ukjend songar, Hardanger.

Orig. ms.: NFS S. Bugge III, 71.

Oppgjeven tittel: Belte. I.

*

1. En Søndagsmorgo i detta Vaaur
æ vilde te Kyrka rie,
da vilde æ taka mitt Belte paau,
dæ skulde i Souli skine.
– Hei Vallan vei, i Rosenslund der kjender de meg saa mange –

2. De va' no saa blankt dæ Belte mitt,
dæ glinsa tio Mila,
aa kvor en Ongkar, som påu dæ såu
dei loto te aa smila.

3. Naar æ kom påu Vegjen fram
æ fill i såu ondeli Tankar,
æ vilde 'kje selja dæ Belte mitt
fe eitt Par gamla Hanskar.

4. Presten hadde tvo Stutar,
begge dei va' kvite,
æ vilde 'kje selja dæ m Belte mitt,
æ totte, dæ va' for lite.

5. Presten bau me såu mykje Gull,
han våug dæ opp i Skåulir,
æ vilde 'kje selja dæ Belte mitt,
da var æ vist ein Dåure.

6. Dæ va' kje saa kostbart Belte mitt,
som mange kunne tenkja,
dæ va' taa Salt aa Sildarest,
Kråukagudl aa Halmstråu.

*

Strofene er nummererte av samlaren.

Etter tittelen står det: (II, 139. Under tittelen står det: (J. Moe: Hardanger)

Oppskrift B

TSB F 46: Beltevisa [Beltet mitt]

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Ingebjørg Tronndotter Troddedalen, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge VIIIb, 372–373 (reinskrift med ukjend hand)

Oppgjeven tittel: Belte.

*

1. Eg va' no meg so liten en Gút
å peningannⁿ³⁶ dei va' kje mange,
so kaupte eg meg eit belti
eg ville mæ skruvli å skramle.
– På Hurromhei her nóra fy lándí der kjenner dei mei. –
2. So reiste eg meg at kyrkja
hesten min batt eg i stikke^{k10}
å alle dei, som mitt belti såg
dei lyfte på hatt å hette.
3. So gjekk eg meg inní kyrkja
eg mónne på knéa^{k11} falle
alle dei som [mitt belti] såg,
dei gløymde bådi Gud å alle.
4. Presten, sóm for altaren stod
alt mæd sin lærde tunge
når han fékk mitt belte åⁿ³⁷ sjå
då gløymde'n bådi lesa å sjunge.
5. So bau dei meg tvo hestar
å bæ so va' dei bróne
men eg ville inkje mitt belte selje
eg totte de kúnna 'kje móna
6. So b[au dei meg tvo] stútar,
[å bæ so va' dei] kvíte,
[men eg ville inkje mitt belte selje]

[eg totte] de va' for líti,

7. So bau dei meg både Sylv á Gull
ville mæle ti meg úti skálar,
men eg ville inkje mitt belte selje
eg tótte de va' for hånlegt.

8. So reiste eg meg her nórafjólss
á kullen va' mykje har<e>
so bytte eg burt mitt belte
fekk att ^{et} par fille hanskarⁿ³⁸

9. Mitt belte de va' no inkje so rart
som de no uttapá glimeⁿ³⁹
reimanne va' útav rugⁿ⁴⁰hámstrá,
áⁿ⁴¹ sylvi útav silleflúsur

*

*Reinskrifta er ikkje skrive av Sophus Bugge, men tittel og nokre
kommentarar er ved han.*

Oppskrift C

TSB F 46: Beltevisa [Beltet mitt]

Oppskrift: 1915 av Hans Brække etter Henrikke Nilsen, Brekke, Sandar,
Vestfold.

Orig. ms.: NFS H. Brække I, 1–4 (reinskrift på skrivemaskin)

Oppgjeven tittel: Bælte mett.

*

1. Tidlig en søndags morræ
jæ skulde te kjærkæ rie,
saa bandt jæ om mæ bælte mett
og snørte det saa hart om livet.
– :/: Ikkje kjendte de mæ ikkje rullæren min. :/: –

2. Og da jæ naa te kjærkjæ kom
saa bandt jæ min hest i styttae.
Di glante saa møe paa bælte mett,
di lyftæ paa hatten og helsæ.

3. Og da jæ naa i kjærkæ kom
bynte di ælle aa sjunge.

Di glante saa møe paa bælte mett
di kunde ikkje røre si tunge.

4. Og præsten som for æltret stod
han glømte sin gud at paakalde.
Han glante saa møe paa bælte mett
han likæ det fram for alle.

5. Og bispen baud mæ hestær og vogn
saa møe som jeg^æ vilde kjøre.
Om jæ vilde ta det for bælte mett
jæ stod og vil' ikkje høre.

6. Og presten baud mæ stutæne to
og bægge saa var di naa gvite.
Om jæ vilde ta det for bælte mett
jæ tømte det var noko lite.

7. Og kongen baud mæ sonen sin
og hælvtæ utav set rike.
Om jæ vilde ta det for bælte mett,
jæ tømte det var noko lite.

8. Og tidlig en maandæs morræ
jæ stod i mine ægne tankær.
Saa bytæ jæ bort bælte mett,
i ett par fillete hanskær.

9. Og bælte mett det var 'kkje saa rart
Det var flettæ av vierbast
og kantæ med silke og læret.

*

Strofene er nummererte med: 1. vers, 2. vers osv. Omkvedet står etter alle strofene.

Etter teksten står det: Det bemerkes at varianter av visen fra samme sogn, har en avvikelse i vers 8 sidste linje, idet denne istedetfor «i et par fillete hanskær» lyder «i atten fillete hanskær». H. Brække.

Innleiing

Etter at Truls med bogen har tent kongen i femten år utan å få løn, blir han så sint at han tek kongen i hår og skjegg og kastar han opp på den femte vegg. Uttrykket «den femte vegg» kan vere femte stokken i eit lafta hus, men her er det nok heller meint taket.

Deretter skildrar teksten fleire karstykke, men komposisjonen er relativt laus. I fleire variantar skyt han ein bjørn som han flår. Skinnet vil han gje til kongen, men han vil ikkje ta imot det. Truls drikk seg full på vertshuset og kjem opp i eit slagsmål, og der gjer han reint bord. Han stel pengane frå ein bonde og møter tre som flår ein hest. Han slår seg saman med dei. I ein variant saumar han ein av merraflåarane inn i magen på merra.

«Truls med bogen» kan minne om helten i eit eventyr som Peter Christen Asbjørnsen kalla «Mumle Gåsegg». Både Truls med bogen og Mumle Gåsegg har tent hos kongen utan å få løn og hemner seg på han for det. Asbjørnsen hadde høyrte eventyret av ei gamal kone i Oslo, men eventyret er også godt kjent rundt om i landet, og det er spesielt mange oppskrifter frå Telemark. Det er ikkje utenkjeleg at skjemtevisa og skjemteeventyret har påverka kvarandre.

I Ludvig Mathias Lindemans samlingar er det heile 17 melodiar til denne visa. Olav Sande, Catharinus Elling og Ole Mørk Sandvik har kvar skrive opp tre melodiar. Rikard Berge og Eivind Groven har dokumentert fire melodiar, men melodisamlarane har stort sett berre skrive opp éi strofe.

I Danmark finst det ein variant på dialekt frå Bornholm. I Sverige finst det fleire variantar, den eldste står i eit skillingstrykk frå 1690-talet. Det er stort samsvar mellom dei nordiske variantane.

Landstad 92

SMB 246

Oppskrift A

TSB F 53: Truls med bogen

Oppskrift: Udatert av ukjend samlar, truleg etter Henriette Schelderup,

Sokndal, Rogaland.

Orig. ms.: NB Mus ms 2608, nr. 3 (Lindemans manuskriptsamling)

Oppgjeven tittel: Truls med Bogin.

*

1. Truls han tente i Kongens Gaard
I førretyve Uger og dertil et Aar
– Gi me Løn sa'gde Truls med Bogin –
2. Aa Lønner har du inte fortjent
Min gode Haglebørse har du udskjemt
– Hæ me^{eg} de sa'n Truls med Bogin. –
3. Truls tog Kongen og sætte han te'n Væg
Saa reiv han af'n hæn baade Haar og Sjæg
– Naa æ du snau san [Truls med Bogin.] –
4. Aa Truls han gik i Borgstuen ind
Der sad tre Studenter^{v77} drak Mjød og Viin
– Drik me te san Truls [med Bogin.] –
5. Aa hvorfor skulle vi gjøre det
Du har ikke en Skilling at lægge te
– Hæ eg kje de sa'n Truls [med Bogin.] –
6. Saa skjøv han Studenter^{nev78} i en Bæk
Der mistet de sin Pengesæk
– Slikt var mit sa'n [Truls med Bogin.] –
7. Aa glad henad Veien Truls naa gaaer
Der saa han en Bjødn hadde lause Haar
– Sit Du der sa'n [Truls med Bogin.] –
8. Aa Truls han spendte sin Boge for Fod
Saa skaut han den Bjødn i Hjerterod
– Naa er du dau sa'n Truls [med Bogin.] –
9. Aa Truls han blei naa staaande der
Saa saag han tre Soldater som flaadde e Mær
– Flaa fort sa'n [Truls med Bogin.] –
10. Di tvo di opetter Bakjen sprang
Den trea han innæ i Vomma slang
– Lig naa stil sa'n [Truls med Bogin.] –
11. Aa Truls han gik te sin bedste Ven
Laante Naal og Traad sydde Vomma igjen

– Vintrehus sa'n [Truls med Bogin.] –

12. Aa Truls han spendte sin Slæde med Lær
Saa drog han afsted med si blinna Mær
– Gaa naa fort sa'n [Truls med Bogin.] –

13. Aa Truls han reiste te Kongens Gaard
Ude for Døra Prindsessa hu staar
– Stend^{Kjøb} du Bjødn? sa'n [Truls med Bogin.] –

14. Foj han er rodden han har lause Haar
De laug du di Bikja e skaud han igaar
– Bli naa vil sa'n Truls [med Bogin.] –

15. Prinsessa ho blei saa idla ve
Han kaldte henne Bikja hu likte ikje de
– Slatta me sa'n [Truls med Bogin.] –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB F 53: Truls med bogen

Oppskrift: 1851 av Ludvig Mathias Lindeman etter Anne Stålesdotter
Mæland, Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: NB Mus ms 6874 a, nr. 64 (strofe 1), og NB Ms fol 2128, teksthefte
til NB Mus ms 6874, 8–9 (strofe 2–8).

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Truls tok op sin Baaga for Sne
– for Taliken Svein –
saa skaut han den Bjødn saa þ han þ den dat né.
– lig der, lig der sa Truls mæ Baagan sin. –

2. Some dei flaadde aa Some dei stak
aa Some dei laag ette for Ræva^{k12} aa drak
– Drik ut Drik ut, sa Truls mæ Bogan sin –

3. Truls tok op dæ Bjørneskjinn
saa svæpten dæ atkring hæren^{k13} sin
– Dri gjil, dri gjil sa [Truls mæ Bogan sin] –

4. Truls han kom te Kongens Gaar
Prinsessen stoð ute 'va svøbt i Maar
– go Kveld go Kveld sa Truls [mæ Bogan sin] –

5. Ska du 'kje kjøpe dig Bjørneskjin,
Dæ Bjørneskjin dæ raute Skjin dæ raute haar
dæ va skoute ifjor.
Dæ lau du di Tæve e skout dæ igaar.
– d'er mit d'er mit sa Truls [mæ Bogan sin] –

6. Aa Kongen han hutta^{k14} paa Sveinane smaa,
aa før den Skalken i Taarne blaa
– ja nok, ja nok sa Truls [mæ Bogan sin] –

7. Truls han kom ret tis i Teim^{k15},
saa sat der ei Kjetje paa Gruvestein
aa gnei aa svei,
kvi maa jeg kje sitta paa Gruvestein,
kjis ut kjis ut, sa Truls [mæ Bogan sin]

8. Truls drog op dæ raspanne Spjut,
femtan Vægtare jaga'n ut
bissulle lilu bissulle lilu, sa Truls mæ Bogan sin.

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Første strofa står til melodioppskrifta. I tekstheftet står første verselina av denne.

Sophus Bugge har gjort ei avskrift i NFS S. Bugge IV, 9–10.

Oppskrift C

TSB F 53: Truls med bogen

Oppskrift: Udatert av Hans Ross etter ukjend songar, Åseral, Vest-Agder.

Orig. ms.: (NFS-kopi av) NFS H. Ross 13–15, 34–35.

Oppgjeven tittel: Truls mæ Bogjen. (fra Aaserall)

*

1. Truls han ténte i Kungjins Gaar,
han fekk inkje Løn paa femtaan Aar.
– «Gjev Løn,» sa Truls mæ Bogjin.
«Gjev Løn, gjev Løn» sa Truls mæ Bogjin –

2. «Eg hev' inkji anna gjev' deg i Løn,
hell eg gjev' deg min Bogje sò skøn.»
– «Send hítt» sa Truls mæ Bogjin
«Send hítt, s[ənd] h[ítt]» s[a] T[ruls] m[æ] B[ogjin] –
3. Truls han gjekk seg ti Fjoren ni,
so kom der ein Bamse fuksanns derní.
– «Kom hítt» s[a] T[ruls] m[æ] B[ogjin]
[«Kom hítt, kom hítt» sa Truls mæ Bogjin] –
4. Truls han spende sin Bogje fy^or Kne
sò skaut han Bamsen sò hann datt ne
– «Ligg der» s[a] T[ruls] m[æ] B[ogjin]
[«Ligg der, ligg der» sa Truls mæ Bogjin]
5. Truls han slipte si Kniva smaa
sò byrja han ti paa Bjønnen aa flaa
– «Eg flær^{k16}» s[a] T[ruls] m[æ] B[ogjin]
[«Eg flær, eg flær» sa Truls mæ Bogjin]
6. Truls han sløngde den Fell paa Bak,
so gjekk han fram ti Kungjens Gar.
– «Gu Dag!» s[a] T[ruls] m[æ] B[ogjin]
[«Gu Dag, gu Dag!» sa Truls mæ Bogjin] –
7. «Eg trur dennæ Fellen han sleppe Haar.»
«Du laug som ei Hora, eg skaut han igjaar.»
– «Far væl» s[a] T[ruls] m[æ] B[ogjin]
[«Far væl, far væl» sa Truls mæ Bogjin] –
8. Truls han gjekk seg ti Skjenkjarhus,
der sat nokæ Svadda, drakk seg eit Rus.
– «Skjenk hítt» s[a] T[ruls] m[æ] B[ogjin]
[«Skjenk hítt, skjenk hítt» sa Truls mæ Bogjin] –
9. Mi he 'kje den Visen i vaares^{k17} Lann
mi skikka 'kje ti nokø^un fremmin Mann.
– «Halt eitt» s[a] T[ruls] m[æ] B[ogjin]
[«Halt eitt, halt eitt» sa Truls mæ Bogjin] –
10. Truls han gjord^e den Stovaa rein,
dei maatte paa Dyræ kvær einaste ein.
– «Herut,» s[a] T[ruls] m[æ] B[ogjin]
[«Herut, herut,» sa Truls mæ Bogjin] –
11. Truls han sette seg i Høgsætbenk;
han drakk aa takka seg sjav før go Skjenk.
– «Drikk ut» sa Truls mæ Bogjin.

«Drikk ut, drikk ut,» sa Truls mæ Bogjin. –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Moltke Moes avskrift: NFS M. Moe 75, 76–77.

Oppskrift D

TSB F 53: Truls med bogen

Oppskrift: 1902 av Rikard Berge etter Sigrid Rikardsdotter Berge, Vinje, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge XIX, 38–39.

Oppgjeven tittel: Truls m^l ed l^æ bogen.

*

1. Truls han tente i konjens gaar
for sjau aa tjuge daler paa fem aa tjuge aar.
– «Gjev meg løn,» sa 'n Truls mæ bojen. –
2. Konjen svara: «Kvi sko eg jev deg løn
men aller beste boje hev du skòte sond!»
– «Hev eg de!» sa 'n T[ruls mæ bojen.] –
3. Truls tok konjen aa sett 'n imot vegg;
so reiv 'n av 'n baade haar aa sjegg.
– «No æ du snau,» sa 'n T[ruls mæ bojen.]^{k18} –
4. Aa Truls han spennte den bojen for kné,
so skaut 'n den bamsen, so den datt ne'
– «Ligge du der,» sa 'n [Truls mæ bojen]. –
5. Aa Truls han spennte sin bòje for fot;
sò skaut 'n den bamsen i hjarterot.
– «No æ du dau,» sa 'n [Truls mæ bojen]. –

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Etter oppskrifta står det: Mor etter RB. 1902. «RB» må vere Rikard Aslaksson Berge.

TSB F 54 Han Mass og han Lasse

Innleiing

Mass og Lasse skyt ein bjørn og flår han. Dei tek med seg bjørnen til Hosløse by. Der står ei bikkje og gøyr, men Mass grip tak i skinnet på bikkja og vrenger det av. I Hosløse by er det mykje sus og dus. Dei kastar bjørnen inn på golvet så kvinnfolka blir redde. Lasse kokar ein graut så stor at femten kjerringar flyt i feittet. Mass set øltønna på bordet og drikk opp alt ølet. Då blir Lasse sint. Han dreg ut kniven og drep Mass. Denne styrlose festen utviklar seg typisk nok i Hoselause by – den bukselause byen. Men i nokre variantar driv dei også med vanleg arbeid. I 1912 skreiv Torleiv Hannaas opp denne strofa frå Lista:

Mass og Lasse te helvete drog.
Ska me pløya, sa Mass?
Nei, me horva, sa Lass.
Det va bra sa 'n Mass te han Lasse.

Denne visa er dokumentert frå heile Sør-Noreg, men variantane viser at songarane har vore svært kreative. I bjørnejakta ser vi lån frå visa om Truls med bogen, og i ei oppskrift av Rikard Berge etter Hallvard Kaldbast i Mo i Telemark er det ikkje ein bjørn dei skyt, men ein korp så stor at tre hundre djevar åt seg i hel på feittet.

Dei fleste balladane har eit fast omkved som kjem att gjennom heile visa, men i skjemteballadane er det ikkje uvanleg med varierende omkved. I denne visa er omkvedet ikkje berre varierende, men fjerde og femte linja i strofene skal ikkje syngjast, men snakkast som ein samtale mellom Mass og Lasse.

«Han Mass og han Lasse» finst i munnleg tradisjon både i Danmark og Sverige. Den eldste teksten finst i eit dansk skillingstrykk frå 1664. I eit yngre skillingstrykk står han med tittelen *Mas og Las, En norsk Bondedialog*. Grüner Nielsen meiner at den danske skillingstrykketeksten kan ha vore omarbeidd av ei norsk folkeleg viseform, og Tang Kristensen noterer at visa er «såre almindelig»

og svært lik Landstads tekst. Teksten i eit svensk skillingstrykk frå 1851 er også ganske lik Landstads tekst, men har nokre banneord som Landstad har fjerna frå sin tekst.

Til den norske visa er det skrive opp 18 melodiar frå Kragerø, Sokndal, Vågå, Setesdal, Ringerike, Telemark, Grue i Hedemark, Gjerdrum, Kvamsøy i Sogn og Fjordane, Åseral, Flekkefjord, Oppdal, Masfjorden, Romsdal og nokre som ikkje er stadfesta.

I dei olympiske vinterleikane i Oslo i 1952 vart melodien til omkvedet i «Han Masse og han Lasse» brukt som fanfare. Fanfaren er frå den melodien som står i Landstads *Norske Folkeviser*.

Landstad 100

Grüner Nielsen 71

Tang Kristensen 19

SMB 247

Oppskrift A

TSB F 54: Han Mass og han Lasse

Oppskrift: Førre 1840 av Jørgen Moe etter ukjend songar, truleg Hallingdal, Buskerud. Jørgen Moe: *Samling af Sange, Folkeviser og Stev*, 1840, [89]–91.

Oppgjeven tittel: Mas aa en Lasse. (I Hallingdalsk Dialekt).

*

1. Han Mas aa'n Lasse dei gjengo paa Raa

– Tryaa heile Dage te Ende, –

Koslein dei skulde Bjødn faa:

Me skjote 'n, sa 'n Mas,

Aa taka Huæ^{k19} sa 'n Las;

– Seer du de, sa 'n Mas te 'o Lasse. –

2. Aa Mas spændte Baagja up for sit Knæ

– Tryaa heile Dage te Ende, –

Saa skaut en Bjødna, so han trilla ne.

Jagu trilla'n, sa 'n Mas,

Kom tak en fat, sa 'n Las;

– Seer du de, sa 'n Mas te 'o Lasse. –

3. Han Mas drog Bjødn te Hosløse Gal

– Tryaa heile Daga te Ende. –
Der sto ei Bikje me gapandes Kjaft.
Vil 'o bite? sa 'n Mas,
Fan tru 'o, sa 'n Las.
– Siji du de, sa 'n Mas te 'o Lasse –

4. Aa Mas slo Kloe uti Bikjas Sjinn
– Tryaa heile Daga te Ende, –
Aa rængte dæ ut, som før va inn,
Lat 'o døi! sa 'n Mas,
Jaggu nok! sa 'n Las.
– Siji du dæ, sa 'n Mas te 'o Lasse. –

5. Han Mas aa 'n Lasse jingo te Hosløse Huus
– Tryaa heile Dage te Ende, –
Aa der va naa mykjy Leven aa Suus.
Drikke no me! sa 'n Mas,
Te me sturte, sa 'n Las.
– Siji du dæ, sa 'n Mas te 'o Lasse. –

6. Aa'n Mas drog Bjødn paa Stugugaalv
– Tryaa heile Dage te Ende, –
So alle Kvindfolkji i Stugun skaalv.
Vart du ræd? sa 'n Mas,
Fan heldi! sa 'n Las,
– Seer du dæ, sa 'n Mas te 'o Lasse. –

7. Aa 'n Mas aa 'n Lasse dei jingo te Bols
– Tryaa heile Daga te Ende, –
So gripo dei ein Kurv^{k20}, va karsli te Maals.
Han æ heit, sa 'n Mas,
Han æ feit, sa 'n Las,
– Seer du dæ, sa 'n Mas te 'o Lasse. –

8. Han Mas sætte Øltunna uppaa Bole
– Tryaa heile Daga te Ende. –
Saa slo 'n i Halsen kor einaste Dust:
Sjøl Fan drak, sa 'n Las,
Æ va tyst, sa 'n Mas,
– Seer du dæ, sa 'n Mas te 'o Lasse. –

9. Daa vart 'n Lasse so rei^{k21} so ein Tysk
– Tryaa heile Daga te Ende, –
Han sputta aa banna so han va Rysk:
Du ska blø! sa 'n Las,
Faa du Fan! sa 'n Mas.
– Veit du dæ, sa 'n Mas te 'o Lasse. –

10. Daa 'n Lasse trækte ut sin Tolekniv
– Tryaa heile Daga te Ende, –
Aa kjørde'n inn i Masses Liv;
Au, au! sa 'n Mas,
Vart du døi? sa 'n Las,
– Du ska døije! sa 'n Mas te 'o Lasse. –

*

Strofene er ikkje nummererte i utgåva.

Oppskrift B

TSB F 54: Han Mass og han Lasse

Oppskrift: 1848 av Ludvig Mathias Lindeman etter Hans Toresson
Gudbrandstugu, Vågå, Oppland.

Orig. ms.: NB Mus ms 6849, nr. 80 (strofe 1) og NB Ms 8vo 1740, 58–60.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Je kogte me en Rømagraut
– to treⁿ⁴² Dage^{v79} til Ende –
saa femten Kjærringa i Fætte flaut
De va fæit sa'n Mas
de va dæ sa'n Las,
– seer du ~~du~~ det sa'n Mas til om Lasse. –

2. Han Mas han sigta han Las han skaut
dem skaut æn Bjøn aa hen va blaut
de va blaut sa'n Mas
de va dæ sa'n Las

3. Saa la dem da Børsa i en Ro,
saa skaut døm aav en Bjønnaftot
de va fæit sa'n Mas
[de va dæ sa'n Las]

4. Saa la dem en paa en Slæa lang
saa kjølt døm femten Miler i Gang
de va drugt sa'n Mas
[de va dæ sa'n Las]

5. Saa drog han Mas^{Lasse} ut sin lange Holakniv
saa stak han den i Massens Liv

au au sa'n Mas
kjend godt sa'n Lass

6. Den ene kjølde nor og den andre sø
os træffes ikke meer pa en syndoge Jor
kjør fort sa'n Mas
slut g'lk en Lort san Las

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskriftene.

Strofe 1 står til Lindemans melodioppskrift. I tekstoppskrifta er det vist til denne strofa med første verselina og første omkvedet, etterfølgt av «o.s.v».

I margin ved melodioppskrifta står det: Hans Toresen Gudbrandsstuen i Vaage

Avskrift ved Sophus Bugge: NFS S. Bugge IV, 12–13.

Oppskrift C

TSB F 54: Han Mass og han Lasse

Oppskrift: 1910 av Rikard Berge etter Eivind Talleivsson Auversækre, Høydalsmo i Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCVIII, 27–29.

Oppgjeven tittel: Lars aa Masseⁿ⁴³

*

1. Lasrs aa Masse vill' ut aa gaa
– om trettandagen til ende, –
sò saag di ein bamse i bakkjen sto.
«Ser du den?» sa 'n Mass
«Ja, de trur eg,» sa Lars.
– «Ja, tak 'n i vare,» sa 'n Mass ti 'n La|sse|rs,ⁿ⁴⁴ Lars, Lars. –

2. Mass spente bøgjen upp fyri kne
– fòr talikens venn, –
sò skòut 'n dem bamsen i bakkjen.
«Skout eg godt,» sa 'n Mass
«Ja de trur eg,» sa Lars
– «Ja, tak ['n i vare,» sa 'n Mass ti 'n Lars, Lars, Lars.] –

3. Aa Mass drog bamsen tì hovlòuse by,

– for i talikens venn –
sò sto der ei bikkje aa glante i skjy.
«Ser du den,» sa 'n M[ass]
«Ja de trur eg,» sa L[ars]
– «Ja, tak ['n i vare,» sa 'n Mass ti 'n Lars, Lars, Lars.] –

4. Mass slo klo i bikkjas skjinn
– for i talikens venn –
sò vrengde han ut de som førr ha' vøre inn.
«Gjekk de godt,» sa 'n M[ass]
«Ja de trur eg[,» sa Lars]
– [«Ja, tak 'n i vare,» sa 'n Mass ti 'n Lars, Lars, Lars.] –

5. Mass drassa bamsen tì hovlòuse hus
– for [i talikens venn] –
aa der sill' di sita aa drikke seg eit rus.
«Æ du tyst,» sa ['n Mass]
«Ja de trur eg» [sa Lars]
– [«Ja, tak 'n i vare,» sa 'n Mass ti 'n Lars, Lars, Lars.] –

6. M[ass] han koka ein rjomegròut
– [for i talikens venn] –
aa 15 trøllkjerìngar der uti flòut.
«Han æ feit» [sa 'n Mass]
«Ja de trur eg[,» sa Lars]
– [«Ja, tak 'n i vare,» sa 'n Mass ti 'n Lars, Lars, Lars.] –

7. Mass sette øltonna uppaa eit (skaap?)
– [for i talikens venn] –
sò slo 'n i seg kvør einaste taar
«Fy hòss du drakk,» sa 'n Lars
«De gjor gòdt,» sa 'n M[ass]
– «Men tak deg no vare,» sa 'n M[ass] tì 'n L[ars], L[ars,] L[ars.] –

8. Aa M[ass] han drog ut sìn tòllekniv,
– [for i talikens venn] –
sò sett' 'n den i Lars'es liv
«Gjor' de vondt?» sa 'n M[ass]
«Ja de trur eg,» sa 'n L[ars]
– «Ja, kvi tok du deg kje vare» sa 'n M[ass] tì 'n Lasrs, L[ars,] L[ars.]
–

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

TSB F 55 Den store nordmannen

Innleiing

Denne visa skildrar ein mann som er så urimeleg stor at både folk og dyr kan leve på kroppen hans. På ei av tærne hans står tolv jenter som tvinnar tråd, i skjegget hans ligg det ei gås på femten egg, i munnvika hans står tolv karar og fiskar sik, tolv stutar stangast på panna hans, nede på ryggen hans står det tolv karar og treskjer bygg, og så vidare.

I ein dansk variant av visa møter ei jomfru ein riddar. Han spør om ho vil bli kjærasten hans, og det vil ho gjerne om ho får lyske han. Dermed finn ho både dyr og folk på kroppen hans. I dei norske oppskriftene av visa finn vi ikkje noka slik innleiing. Det er heller ikkje noka utvikling eller klimaks. Biletet konsentrerer seg mest om den øvre delen av mannskroppen, men i ein av dei danske variantane sit jomfrua og lyskar mannen i navlen. Deretter kjem det ei strofe med nokre ord som Tang Kristensen ikkje ville setje på trykk. Sophus Bugge var ikkje så prippen, han tok også med ei strofe som fortel at tolv futar held ting i ræva til nordmannen, og i det svarte holet sto det tolv karar og brende kol. Siste strofa går slik:

No er koli brende,
no er mi vise enda
Gjev meg ein vakker Normann.

Humor har ein tendens til å forandre seg gjennom tida. Vitsar kan bli uforståelege etter ein generasjon eller to, men den sprø humoren har klart å halde seg. Små barn ler gjerne godt av slik galskap og tull som finst i visa om den store nordmannen.

Denne visa finst både i Noreg, Sverige og Danmark, men variasjonen mellom oppskriftene er ikkje stor. Evald Tang Kristensen har skrive opp fem danske variantar. I Noreg er visa dokumentert tre gonger. Knut Liestøl skreiv opp fire strofer etter Grundt R. Austegard frå Åseral i Vest-Agder i 1901. Martin Bjørndal skreiv opp seks strofer etter Arne Digernes frå Ørsta på Sunnmøre. Den aller

lengste varianten fekk Sophus Bugge av Margjit Tjostolvsdotter Porsvik i Vrådal i 1857. Teksten er på heile 12 strofer. Dessverre har vi berre ein kladd som han tydelegvis har skrive ned i all hast, men det er ikkje så vanskeleg å fylle ut det han har hoppa over.

Det er ikkje dokumentert nokon melodi til denne visa.

Tang Kristensen 7 A-E

Oppskrift A

TSB F 55: Den stor nordmannen

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Margjit Tjostolvsdotter Porsvik, Vrådal i Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge g, 142–143.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Då eg såg på Nórmandens tå,
der stó tolv píkur å tvinna trå.
– Giv mig en vakker Nórman. –
2. [Då eg såg på] hass leggjebein,
[der stó tolv] karar å slóst mæ stein.
3. [Då eg såg på] N[órmanden]s lår
[der stó tolv] píkur å greiddi hår.
4. [Då eg såg på Nórmandens] buk,
[der stó tolv] karar å trekste rúg.
5. [Då eg såg] uppi hass skjegg,
der låg gási paa 15 egg.
6. [Då eg såg] í hass munnevík,
der sto 12 karar å nappa sík.
7. [Då eg såg] uppi hass panne
[der sto] tolv stútar å stangast
8. [Då eg såg uppi hass] króne,
der dansar tolv folar bróne.
9. [Då eg såg] nepå mandens rygg,
der sto 12 karar å trekste bygg.

10. [Då eg såg] paa hass rævaring,
der stó 12 futar á helt eitt ting.

11. [Då eg såg] i hass sorte hol,
[der stó] 12 karar á brende kol.

12. No æ' koli brende,
no æ mi víse ende.

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB F 55: Den store nordmannen

Oppskrift: 1901 av Knut Liestøl etter Grundi K. Austigard, Åseral, Vest-Agder.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 1, 18a.

Oppgjeven tittel: Den store Normannen

*

1. Paa hans bringebein,
der stend tvo kjempur og slæst med stein;
Ein ser so til I hans næse,
der stend tvo smedar og blæse
– Var det 'kje lækker normann –

2. Paa hans augnebryn,
der stend tvo jentur og drypter gryn;
Ein ser so til øre
Der dreg dei torsken med snøre

3. Paa hans krokutte rygg
~~Der stend tvo menner~~
Under hans tunge
der ligg ein bjørn med unge
Ein ser so til hans krokutte rygg
der stend tvo menner og trøskjer bygg.

4. I hans øyreskjegg
der ligg ei gaas paa femtaan egg.
Ein ser so til hans krokutte kne
der stend toll smaaguta høgge ved.

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift C

TSB F 55: Den store nordmannen

Oppskrift: Truleg 1937 av Martin Bjørndal etter Arne Johannesson Digernes, Ørsta, Møre og Romsdal.

Orig.: Martin Bjørndal 1941. *Segn og tru. Folkeminne frå Møre*. (Norsk folkeminnelags skrifter, 64.) Oslo. Norsk folkeminnelag. 168–169.

Oppgjeven tittel: Ein vaksen nordmann.

*

1. Eg såg meg ned i hans krune,
der sprang dei folane brune.
– Det var ein vaksen nordmann. –
2. Eg såg meg under hans augnebryn,
der stod tolv tauser og dryfte gryn.
3. Eg såg meg under hans nase,
der stod tolv belgar og bles.
4. Eg såg meg under hans muffelskjegg,
der låg ei gås på femtan egg.
5. Eg såg meg under hans haka,
der stod tolv kjerringar og baka.
6. Eg såg meg under hans bringebein,
der gjekk tolv mann og braut upp stein.
– Det var ein gasta nordmann. –

*

Strofene er nummererte i kjelda.

I boka har Bjørndal med fleire viser «ved Arne Digernes» frå 1937. Vi tolkar det slik at Bjørndal skreiv ned etter Digernes det året.

TSB F 57 Tosstein tala til staven sin

Innleiing

Ein mann som heiter Tosstein er ute og går. Han spør staven sin om isen er tjukk nok til å bere han. Staven svarar at dersom han går utpå isen, får han sjå! Tosstein følgjer rådet, men isen brest og han druknar. Mjølet han ber med seg i sekken, blir til vassgraut. Kona hans står inne på land og ser det som skjer, og ho skrattar og ler, for no får ho nye sko. Av skinnet på Tosstein lagar dei ti par støvlar og tolv par sko, og dei finn ei gås med femten egg under hakeskjeget på den digre mannen.

Denne skjemteballaden finst i fleire oppskrifter frå Rogaland, Agder, Hordaland og Telemark. Mange av dei er fragmentariske, og enkelte er blanda saman med andre viser. Under overskrifta «Bánetullar» trykte Landstad to strofer i *Norske Folkeviser*:

Thorstein talað til staven sin:
Thorstein!
meiner du ísen ber meg heim,
i gnellande frosten?

Thorstein steig,
og ísen seig,
alt hans mjöl deð vart til deig.
Heve du tobak Thorstein?
(Landstad 1968: 820).

Hulda Garborg tok med ei form av «Tosstein tala til staven sin» i *Norske Dansevisur* (1913), noko som gjorde balladen kjend i vide krinsar. Elles er ikkje denne balladen registrert på andre nordiske språk.

Det finst eit tjuetals variantar av «Tosstein tala til staven sin». Torleiv Hannaas har skrive opp heile sju variantar, frå Hordaland, Rogaland og Vest-Agder. Tolleiv Madsson Åmdal (1830–1919) var ein av dei som kunne ei god form av denne visa, og Hannaas besøkte han i Iveland i 1911. Tolleiv Madsson var småbrukar men dreiv også som skreddar og skinnarbeidar (Solberg 1993: 272–

274). Vi har også nokre melodioppskrifter av «Tosstein tala til staven sin». Det finst bl.a. ein melodi som vart oppskriven så tidleg som før 1841, mogleg var oppskrivaren Lindeman (Ressem 2015: 222–230).

«Tosstein tala til staven sin» har mykje til felles med viser som «Kråkevisa», «Den store oxen» og «Den store grisen». I desse visene dreiar det seg bl.a. om å nytte ut kroppen til eit digert vesen på best mogleg måte, ein sentral tanke i det gamle bondesamfunnet. Denne effektive utnyttinga har også andre sider, med situasjonskomikk, overdriving utover alle grenser og degradering av av alle som deltek i balladehandlinga (Solberg 1993: 272–274).

Landstad 1854, s. 820

Oppskrift A

TSB F 57: Tosstein tala til staven sin

Oppskrift: Udatert av ukjend samlar etter ukjend songar, Nordhordland.

Orig. ms.: NFS I. Aasen 3, 7c

Oppgjeven tittel: Tosten paa Isen

*

1. Tostein spurde Staven saa.
– Tostein –
kann eg trygt paa Isen gaa
2. Staven svarte Tostein daa
Stig ut paa, so faar du sjaa
3. Tosten ut paa Isen steig
Isen ut fraa lande seig
4. Kallen sokk; aa Posen flaut
alt de Mjøl'e vart thi Graut
5. Ifjor før Jul; tre Mil for dag ^{v80}
(drog dei kallen op paa Sand
6. Kjeringja baade gret aa log
Miste eg kallen so fekk eg daa Sko.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Oppskrift B

TSB F 57: Tosstein tala til staven sin

Oppskrift: 1910 av Torleiv Hannaas etter Anna Larsdotter Åsen, Heskestad, Rogaland.

Orig. ms.: EFA T. Hannaas 434, 25–26

Oppgjeven tittel: Torstein.

*

1. T[orstein] spure staven sin
– T[orstein] –
Meina du isen bere mæg
– i ædelann sa frosstein –
2. Staven svarde T[orstein] så
Stig utpå så får^{v81} du sjå
3. T[orstein] sokk å staven flaut
alt hans mjøl dæ blei te graud
4. Kjæringjæ sto på lann hegra å lo
Gud sje lov nå får^{v82} me sko
5. Hu salte dei fira ho salte dei fem
dei kunne kje trekj'an adle dei
6. Hu [salte dei] ti, hu [salte dei] toll
så trekte dei T[orstein] på stovegolv
7. Kjæringjæ mæ sine kniva små
så begjynte hu te fletta å flå
8. T[orstein]s hu den va vell go
tie par stivla å toll par sko
9. Så blei der ette ein liden lepp
– gjor' hu sæg av ein tolltønna-sekk

*

Strofene er nummererte av samlaren. Over oppskrifta står det: Anna i Hóle: Væl 60 aar. Uppfødd paa Brattebø i Ørdsalen. Bur no hjaa son sin «i ein e bøldæ», paa ein liten heidgard som dei kallar Hole (-a) «Dæ skrivst Åsen», [Her ifraa og til s. 51 etter song og forteljing av Anna 10 juli]

Oppskrift C

TSB F 57: Tosstein tala til staven sin

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Hæge Ansteinsdotter Kilan/Findreng, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCLX, s. 86–87.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Tòstein laag i vòkji skreik
– Tòstein –
aa kjeriingi sprang tì ho blei bleik.
– Vi' du hava tobak, T[òstein] –[n45](#)
2. T[òstein] sòkk aa pòsen flòut,
aa seinst'e blei de kje att ana bare gròut.[n46](#)
3. Ho sprette fe deì fòlane tòlv,
(aa) kjørde kadden heim paa laavegòlv
– uti gnellande fròsten. –
4. Sò slipa 'o upp dei knivane smaa,
somme tì flette aa somme tì flaa.
5. Sò gjor' 'o av den kaddehu
tòll par stevlar aa tòll par sko.
6. Sò ha' 'o att ein liten lepp,
der gjor' 'o av ein tòlltonnsekk.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

[TSB F 58 Kråkevisa \[Den store kråka\]](#)

Innleiing

Mannen gjekk ut i skogen for å hogge ved, men der fekk han sjå ei kråke så stor at han vart redd og sprang heimatt. Kona spurde kor han hadde veden han skulle hente, men han kunne berre seie at han var redd for at kråka skulle drepe han. Kona gjorde narr av han fordi han var redd for ei kråke: «Slikt er stor skam. Har du høyrte at ei kråke har drepe ein mann». I eldre versjonar spenner han sin boge for kne og skyt kråka, men i yngre versjonar brukar han borse. Han spenner fem eller femten hestar for, men hestane klarer ikkje å rikke kråka. Det må fleire hestar til for å få køyrd kråka inn på låvegolv.

Resten av visa fortel korleis han nyttar dei ulike delane av kråka. Skinnen blir til mange par sko, kjøtet blir salta ned til julemat, tarmene blir reip, klørne kunne bli møkagreip, augo til stoveglas. Av feittet støypte han eit bismarpund (ca. 6 kg) lys, med fjørene tekte han alle sine tak, nebbet vart kyrkjebåt og stjerten kunne brukast til segl på skipet hans.

Denne visa har vore svært populær, og songarane har funne på dei utrulegaste måtar ein kunne bruke kråka til. Det er skrive opp over 150 variantar, frå Troms i nord og til Lyngdal i sør. Dessutan er det dokumentert over 100 melodiar.

Visa finst også i Sverige, Danmark og på Færøyane, men visene er svært like. Den eldste versjonen vi kjenner står i ei dansk handskriven visebok frå 1640-åra. Der er det rett nok ei due og ikkje ei kråke, men elles går visa også som «Kråkevisa». Den eldste norske oppskrifta er skriven av Cornelius Thomas Rønnau føre 1809.

Saman med «Per spelmann» (TSB F 45) må «Kråkevisa» vere mellom våre aller best kjende folkeviser. Desse to visene har kome med i alle slags allsongbøker, barnesongbøker og skulesongbøker i over hundre år.

Den versjonen som no står i dei fleste songbøkene, fekk Hulda Garborg av Severin Eskeland frå Stord. Han vart trykt med melodi i avisa *Den 17. mai* 14. mars 1903. Dette var i den tida då Hulda Garborg fekk i gang folkevisedansen, og «Kråkevisa» kom med i første heftet av *Norske dansevisor*, som kom ut same året.

Oppskrift A

TSB F 58: Kråkevisa

Oppskrift: 1840-åra av Olea Crøger etter ukjend songar, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms fol 1803a 2, 8–9 (Landstads manuskriptsamling)

Oppgjeven tittel: Den store Kraaka

*

1. Bonden kjører i Veaskog,
– hei fal ra fal ralleri ra –
saa hørden Kraaka i Londen gol
– de donar i Bondens Forvillomrei –
2. Bonden tenkjer mæ sjave sæg
tru den Kraaka kan dræpa mæg
3. Aa Man spente sin baaje for Kne
saa skaut en Kraaka saa ho falt ne.
4. [n47](#)Saa spenden for dei Faalane ni,
aa Kraaka sprengde alle di
5. Manden mæ sine Faalane taalv
saa kjørde han Kraaka paa Lavegaalv
6. Af Hui gjore han taalv par Reip
af Kløane gjore han Møkagreip
7. Af Neppe gjoren ein Tonnetap
af Skallen gjoren ein Flygleknap [k22](#)
8. Af Foi gjørn et Ølkrus
Af Vængjeni tækte han alle sine Hus
9. Af Ougun gjoren et Villdus Glas
mæ Vængjin tæken alle sine Tak. –
10. Den saam inkje Kraakun kan nytte saa.
Han vorikji vær aa Kraake faae

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrifta byrjar på s. 9. Strofe 4 står skriven vertikalt i høgre margen, og siste strofa står nedst på s. 8. Strofe 4, 9 og 10 er skrivne med litt tynnare penn.

Oppskrift B

TSB F 58: Kråkevisa

Oppskrift: Udatert av ukjend hand i Jørgen Moes samlingar, truleg etter Vilhelmine Ullmann, Christiania.

Orig. ms.: NFS J. Moe 11, 11a–11b.

Ingen oppgjeven tittel.

1. Manden han skulde i Skauen gaae
Saa hørte han Kraaka i Lia gol.
2. Kjærringa hu skulde i Fjøse gaae
Saa hørte hu Kraaka i Lia gol.
3. Kjærringa hu kasta baade Bytter og Spand:
Je trur vist den Kraaka hu tar min Mand.
4. Manden han spændte si Bøsse for Knæ,
Saa skaut 'en te Kraaka saa hu faldt ne.
5. Manden han spændte for Hestane fem,
Men lite Nytte saa gjorde da dem.
6. Manden han spændte for Hestane ti,
Men lite Nytte saa gjøre da di.
7. Manden han spændte for Hestane tolv,
Saa kjørte han Kraaka paa Laavegolv.
8. Manden kom hjem baade skak og skjeiv:
Jeg truer vist den Kraaka har biti mig.
9. Kjærringa kom med si krokete Tand:
Har du hørt noko Kraake har bite en Mand?
10. Af Hue gjore han Kjerkeknep,
Af Næbbe gjore han Tynnetap.
11. Af Skinne gjore han tolv Par Skor
Foruten et Par Tøfler han forærte si Mor.
12. Kjøte salta 'n i Tynner og Kar,
Foruten e Staik han forærte sin Far.
13. Af Tarmene gjore han sju Famner Reip
Af Beina gjore han Møkkagreip
14. Af Bryste gjore han Skriverskatol

Der sat han me sine Skrivere tol.

15. Af Skraave gjore han ganganes Skib,
Det bedste som den Ti paa Østerland gik.

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Øvst på første sida står det: Skrevet af Vilhelmine Ullmann (?) Vilhelmine var fødd i 1816, dotter av Conradine Dunker.

Oppskrift C

TSB F 58: Kråkevisa

Oppskrift: 1903 eller føre av ukjend samlar etter ukjend songar, Stord, Hordaland.

Orig.: Den 17de Mai nr. 29, 14. mars 1903.

Oppgjeven tittel: Kraakevisa. Fraa Sunnhordland.

1. Ma'n han gjekk seg paa veaskog,
– hei fa-ra, paa veaskog. –
Daa sat der ei kraaka i lunden og gol
– hei fa-ra
faltu riltu raltu ra! –
2. Ma'n han tenkte med sjøle seg:
aa tru no den kraako vil drepa meg?
3. Aa ma'n han snudde om hesten sin.
so kjøre han heimatt te garen igjen.
4. «Aa høyr du min man ka eg spørre deg:
kor vart da ov ved'n du kjøre te meg?»
5. «Eg kjøre no ingjen ve te deg,
for kraako hu svor hu sku drepa meg.»
6. «Aa no har eg alder haurt storre skabm!
har du haurt at ei kraaka har drepe ein man?»
7. Men kraako kom itte paa takje aa gol,
aa ma'n han opp gjøno ljoren for.
8. Aa ma'n han spente sin boge for kne,
so skaut han den kraako, so hu datt ne.

9. So sette han fore dei folane ti;
men kraako hu sprengde adle dei
10. So sette han fore dei folane tolv,
daa kjøre han kraako paa laavagolv.
11. So flo han den kraako aa léma 'ne sond,
hu vog inpaa sekstaan aa tjue pond.
12. Ov skjidne so gjore han tolv par sko,
da beste pare forært 'an te mor.
13. Aa kjøte da salt 'an i tødne aa fat,
aa tungo den hadd 'an te julemat.
14. Ov tarmane gjore han talv par reip,
aa kløno dei hadd 'an te møkjegreip.
15. Aa nebben den brukt' an te kjorkjebaat
saa folk kunde sigla paa te aa fraa.
16. Aa mun'n den brukt 'an te mala kodn,
aa øyro dei gjor 'an te tutarehodn.
17. Ov augo so gjore han stoveglas,
aa nakkjen den sett 'an paa kjorkjo te stas.
18. Aa vengjene brukt 'an te tekkja paa hus,
aa revo den gjor 'an te drykkjekrus.
19. Aa den so kje kraako kan nøtta saa
han vør'e kje ver'e ei kraaka aa faa

Strofene er ikkje nummererte i avisa.

Ei mest identisk form kom ut seinare same året i første bandet av «Norske dansevisor» ved Hulda Garborg. Ho skriv at visa er «soleis som dei syng henne paa Stord». Kjelda for denne forma er sannsynlegvis Severin Eskeland. Nest siste strofa her er ikkje med i Garborgs utgåve, og ho er ofte ikkje med i andre utgåver og innspelingar av denne forma.

Oppskrift D

TSB F 58: Kråkevisa

Oppskrift: 1914 av Halvor Gunnerson Kalbast etter Hæge Larsdotter, Mo, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCCXX, 61–64.

Oppgjeven tittel: (Folkevisedans.) (Kraakevisa.)

*

1. Mannen han reiste at veaskog,
– hei fara, at veaskog, –
so høyrde han kraaka i londen gol.
– Hei fa-ra, faltu, riltu, raltu, ra –
2. Mannen gjiekk heimatte aa kjærde seg,
– hei fa-ra, aa kjærde seg –
eg trur kraaka vi drepa meg.
– Hei fara [faltu, riltu, raltu, ra] –
3. Kjeringje tala av se forstand,
– hei fa-ra, av se forstand –
«trur du ei kraake kan drepa ein mann»
– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –
4. Mannen la'e byrsa paa ein kvist,
– hei fa-ra, paa ein kvist –
første skoti skaut han i mist.
– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –
5. Mannen la'e byrsa paa ein stein^{v83}
– hei fa-ra, paa ein stein –
Store kraaka vaho inkji^{sat like} bein.
– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –
6. Mannen la'e byrsa paa sine kne,
– hei fa-ra, paa sine kne –
skaut so den kraaka, so ho datt ne.
– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –
7. So flo dei den kraaka, aa lema ho sund
– hei fa-ra, aa lema ho sund –
ho vog innpaa seksten aa tjuge pund.
– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –
8. So spendte dei fori dei hestane ni,
– hei fa-ra, dei hestane ni –
Kraaka, ho sprengde adde di.
– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –
9. So spendte dei fori dei hestane tolv,
– hei fa-ra, dei hestane tolv, –
so kjøyrde dei kraaka paa laavegolv.

– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –

10. Av hudi, so gjore dei tolv par sko,

– hei fa-ra, tolv par sko, –

det bedste pari forærde dei mor.

– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –

11. Av tarmane gjore dei tolv par reip,

– hei fa-ra, tolv par reip –

Kløane ha'e dei ti mykjagreip.

– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –

12. Av nebbe so gjore dei kjyrkjebaat,

– hei fa-ra, kjyrkjebaat –

so dei konna sigle baddi ti aa ifraa.

– Hei fa-ra, [faltu, riltu, raltu, ra] –

13. [n48](#)

14. Av donen gjore dei dóna blaut,

– hei fa-ra, dóna blaut –

so der konna lidje baadi skrivar aa fut.

– Hei fa-ra [faltu, riltu, raltu, ra] –

15. Den som ei kraaka kan nytte so,

– hei fa-ra, kan nytte so –

den er værd ei kraake at faa.

– Hei fa-ra, faltu - riltu - raltu - ra –

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Over byrjinga av oppskrifta har Rikard Berge skrive med blyant: Truleg boklærd.

Kring kvar mellomsleng er det skrive repetisjonsteikn, som seinare er krota over.

Etter oppskrifta står det: 15 Vers 28/9-14. (Slut.) upr av. Hæge Larsdtr.

Oppskrift E

TSB F 58: Kråkevisa

Oppskrift: 1918–19 av Tora Skolmen etter ukjend songar, Land, Oppland.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCLXXXIX, 41–43.

Oppgjeven tittel: Kraakvisa

*

1. Main han skulde til tømmerskogs gaa
– Salololi og leia –
Saa fek hain nok høre dein kraaka gal
– Salololi og leia –
2. Main gjekk hemat og klaga seg
Je trur dein kraaka vil dræpa meg
3. Hør du main du ska faa skam
tenkjer du kraaka tær en levanes main
4. Main hain spende sin baagaa før kne
Saa skaut hain dein kraaka saa hu dat ne
5. Main hain spænde sin baagaa før fot
Saa skaut'n dein kraaka i hjerterot
6. Saa spende dom føre dei faalaa-a fem
og endda inte fekk rørt eit einaste lem
7. Saa spende dom føre dei faalaa-a ti
Og endda vart da inte noko ta di
8. Saa spende dom føre dei faalaa a tolv
Da kjørde dom kraaka paa stugugolv
9. Ta dona saa gjorde dom dyna blaut
<Dær hor dæ eli'> mangel ein ridder kaut
10. Ta venga saa tekte dom aille sine tâk
Ta r.. saa gjorde dæm suppematfat
11. Ta tarmom saa gjorde dom tommer og reip
Ta beina saa gjorde dom møkjagreip
12. Ta nebbben saa gjorde dom ture og tap
Ta hugui gjorde dom kjærkjiknap
13. Dein kraaka var nyttug te mange slags ting
ta m. gjorde dæm skraiddersyning
14. Dein som inte kan nytte dein kraaka saa
kain k. – a bak^{k23} og late a gaa

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

TSB F 59 Den store oxen [Aksel Torn-visa]

Innleiing

Den store oxen er så stor at hornet hans kan romme femten tønner korn, i øyret hans ynglar ein bjørn, og ei ørn ligg på egg. Då dei slakta oxen vart Hovlandsfjorden heilt raud, og halve fjorden vart fylt med talg.

Visa om den store oxen er ein parallell til «Den store grisen» (TSB F 60) og «Den store kråka» (TSB F 58), og dersom vi går utanom TSB-katalogen finn vi også viser om den store reven og den store osten. Men i motsetnad til desse er visa om den store oxen lite utbreidd. Visa er ei av dei få som ikkje er registrert i Telemark. I 1901 skreiv Knut Liestøl opp ein tekst etter Grundi Austegard i Åseral, Vest-Agder. 17 år seinare skreiv han opp ein liknande tekst etter Gyro, dotter hans. Same året song O.K. Liestøl eit fragment, og Ole Mørk Sandvik skreiv opp ein melodi etter Ole Liestøl; dessutan hadde han fått ein melodi frå Sunnmøre.

Visa er ikkje kjend i Sverige, men Evald Tang Kristensen har skrive opp ein tekst: «Oksefaldet»; men Tang Kristensen skriv at han «kjender ingen form, hverken ældre eller nyere, af denne vise».

Aksel Torn-visa

Ifølgje Nils og Arne Magerøy skulle Aksel Torn vere ein hardhendt lensherre, Axel Gyntersberg, forlent med Helgeland. Han skal ha levd frå ca. 1525 til 1588. Ifølgje tradisjonen skal det ha vore tre viser om Aksel Torn, men berre ei vise var bevart. Denne visa har tydelegvis knytt seg til balladen i seinare tid. Aksel Torn er ikkje ein person i visa, men når Klave og Anna ikkje klarer å greie ut skattar og avgifter som lensherren skal ha, skyt dei hans eigen okse for å betale med kjøtet. Aksel Torn-visa har mange strofer felles med balladen, og alle variantane, også den danske, har liknande meiningslause omkved.

Melodien til Aksel Torn-visa er oppskreven av lokalhistorikaren Harald Strøm etter ein mann i Velfjord. Klara Semb fekk visa av Harald Strøm i 1946, og deretter har visa vore brukt til songdans.

Tang Kristensen 8

Oppskrift A

TSB F 59: Den store oxen

Oppskrift: 1901 av Knut Liestøl etter Grundi K. Austegard, Åseral, Vest-Agder.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 1, 22b.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Den store stuten ha so store honn
at dei tok femtåne tunnur konn

– Bind for bókjen.

linn for løkjen

lindar i løkjen.

Liraa.

Tullar i traa skura klir aa. –

2. Den store stuten ha so store øyro
der yngde ein bjønn og varp ei ørn

3. Den store stuten ha so mykje blo,
at Moglandsfjoren den blei rau

4. Den store stuten ha so mykje tålg
at Hæglands fjoren den blei <h>ålv.

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB F 59: Den store oxen

Oppskrift: 1917 av Knut Liestøl etter Olav Knutsson Liestøl, Åseral, Vest-Agder.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 8, 50.

Oppgjeven tittel: Den store stuten

*

1. Den store stuten ha so store nokæ honn
– trilleritraa –
at dei tok femtaan tunnu konn
– trilleritraa skuræ kliraa. –
2. Den store stuten ha so store nokæ honn
at der varp ei ørn aa øngde ein bjønn

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Etter oppskrifta står det: Nokæ sa øyru i andre verset

O. K. Liestøl 25/6 1917, lært heime.

Oppskrift C

TSB F 59: Den store oxen

Oppskrift: 1940 av Harald Strøm etter Sandra Rørvik, Velfjord.

Orig.: Magerøy, Nils H. & Arne H. Magerøy (utg.) 1943. *Gamle visor og kvedor*. Oslo, Norsk folkeminnelag. (Norsk folkeminnelag, 52). 41–42.

Oppgjeven tittel: Aksel Torn-viso

*

1. Han Klaves spurd' ho Anna so:
– Bom for bøkjen!
Tromom mykjin!
Trillar i løkjen lyra. –
«Ke vi ska ha te slakt iår
– for Aksel Torn?»ⁿ⁴⁹
Tiller i topp! Skur opp lyra! –
2. Ho Anna svara 'n Klaves so:
«Den store uksin i skogje går»
3. Han Klaves lada byrso si;
fire kulor av ei mark bly.
4. Han Klaves la byrso på ein kvist.

Det fyrste skotet skaut han i mist.

5. Han Klaves la byrso på ein bakke.
Skaut han då uksin midt i nakke.

6. Den uksin hadd' so stort eit fall.
Hitri hutra, Titran skalv.

7. Den uksin hadd' so mykje blod,
at Hiterdalen han halvfull stod.

8. Den uksin hadd' so stor ei hud.
Ho nådd' frå Hiter'n og til Bud.

9. Den uksin hadd' so stor ei nekkje.
Ho klædde atjan kyrkjetekkjor.

10. Den uksin hadd' so store honn.
Kvart honn tok tolv tynnor konn.

*

Strofene er nummererte i utgåva.

I utgåva s. 43 står det at gamle Sirak frå Bindalen (ca. 1780–1880) hadde tri visor um Aksel Torn. Dette er den fyrste av deim. Harald Strøm fra Velfjorden hev gjenge på leiting etter desse visone. Berre denne hev han funne. Harald Strøm skriv i ein kommentar til eit sanghefte han sendte til Tromsø Museum at visa var skriven opp i Velfjord i 1940, «både tekst og melodi». Der står det også at ho var skriven opp hjå søsknene Eldar Opsjøn og Sandra Rørvik (Ressem 2015, 335).

TSB F 60 Den store grisen [Låvgris]

Innleiing

Den store grisen har eit hovud stort som stova til presten, øyro hans er store som låvedører, rumpa er som ei stor tømmergran og labbane er som granrøter. Når grisen pissar ein liten skvett går femten kverner så lett, og når han skit ein

liten lort, må det femten hestar til for å få den bort. På same måten som i «Den store oxen» (TSB F 60) og «Den store Nordmannen» (TSB F 55) skildrar denne visa ein urimeleg stor skapning. Men det er berre eit bilete, inga forteljing ikkje noko klimaks.

Visa finst berre i Noreg og Sverige, og dei svenske variantane er ikkje fullt så stillestående. Der blir det fortalt at grisen et opp femten tønner smør og drikk femten tønner øl. Til slutt møter han ein riddar som drep han med sverdet sitt. Blodet renn utover tønner og fat.

Vi kjenner omlag ti tekstoppskrifter og nokre fragment. Storparten er frå Telemark, men det er også eit par oppskrifter frå Setesdal. Moltke Moe har to variantar etter Magnhild Schetelig i Bærum. Ho song litt annleis: Grisen har ei rumpe så lang som frå her og til Amsterdam, og augo var som store tjern i skogen.

Visa må ha vore svært populær også utanfor Telemark, for det er skrive opp berre ein melodi frå Telemark av i alt 16 melodiar: fem frå ulike plassar i Sogn og Fjordane, ein frå Hardanger, to frå Nord-Gudbrandsdal, to frå Romsdal, ein frå Løten og ein frå Aurskog, to frå Bærum og ein frå Sør-Trøndelag.

Andre viser

Ved sida av «Den store grisen», «Den store oxen» og «Den store nordmannen» finst det også ei vise om den store osten. I ei av Moltke Moes oppskrifter går folk laus på den harde osten med øks og sverd. Ut veltar det ein skreddar så tunn at han slong, så kom det ein smed med hammar og tong, så kom det ei lita jente og ein lekker liten gut. Deretter ei kvige og ein stut. Visa finst også i Sverige.

Det finst ingen klår definisjon på ein ballade. Vi kallar ei vise «ballade» når den har nokre kjenneteikn i form og innhald. Men folkedikting som lever i munnleg tradisjon vil alltid forandre seg, noko blir gløymt og noko vil bli dikta til. Den munnlege tradisjonen er ein kreativ prosess, det viser seg i mengda av variantar. Katalogen over mellomalderballadane (TSB-katalogen) er ikkje laga på grunnlag av ein definisjon, men på ein konsensus. I grenselandet ligg det mange balladar som har vore svært populære og gjerne kunne vore registret i TSB-katalogen. «Den store osten» er ein av dei. Visa har både innhald,

strofeform og omkved som ein ballade. Men trass i uklåre grenser er TSB-katalogen ein nyttig reiskap for å få oversyn over ei gruppe av våre eldste folkeviser.

SMB 249

Oppskrift A

TSB F 60: Den store grisen

Oppskrift: 1867 av Sophus Bugge etter ukjend kvinne på Vistad, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge c, 237–239.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Grisen ha^{vde} eit tryni
15 favnar umkring
– O du Loagrís^{k24} hadde tryni –
2. Grisen hadde ringar
15 alne å så ei spån
– Ó du L[oagrís] h[avde] ringar –
3. Grisen hadde auer
stóre som knappknauer
– O [du Loagrís hadde] auer –
4. Grisen [havde] ører
store som låve dører
– [O du Loagrís hadde] ører –
5. [Grisen hadde] síer,
stóre som granalíer
– [O du Loagrís hadde] síer –
6. [Grisen] hadde fødder
store som granerødder
– O [du Loagrís hadde] fødder –
7. [Grisen hadde] en rumpe lang
som den største timregran
– [O du Loagrís hadde] e[n] r[umpe] l[ang] –
8. Grisen pissa en líten skvett

15 kvennar på Bringsvær gjekk
– Ó [du Loagrís pissa en líten] skvett –

9. Grisen dreit ein líten lórt
15 folar te trekkje'n bórt
– Ó [du Loagrís dreit ein líten] lórt –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Strofe 6 står skriven til med penn til slutt, men med tilvising til plassering etter strofe 5. I reinskrifta er rekkjefølgda som her.

Reinskrift: NFS S. Bugge VI, 135–136, med tittel: Den store Gris. (En Pige fra Vistad. Mo. 1867.)

Oppskrift B

TSB F 60: Den store grisen

Oppskrift: 1870-åra av Hans Ross etter Jorunn Levordsdotter Spokkeli, Veum i Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS H. Ross 2, s. 5.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Aa Grísen ha'i seg eit líti Trýni
femten Míler uti Sýni.
– Aa Duler a Grisen. –

2. Grísen ha'i seg ein Rumpehangji:
d'æ so, dæ va langt uti Mans^{k25} hans^{k26} Hagji.

3. Grísen ha'i seg ei líti Sîæ^{v84},
va stôr som den stôsste Graanlê

4. Grísen ha'i seg eit líti Kvinnpikkji^{k27}
han myller so fort som ein Mann kunne hille.^{k28}

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Over oppskrifta står det: fremsagt af Joraand Spokkeli (Sæbyggje)

Under oppskrifta står det: Hun talte temmelig utydeligt og forstod ligesaa lidt som jeg Omkvædet, «Kvinnpikkji». Istedetfor «hitte» mente hun det kanskje burde være «stikke» eller noget slikt; hun ha'i gløymt de meste.» «Duler» havde hun hørt skulde være det samme som «Lyklar», slige som Gjederne have.

Oppskrift C

TSB F 60: Den store grisen

Oppskrift: 1882 av Magnhild Schetelig etter Kirsten Haslum og Magnhilds mor, Anne Mathea Pedersen, Bærum, Akershus.

Orig. ms.: NFS M. Moe 5, 153–155.

Oppgjeven tittel: Løragrisen.

*

1. Og Grisen han hadde Hue, ja Hue,
Som største Prestens Stue, ja Stue,
– Ja Løragris. –
2. Og Grisen han hadde Øer, ja Øer,
Som store Laavedører, ja Dører,
3. Og Grisen han hadde Øier, ja Øier,
Som store Tjern uti Skauer, ja Skauer
4. Og Grisen han hadde Føtter, ja Føtter
Som store Gran ja Røtter, ja Røtter
5. Og Grisen han hadde Buster, ja Buster
Som store Gran ja Kvister, ja Kvister
6. Og grisen gik ut paa Bakken, paa Bakken,
Ei Mil var han i Nakken, ja Nakken
7. Og Grisen gik uti Hagan, i Hagan
Ei Mil var han i Magan, ja Magan
8. Og Grisen han hadde Rompe lang, ja Rompe lang
Hu rak ifra her til Amsterdam, ja Amsterdam
9. Og Grisen gjorde en liden Lort, en liden Lort
Og femten Hester di trak'en bort, di trak en bort
10. Og Grisen pissa en liten Skvet, en liten Skvet
Og femten Kværner de gik saa let, de gik saa let

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Magnhild Schetelig sende denne oppskrifta til Moltke Moe. Med oppskrifta ligg det eit ark med følgjande ord:

Jeg har nu afskrevet Visen ordlydende, som jeg har hørt den, om den er rigtig tør jeg ikke indestaa for, hverken om Versene følger i rigtig Orden, eller om det mangler noget, hvilket jeg er bange for; thi jeg har hørt noget af Mor og noget av Kirsten Haslum; kanske Kirsten kan mere af den, om De henvendte Dem til hende. Hans Haslum gjorde engang den Bemærkning, at Visen igrunden maatte tilhøre vor Familie, da det kun var os, som kunde den, thi han havde aldrig hørt den af andre end i sit og mit Hjem. Skal vi saa regne vore Forfædre som fremragende Digttere?

Venlige Hilsener fra
Magnhild Schetelig.

TSB F 62 Høna og hauken

Innleiing

Hauken har slått kloa i høna, Svartetippa, men han gjev henne lov til å skrifte syndene sine før ho skal døy. Ho vedgår at ho har lagt egg mellom neslene, ho har slått med vengjene så lyset slokna og mjølet fauk bort. Dessutan hadde ho ete opp maten for det vesle barnet. Dette er berre slike ting som høner ofte gjer, men hauken let henne flyge. Han vil ikkje gnage på slike syndefulle bein.

I Noreg har vi denne visa berre i tre variantar. Johannes Skar trykte ei oppskrift på sju strofer utan omkved i *Gamalt or Sætedal*, og Knut Liestøl skreiv opp to variantar frå Åseral. Desse to er temmeleg like og berre på tre strofer.

Visa er ikkje kjend i Sverige, men i Danmark har Evald Tang Kristensen samla fem oppskrifter etter munnleg tradisjon. Sidan oppskriftene var så like, sette han dei saman til ein tekst på 19 strofer. Det er ikkje dokumentert melodi til denne visa, korkje i Noreg eller Danmark.

Sidan visa handlar om eit skriftemål, er det lett å tenkje seg at visa må vere dikta før reformasjonen, men på femtenhundretalet tilrådde reformatorane at skriftemålet også kunne brukast etter den nye kyrkjeordninga. Dermed kan visa vere yngre, men sidan visa gjer narr av skriftemålet, er det rimeleg at visa er dikta i sjølve reformasjonstida.

Tang Kristensen 12

Oppskrift A

TSB F 62: Høna og hauken

Oppskrift: Udatert av Johannes Skar etter Jorond Neset, Årdal i Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Orig.: Johannes Skar 1916. *Gamalt or Sætesdal*, 8. Kristiania: Norli. s. 16.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Høna bygde Rei' uti Nosle-grein;
um Sundags Morgonen fauk 'u heim.
2. Høna bygde Rei' uti Nosle-rusk;
so kaam Haukjen aa nappa æ burt.
3. «Snille min Hauk du hakkar 'kji meg;
adde mi Syndi fortel eg deg:
4. So fauk eg meg av 'pi eit Bakstre-hus;
eg blaskra me Vengjinn' aa sløkt' ut Ljus.
5. So fauk eg meg av upp-aa Bakstre-fjøl;
eg blaskra me Vengjinn' aa førde ne Mjøl.
6. So fauk eg meg av upp-i Aara,
aa hakka upp Maten fyre Baana.»
7. «Svaarte-tuppe, Svaarte-tuppe fjuk du heim;
eg vi 'kji nage di synduge Bein.»

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

I ein merknad på s. 155 i kjelda skriv Knut Liestøl at visa er etter Jorond Neset, Aardal. Det er ei dyre-vise; ho vert enno kvedi i Aaseral.

Oppskrift B

TSB F 62: Høna og hauken

Oppskrift: 1916 av Knut Liestøl etter Olav Knutsson Liestøl, Åseral, Vest-Agder.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 1, 39.

Oppgjeven tittel: Svartetippa

*

1. So flaug eg meg āt bakstehus
eg flaksa mæ vengjin eg sløkte ut jus
– Eg fær ikⁿkje døytt for mi synne^{v85} –
2. So flaug eg meg inn i eit skaap
eg slo ne maten for lisle baan
3. «Aa Svartetippa, Svartetippa flug naa heim,
eg knagar alli dine sy^ondⁿuge bein»

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under oppskrifta står det: (Etter O.K. Liestøl. 24/7 1916)

Oppskrift C

TSB F 62: Høna og hauken

Oppskrift: 1917 av Knut Liestøl etter Gyro Knutsdotter Austegard, Åseral, Vest-Agder.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 8, 83.

Oppgjeven tittel: Svarte-tippa

*

Svartetippa vill seia ko mykje vondt ho ha gjort:

1. «Eg flaug meg eigong at bakstehus,
eg flaksa mæ vengjin, eg sløkkte ut jus.
– Eg fær ikkje døytt for mi synne. –
2. Eg flaug meg eigong at skorsteinen
eg flaug slo ne maten for lisle baan.
3. Svartetippa, Svartetippa flug naa heim
eg knaga alli di syndige bein

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

*Etter oppskrifta står det: (G K. A. ette mor si) Mor hennar heitte Gyro
Grundesdotter Austegard.*

TSB F 63 Revens arvegods

Innleiing

Reven skal passe gjæsene mens Nils Fiskar er i gjestebod, men når Nils kjem heim, har reven ete opp alle gjæsene. Nils vil skyte reven, men reven ber om å få fordele arven sin til bot for syndene sine. Mens Nils høyrer på korleis reven vil dele ut kroppsdelane sine som arv, får reven sjansen til å kome unna.

Det eldste belegget av denne visa finst i ei handskriven visebok etter adelsmannen Jens Bille i Skåne. Jens Bille skreiv viser inn i boka ein gong mellom 1555 og 1559, men denne visa er nok mykje eldre. Når det i visa er snakk om å gje gåver til kloster, tyder det på at visa er frå før reformasjonen. Sjelegåvene skulle hjelpe syndesjela gjennom skirselden og inn i himmelen. Men når reven gjev frå seg kroppsdelane sine, er det ein parodi med spark mot øvrigheita: futen skal få revens klo fordi han skriv eitt for to. Det betyr at han skriv for mykje. Lensmannen får stjerten sidan han skriv så mykje som er lite verd. Presten får tunga fordi han skal synge ved alteret. Når det er vanlege folk

som er mottakarar er det meir meining i gåvene: Den gamle kona skal få revens tenner fordi ho er tannlaus. Barnet får revens skalle fordi barnet ofte dett og slår seg i hovudet.

Denne visa har tolv strofer, men variantane har lange og varierende omkvede:

her lider uti nip sagde Ræven
— — —
får Bonden slenger vik uti tirum tap
å Kranselin kom inkje før rova slapp
Steffan Maure med sin Rosenkind
å vandt seier av Kranselin

eller:

«Rillom rei!» sagde reven.
— — —
«Krokum skaft!» sagde reven.
Mannen heiter Diridon,
Kjeringji heiter Donafjell.
«Bondens søn!» sagde reven.
Bondens dotter med rau rosenkjinn,
ho lukkar dei reven i bure inn.

Dette ser ut som nonsens, men det er fleire som har forsøkt å finne ei meining i desse omkveda. Landstad meinte at Steffa-maure er ein slags bjørn, som grip reven i rumpa der nede i hola. Kranselin skal vere ei ku som måtte bøte med livet fordi ho let seg lure av den skurkaktige reven. Rikard Berge meiner at Landstads tolking er heil feil. Han meiner at Diridon og Donafjell er foreldra til Steffen og Kranseli. Reven er ein kjæraste som Kranseli lukkar inn.

Rett nok kan skjemtevisene behandle det erotiske på analogisk måte, men dette kan også gjerne vere eit nonsensomkvede, ein leik med ord og lyder.

Det finst over 50 tekstvariantar og 18 melodiar til denne visa. Storparten er frå Telemark, men det er også oppskrifter frå Agder, Hordaland, Nord-Trøndelag, Nordland og nokre få i austlandsområdet, Østfold, Oppland og Østerdalen. Fleire av oppskriftene har mange strofer. Den lengste oppskrifta er på 18 strofer. Den skreiv Sophus Bugge opp etter Ingebjørg Targjeisdatter Sandvik frå Mo i Telemark.

I Danmark har Evald Tang Kristensen skrive opp ti tekstvariantar og fem melodiar frå munnleg tradisjon. Mange av dei har nonsensomkvede av same slag som vi har i Noreg. I *Sveriges medeltida ballader* er det trykt to variantar frå Småland og Skåne, båe er frå gamle danske landskap. Men Finn Christen Hansen har funne ein variant frå Arvika i Värmland, og den har eit nonsensomkvede som liknar mykje på dei norske.

Grüner Nielsen 12 s. 29

Tang Kristensen 17

SMB 250

Oppskrift A

TSB F 63: Revens arvegods

Oppskrift: 1840-åra av Olea Crøger, truleg etter Olav Olsson Glosimot, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms 4to 644, 69–70.

Oppgjeven tittel: Ræven aa Bjøn

*

1. Aa Ræven han sto ini Haala aa grov
– Hær lider uti Nip sagde Ræven –
Steffa maure han fata i Rompaa aa drog
– Fæ Bonden slenjer Vip uti Tiromtap
Krandselin kom inkje for Rompaa slap
Stefa maure mæ sin bustute Kjin
Han vandt Seier a Krandselund –

2. Aa kjære Steffa maure! Du biar mæg ei Ti!
Te æg kan faa ut de Sjølegaava mi

3. Aa Futen han giver jeg naa min Hud
Han pleier saa gjerne aa fore si Lu

4. Aa Skriarn giver jeg naa min Klo
Han skriver saa gjerne en Ting for to

5. Aa Præsten, han gjiver æg no min Tonge
Fæ Han maa saa ofte fæ Almugen sjonge

6. Sjusskaffarn giver æg naa min Fot
Han springer saa mangen Bakje i mot

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Ei reinskrift med mest identisk tekst skriven av M.B. Landstad finst i NB Ms fol 1803c, 87–88. Landstad opplyser der at oppskrifta er etter Olav Glosimot.

Oppskrift B

TSB F 63: Revens arvegods

Oppskrift: 1846 av Jørgen Moe, truleg etter Rikard Aslaksson Berge, Rauland, Telemark.

Orig. ms.: NFS Jørgen Moe 7, 51–52

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Ræven han lig ini Hølun aa græv
– Nerinip, sagde Ræven –
Steffa han tok, uti Rompa han drog
Krokum-Skaft sagde Revenⁿ⁵⁰
– Før i Bonden slængjer vip, for i Tirumtap
Inkja^{k29} Kanseli kom, forend Rompaa slap
Staffa Mauren gnur^{v86} sig under Rosenkind
For han van Seier o Kanselin –
2. «Kjære mi Steffa du dræp me kje end
Før æg faar no skifte mine Sjælegaaver hen
3. Futen gjæv æg naa mit Skjin
De skaa han hava te Fore kjolen sin
4. Skrivaren gjæv æ mi Rompestjært
Han skriver saa mykje, de æ kje noko vært
5. Præsten gjæv æg no mi Taa
Fæ han maa saa ofte fæ Altaren staa
6. Klokkaren gjæv æg mi Tonge
Fæ han maa saa ofte baade læsa aa sionge
7. Jentun gjæve æg min Skrot
Dei tola saa mykje, de æ kje Alt godt
8. Aa gamle Kjæringar gjæv æg mi Taan
Dei duppa saa ofte si Lefse uti Van

9. Ræven han sprang ivi Myrar aa Mosar
Steffa sprang etter paa sine strømpete Hosar

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Over oppskrifta skriv Jørgen Moe: Af en heel Hob Børneviser lagte om Ræven er følgende en:

I «Norsk visefugg» frå 1904, s. 48–51 har Rikard Berge ei mest identisk oppskrift, og om denne skriv han: Brigde I er etter Halvor Trollalden (1754–1836). Halvor var ein gamall fjellmann; han kunde mange visur. Reva-visa lærde Richard Berge av honom i aari kring 1830. — I 60 aari blei so brigde I med tone og alt, nedteikna av Jørgen Moe, daa R. Berge song visa for honom i Gardsjore paa Straandi. Dette uppskriv kjenner eg kje til anten d'er prenta eller inkje. Rimleg ligg de i Moes etterletne samlingar. Viss Rikard Berge har rett, bortsett frå tidspunktet for nedskrivninga, tyder fleire ting på at oppskrift B er Moes oppskrift etter Rikard Aslaksson Berge. Det overstrokne (eller understrokne?) omkvedet i strofe 1 er såleis eit omkvede av den same visa i ein annan variant, som Rikard Berge trykte (same stad), også etter Rikard Aslaksson.

Hjå Berge er det med ei strofe til, og kladden til denne finst i TGM R. Berge CLXXIV, 171:

Smaabonni gjev eg no min skalle
dei smaa mon so jamleg mot golve falle.

Oppskrift C

TSB F 63: Revens arvegods

Oppskrift: 1856 av Sophus Bugge etter Ingebjørg Targjeisdatter Sandvik, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge I, 218–219.

Oppgjeven tittel: Reven å Gullmund. I.

*

1. Å Gullmund han ville ti gjestebos fara,
– triumfire –
å reven sille taka gjæsann í vari^{k30}

– Nils fiskar á Nils Finn,
Pær snikkar á Gullmund
leika lirum. –

2. «Du voktar dei stóre á du voktar dei smá,
du voktar dei adde, så nær ti dæn grá.»

3. Á Gullmund han kom seg ó gjesteboi heim,
á fyri sat reven, dæn valboren svein.

4. «Á høyrer du rev, hot eg spyr deg,
hor æ' no gjæsann, du tók vari fy meg?»

5. «Fyst át eg upp dei stóre, så át eg upp dei smá,
så át eg upp adde så nær ti ^{k31} dæn grá.

6. Á no veit eg 'ki verre, du kan gjera mæ meg,
hell du lýte skjóte meg reint íhel.»

7. Á Gullmund han teke sí byrse på vegg;
no tenkjer eg, reven sko' fá seg en smedd.

8. «Á kjære Gullmund, du bíar meg ei stund,
ti eg fær skifte mine sjælegávur um!

9. Skrivaren ví' eg no gjeva mitt skinn,
dæ sko' en hava på kjólen sin.

10. Á fúten ví' eg no gjeva mí kló,
han skríve så mykje eitt fy tvo.

11. Á lénsmannen ví' eg gjeva min stert,
han skríve så mykje, som inkje æ' vært.

12. Á presten ví' eg gjeva mí túnge,
han heve så mykje for altaren sjúnge.

13. Á klokkaren ví' eg gjeva min nese,
han heve så mykje for ungdómen lese.

14. Dæn gamle kjeringi ví' eg gjeva mí tann,
hó duppar så oftóm sí lefsa í vann.

15. Dæn vesle gúten ví' eg gjeva min skadde,
han mone så oftóm í golve fadde.»

16. Så lengje sat reven á rima á kva,
alt ti en kom se ne í en júpe dal.

17. Á reven han sprang ivi myrar á mosi, ^{k32}
á ette sprang Gullmund mæ spreklutte hosur.

18. Á reven han tók úrinne fat;

«eg helsar deg Gullmund så mange gónatt.»

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

TSB F 64 Reven og bonden

Innleiing

Bonden går ut i skogen, og der møter han ein rev. Han skulle gjerne hatt eit reveskinn som fôr oppunder lua si, og han byr reven eit sverd, ein silkeduk eller ei gåsesteik dersom han kunne få skinnet hans. Reven har god lyst på gåsesteik, men søstera hans rår han sterkt frå å selje skinnet sitt, men reven svarar at mat må han ha. Søstera kviskrar til reven at han er galen om han vil selje huda si. I fleire variantar skyt bonden reven og får reveskinnet oppunder lua si, men i andre variantar får reven tak i gåsesteika og slepp unna med den.

Av denne visa finst det ca. 20 fullstendige oppskrifter og ein del fragment, dessutan 16 melodiar, dei fleste tekstoppskriftene er frå Telemark. Fragmenta tyder på at visa har vorte oppfatta som ei barnevisa.

Når vi plasserer folkeviser på eit kart, kan biletet berre vise innsamlinga og ikkje songaktiviteten. Frå 1850 drog folkeminnesarmlarane i flokk og følge til Telemark, og dermed fekk vi ei mengd oppskrifter derifrå, mens andre område knapt fekk besøk av nokon samlar. Når vi ser på melodioppskriftene til denne visa, ser vi at ho må ha vore svært populær på fleire plassar. Det er rett nok fire oppskrifter frå Telemark, men seks frå Møre og Romsdal og tre frå Oppland, dessutan ei frå Rogaland, ei frå Sogn og Fjordane og ei frå Aust-Agder.

Melodisamlarane noterte som oftast berre éin tekststrofe, og dermed står vi berre med full tekst til ein av dei seks melodiane frå Møre og Romsdal.

Mellom dei beste tekstane kan vi nemne ei oppskrift frå 1891 av Moltke Moe etter Lars Larsson Veslestøyl frå Seljord, ei av Knut Liestøl etter Olav Eivindsson

Austad frå Bygland i Aust-Agder i 1918. I 1910 skreiv Jørgen Hæreid opp ein god tekst i Sirdal, Vest-Agder. Henriette Scheldrup i Sokndal, Rogaland, song fleire skjemteviser for Lindeman; visene hennar skil seg ofte klårt frå telemarkstradisjonen, og heldigvis har Lindeman skrivne opp fleire fullstendige viser etter henne.

Det finst nokre oppskrifter av visa i den danske folkeminnesamlinga, men det er i Sverige denne visa har vore populær. Det finst over 50 fydige oppskrifter og minst 12 melodiar.

SMB 251

Oppskrift A

TSB F 64: Reven og bonden

Oppskrift: Udatert av Ludvig Mathias Lindeman etter Henriette Schelderup, Sokndal, Rogaland.

Orig. ms.: NB Mus ms 2608, nr. 4.

Oppgjeven tittel: Bonden og Ræven.

*

1. Bonden han sku i Skoven gaa
Der saa han den Mikkell komme .
Vil du naa sælge Huen din
– Til Foder opunder Luen min te Jula. –
2. Aa jeg ska ji dig den fedeste Gaas
Som nogen Mand vil spise .
Bare du gier mig Huen din
3. Den fedeste Gaas var god at ha
Men Skinne var værr aa misse
Aa ikke saa faaer du Huen min
4. Aa jeg ska gi dig den fedeste Sauv
Som nogen Mand vil spisi
Bare du gier mig Huden din
5. Den fedeste Sauv var god nok at ha
[Men Skinne var værr aa misse]
[Aa ikke saa faaer du Huen min]

6. Aa jeg ska gi dig Den fedeste Kalv
[Som nogen Mand vil spisi]
[Bare du gier mig Huden din]

~~Den fedeste Kalv va~~

7. [Den fedeste Kalv var god nok at ha]
[Men Skinne var værr aa misse]
[Aa ikke saa faaer du Huen min]

8. Ut kom Mikkel Søster saa fiin
Hu ville med Broer tale
Nu troer jeg Fa'n rier dit Skind
– Vil Du sælge Huen din te Jula? –

9. Bonden han blev saa ivrig imod
Han spendte sin Bue for Fode
Saa skaut han Ræven, Ræven er min
– Saa Du naa jeg fik Huen din te Jula. –

10. Søstera hang han høit i et Træ
Saa høit som han kunne række
Daa falt han ner aa slog sig ihjæl
– Svor paa han slap aa svælte ihjel te Jula. –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Vi har tolka det slik at avstytinga o. s. v. tyder utfylling av to strofer, både 6 og 7, men det kan også tolkast slik at strofe 7 ikkje skal vere med.

Oppskrift B

TSB F 64: Reven og bonden

Oppskrift: 1891 av Moltke Moe etter Lars Larsson Veslestøyl, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 25, 266–268.

Oppgjeven tittel: XXVII Reven som selde hui si

*

1. «Hør du Mikkjel, vi du selja huen din
te fôr ópunder luen min?
Eg ska gjeva ^{deg} en silkjeduk
som femten jomfrugur kann breie ut, –

- må eg då få huen din
te fôr óppunder luen min?» –
2. «Nei dukjen vi eg ikkje sjå
eg hé 'kje bór på å breie på,
– å ikkje sél eg huen min
te fôr óppunder luen din. –
3. Eg spiser min mat bland buskune små
å då træng eg ikkje dukjen å breie på.»
– [å ikkje sél eg huen min]
[te fôr óppunder luen din.] –
4. «Eg skå gjéva deg ein silkjepóng,
som femten jomfrugur he' bónde óm.
– [må eg då få huen din]
[te fôr óppunder lien min?»] –
5. «Mine ingar dei æ for stutte
eg kann kje silkjepóngen bruke.
– [å ikkje sél eg huen min]
[te fôr óppunder luen din.] –
6. Eg hev ikkje gull hell péingband
eg ikkje póngen bruke kan.»
– [å ikkje sél eg huen min]
[te fôr óppunder luen din.] –
7. «Ja ^{så} skå eg gjeva deg ei gjødd'e gås
som heve staé en móna på bås.
– [må eg då få huen din]
[te fôr óppunder lien min?»] –
8. «Ja huen æ vond å misse
men maten fær véra vissa, –
– å nå fær du få huen min
te fôr oppunder luen din.» –
9. Fram så kom ho revens syster
ho ville fe reven kviskre:
– «'fe vil du sele huen din
te fôr opunder luen?» –
10. «Huen æ vond å misse
åmen maten lýt vére visse
– nå fær han få^{v87} [huen min]
[te fôr oppunder luen sin.»] –
11. «Å fram så kom ho gamle Else^{k33}

ho ville reven frelse:

– [«'fe vil du sele huen din]
[te fôr oppunder luen?»] –

12. [«Huen æ vond å misse]
[men maten lýt vére visse]
– [ná fær han få huen min]
[te fôr oppunder luen sin.] –

13. Klókkaren gjév eg mi tunge
han móne så ofte fer ālmugjen sjunge.
– [ná fær han få huen min]
[te fôr oppunder luen sin.] –

14. Presten gjév eg mi næse
han móne så ofte fer ālmugjen læse.

15. Å gamle kjeringar gjév eg mi tand
di bløyter så ofte sitt brø uti vand»

16. Å reven han sprang seg ivi en bekk
å skyttaren etter, han inkje fekk

17. Å reven [han sprang seg ivi] ei bru
skyttaren etter, han vätte si fu.

18. Å reven [han sprang seg ivi] en damm,
å skyttaren etter, slapp slett ikkje fram.

19. Å mann han lydde på revatalé
te reven va længst borte i Dalænn.

20. Å [mann han lydde på] revajo
te reven va længst borte i mork å skóg.
– Å nå fær du få huen min
te fôr oppunder luen din.» –

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

*Etter oppskrifta står det: («Eg kann minnas mór sǎng 'ó; d'æ kje ana
bǎnevisur, dei bruka di te å syngje fe bóni»)*

Oppskrift C

TSB F 64: Reven og bonden

Oppskrift: 1918 av Knut Liestøl etter Olav Eivindsson Austad, Bygland i

Setesdal, Aust-Agder.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 18, 63–66.

Oppgjeven tittel: Reven og bonden.

*

1. Eg ska gjeve deg a svær
femten dale æ de værdt.
Dersom eg fær huæ di
for uppunde huva mi.
– Revelu
Forehu
For uppunde luva. [v88](#) –

2. Eg heve for stutte finga.
eg kann inkji svære svinga
Inkje ska du faa huæ mi
for uppunde huva di.

3. Eg ska gjeve deg a steik
mykji smør ti bræ feitt,
dersom eg fær huæ di
for uppunde huva mi.

4. Reven tenkte han mæ seg:
Maten den æ goe for meg
So ska du faa huæ mi
for uppunde huva di

5. Revens syster kom hu ut,
vill'u mæ reven snakke:
«Inkji lat han faa huæ di
for uppunde huva si

6. Veit du ko han gjori i fjor
Støl ein ungji av mi mor.
inkje lat han faa huæ di
for uppundi luva si

7. Reven smaug han unnd' ein stein
skaut han sunde hass nakkebein
«No ska eg faa huæ di
for uppunde huve mi

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Etter andre verslina i strofe 6 har Ross byrja å skrive strofe 7, men har så stroke det ut att og halde fram med strofe 6.

TSB F 66 Katten ligg sjuk

Innleiing

Katten ligg sjuk under omnen og døyr. Det blir sendt bod etter snikkar som skal laga kiste, syerske som skal saume likskjorte og klokkar som kan syngje liket ut. Alt blir gjort for at gravferda skal bli storveges. Musene gler seg over at katten er død, men kattungane seier at dei snart skal vekse seg store.

På same måten som «Per Spelemann» (TSB F 45) har denne visa skrumpa inn til eit barnerim på ei eller to strofer. I ei oppskrift etter Henny Sandnes frå Napp i Lofoten er barnerimet slik:

Katten låg i ovnskroken og klaga sin store nød:
Den hadde så ondt i hodet, den trodde den blev dens død.
Å hei å hå sa musen, nu er katten død.
Nu kan vi gå i skapet og spise ost og brød.

I Koppangs Skolesangbok frå 1896 er det to strofer:

Den lille pusen ved ovnen lå,
den klaged sin store nød:
«Jeg har så ondt i et øiehår,
jeg mener det blir min død!

Send nu bud til snedkerens hus,
han skal gjøre en kiste til pus.
«Send bud til pusene små og stor
at de skal følge kisten til jord!»

I denne kortforma er dette barnerimet spreidd over nesten heile landet, men vi har også nokre få meir fullstendige oppskrifter. Olav Rekdal skreiv opp «Kattå vår» slik han hugsa tekst og melodi frå barndomen sin i Romsdal. I 1982 skreiv Geirr Lystrup opp tekst og melodi til «Kattegravølet» etter Pauline Aksnes på

Sunnmøre. Hallfrid Christiansen har skrivt opp ein tekst etter Gudbrand Kjølsest, Balke på Toten, men han kjente ikkje nokon melodi til. Sophus Bugge har skrivt opp dei to velkjente førstestrofene og held fram med eit anna velkjent barnarim: «Katta satt oppå taket... ». Moltke Moe har notert fire strofer men fyller så ut med «Katta satt oppå taket».

Visa finst både i Danmark og Sverige, men det er i Sverige visa har levd best. Når vi reknar med dei oppskriftene som er gjorde i svenskfinske områder som Åboland og svenske Österbotten, kjem vi opp mot 70 variantar. Dei fleste har fleire strofer og mange har også melodi. I Danmark fann folkeminnesamlaren Evald Tang berre ei einaste strofe frå munnleg tradisjon, men i tillegg fanst det eit skillingsstrykk datert 1750: «Den bekiendte Katte-Viise / Katten ligger under Kakkelovnen, siunges med sin egen velklingende Melodie».

Tang Kristensen 15

SMB 252

Oppskrift A

TSB F 66: Katten ligg sjuk

Oppskrift: Udatert, truleg av Ola Osmundstad etter ukjend songar, Nord-Fron, Oppland.

Orig. ms.: NFS M. Moe 72, 3m–3n.

Oppgjeven tittel: Katta.

*

1. Katta sat opme Omna sjuk
ho dro sin berre harde Daude
ho ha so vondt uti Hugu fått
å hælve Verken uti Reven.
– Nå æ Katten døda
nå fær vi ^{v89} gå ti Kammers
å eta Smør uppå Brøda. –

2. Døm gjorde Bod døm skjikka Bod
på'n Gratar-Erik den våte
han skuld gjera vel å koma der
å hjelpe Kattun å gråte

3. Døm gjorde Bod døm skjikka Bod
på 'n Snikker-Erik den rike
han skuld' gjera vel å koma der
å gjera Kjiste på Liket

4. Døm gjorde Bod døm skjikka Bod
på 'a Jomfru Guro den vise
ho skuld' gjera væl å koma der
å bu so væl detta Liket

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

*Oppskrifta står i eit hefte med påskrifta: Meddelt af Ola Osmundstad N Fron
i Gbr. Hefte er eitt av fleire hefte i ein konvolutt, mellom anna med påskrifta:
Mest fra H. Ross. Hefte er derimot ikkje skrive av Ross.*

Oppskrift B

TSB F 66: Katten ligg sjuk

Oppskrift: Udatert av Hallfrid Christiansen etter Gudbrand Kjølset, Balke på
Toten, Oppland.

Orig. ms.: NFS H. Christensen 1, s. 20.

Oppgjeven tittel: Barnerim

*

1. Katta ligg bak omsdør sjuk,
og jamrer seg så ille:
je har så vondt i hugu mitt,
je trur de' bler min dauan.
– Aa nå er katta vår dauan –

2. Vi skikke bo' og vi senne bo'
åt a Anners bortpå Bakka,
han skulle kåmmå, og han ville kåmmå,
og laga kiste åt katten –
– for nå er katta vår dauan –

3. Vi skikke bo' og vi senne bo'
åt en Kari bortpå Bakka,
hu skulle kåmmå, hu ville kåmmå
og laga skjorte åt katten –
– fer nå er katta vår dauan –

4. Vi skikke bo' og vi senne bo'
åt a Ola borti Nordom,
han skulle kåmmå, og han ville kåmmå,
og synge katta åt jordom.
– For nå er katta vår dauan –

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Over oppskrifta står det: Kolbu, Toten.

Under oppskrifta står det: (sagt fram av Gudbrand Kjølseth, fra Balke sogn.)

Oppskrift C

TSB F 66: Katten ligg sjuk

Oppskrift: 1982 av Geirr Lystrup etter Pauline Aksnes, Sunnmøre, Møre og Romsdal.

Orig.: Geirr Lystrup 1990. *Min Visebag*. Oslo: Bokklubben. Nr. 51.

Oppgjeven tittel: Kattegravølet

*

1. Katten låg onde ømnen
og klaga si store naud:
Eg heve så vondt i hovudet mitt
Det blir min visse daud –
– For no er katten daude
Ja, no er katten daude –

2. Dei sende bod, dei skikka bod
Te snikkaren utpå Lista
Han skulle kome, han måtte kome
Og lage katten ei kista

3. Dei sende bod, dei skikka bod
Te prestekona på Lista
Ho skulle kome, ho måtte kome
Og leggje katten i kista

4. Dei sende bod, dei skikka bod
Rundt alle fjorda
Dei skulle kome, dei måtte kome
Og fylgje katten te jorda
– For no var katten daude

Ja, no var katten daude –
5. Fire myser i likferd går
Etter kjeme dei rotter grå
Med lange sorg etter katten
Sidan kjeme dei myser små
Dei kunne kje berge seg for låtten

6. For no var katten daude
Ja, no var katten daude
I morgon skal me te stabburs gå
og ete smør og braud
– For no er katten daude
Ja, no er katten daude –

*

Strofene er ikkje nummererte i boka.

Geirr Lystrup gjev denne bakgrunnsinformasjonen om oppskrifta: I 1982 var eg med Det Norske Kammerkor på «Jorda rundt på 30 dagar-turné». Midt over Stillehavet mellom USA og Japan song Pauline denne visa for meg. Mens jetmotorane jaga på og heldt lydturen på forsvarleg avstand, sto tida stille i flysalongen då Pauline song denne gamle dyrevisa. Så nær himmelen har korkje eg eller den daude katten vore seinare.

TSB F 67 Tordivelen og fluga

Innleiing

Dette er ei vise der dyr oppfører seg som menneska på same måten som i «Ramnebryllaup i Kråkelund» (TSB F 68), men her er det insekt som held bryllaup. Visa er ein parodi på riddarvisene. Tordivelen fører seg som ein riddar, og fluga som ei edel jomfru, men bryllaupet står på ein hestelort.

Tordivelen vil gjerne gifte seg og ber myhanken (stankelbeinet) om han vil vere hans belemann og fri til fluga for han. Fluga avslår og seier at ho er rik og

han fattig og lever i lort og møk mens ho sit på kongens bord. Han slår henne på kvite kinn, og då gret ho og angrar seg. Dei held bryllaupet og myhanken dansar med nakent sverd. I ein variant som Sophus Bugge skreiv opp etter Andris E. Vang i Valdres, slengde Tordivelen fluga opp i bruresenga så det braka i både bord og benker. Tre dagar etter fell ho på kne og føder tusenvis av ungar.

Variantane delar seg i to typar: i telemarkstradisjonen heiter brudgomen «Tor Brynjulf», og til slutt druknar han i ein tjøreholk mens fluga sit att som enkje. I Telemark og Åseral er omkvedet også knytt til teksten. I dei austlandske versjonane er det tordivelen som sjølv frir til fluga, og omkvedet lyder som eit slags forvanska latin: Pirium.

Melodi og tekst

I Telemark er det dokumentert 15 melodiar, eit tjuetal fullstendige tekstar og ein god del fragment. Utanfor Telemark er det dokumentert 40 melodiar spreidde utover heile Sør-Noreg. Det tyder på at visa har vore kjend og populær, men i Norsk folkeminnesamling er det dokumentert berre seks fullstendige tekstar, ein frå Valdres, to frå Hedemark og tre som ikkje er lokalisert. Utanfor Telemark har innsamlinga dessverre vore ganske tilfeldig.

«Tordivelen og fluga» finst også i Danmark, Sverige og på Færøyane. I Sverige har innsamlinga av folkeviser og melodiar vore jamnare over heile landet og det svenskfinske området. Den eldste versjonen er eit skillingstrykk frå 1738. Alt i alt har dei opp mot hundre oppskrifter og mange melodiar. I Danmark har dei skillingstrykk frå 1600-talet. Dessutan har Evald Tang Kristensen skrive opp 11 variantar frå munnleg tradisjon.

Etter at Alf Prøysen song visa inn på plate i 1955 har «Tordivelen og fluga» vore ein av dei best kjende balladane våre. Alf Prøysen skreiv også ein travesti, «Den nye Tordivelen og flua», der kjem tordivelen på scooter når han skal fri. Den vart innspela på plate i august 1968.

Grüner Nielsen 14

Tang Kristensen 11

CCF 187

SMB 253

Oppskrift A

TSB F 67: Tordivelen og fluga

Oppskrift: 1848–1849 av Ludvig Mathias Lindeman etter Andris Vang,
Valdres, Oppland.

Orig. ms.: NB Ms fol 2128:5, 1–2.

Oppgjeven tittel: Mehankøn o Fløga.

*

1. Mehankøn sende try Ord te de
– me eit brunt Auga –
e vildø so-gjednø hava de
– Fløga fager o fin gaaer i Dans
Fløga –
2. O e vil inkji hava de
e æ no alt før go før de
3. For ner e sitø ved Herromans Bord
daa krækø du i Hestelort
4. Klæggøn tala so ein Man
du krækø i Lorte du so han
5. Mehankøn fridø i Maana tre
nei Fløga svara e vil'kji ha de
6. Mehankon syrde i Daga tre
Fløga ho yngtist e faar væl ta dæ
7. Mehankøn sprang up lystig o gla
Fløga ho seier, ho vil mæ ha.
8. Mehankon reise ut paa en Hest
ba Klæggji o Fløgo te Bryllupsfest
9. Bryllaupø sto i Daga tre
sia saa dro kor heimat te se
10. Mehankøn fata i Fløgoveng
o slyngde hono up i ei Seng
11. De braka i Bord o i Kistø
da Fløga Take mistø
12. De braka i alla Benkji
daa Fløga ho let se krænkji

13. O daa de lei ovør Dagadn tre
daa kjendte Fløga baade Smerto aa Vee

14. Ho fald daa paa sit bare Knæ
o aattø Unga so tjukt saa Snjø.

15. De kryddø o krau i kor ein Dal
dei tytte dei va i Tusindtal

16. Mehankøn dansa o helt se gla
han slyngde ein Styvert i Fela

*

Dei første fem strofene er nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB F 67: Tordivelen og fluga

Oppskrift: 1910 av Rikard Berge etter Kjersti Kj. Groven, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge LXXXII, 70–72.

Oppgjeven tittel: Tor Brynjul aa fluga.

*

1. Tor Brynjul sat under støgoveg
– p̄i ̄erium –
Han byste sit haar aa kjemde sit skjeg
– piri extram piri darium –

2. Tor Brynjul sparka aa var saa kaat
Eg agta meg te aa gifte meg iaar

3. «Aa ¹⁵¹ hør du møhankje mi frend
Vi du bére børe te kvende?»

4. «Eg ska bære børe baade øst aa vest
Eg veit naa alder hør din hug staar best.»

5. «Du kan bæra børe bort te duka
fer fluga stend mest i min huga.»

6. «Hosse kan eg komma te fluguland
fér du veit at flugu er belevand.»

7. «Men du helsar flugo paa denne jerd med olvorsord
saa at eg er den sterkaste paa denne jord.

8. Myhankjen kom der riands i gaard
ute stoð flugo aa redde sit haar
9. «Gudag du flugo eg helsar deg
Tor Brynjul han agtar aa bela til deg»
10. Aa her stend du flugo baad' fager aa fin
eg tys du er Tor Brynjul saa lik.»
11. Hòsse kan eg vara Tor Brynjul lik
fe han er fattig og eg er rik.»
12. Ti naar eg site med bravmends bord
Daa róta Brynjul i svarte jord
13. Aa naar e' æte baade smør aa eg
daa rótar Brynjul onde kámarvegg.
14. Myhankjen slò til flugo onde kjinn
de skal du ha for kjeften din
15. Aa flugo spratt op aa slifte en graat
«Naar skal da kòns bryllup staa»
16. «Ikkje iaar men et anna aar
Naar alle flugur fer át sit maal
17. Der var stor lyst i den brurefèr
Møhankje rei der me nakkje stør^{svær}
18. Der blei snart sorg paa dei brurefolk
Møhankjen dàtt ùt en kjøruholk

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Etterslengen står skriven over overskrifta, med tilvising til kor han skal inn.

Over første delen av oppskrifta er det skrive med blyant: Etter Landst.

Etter oppskrifta står det: (lensmanden kan den)

Oppskrift C

TSB F 67: Tordivelen og fluga

Oppskrift: 1955 av Alf Prøysen etter bestemor (Matea Kristiansdatter) og mor (Julie Mathiasdatter) frå Ringsaker og svigermor (Emilie Hansdatter Storhaug) frå Rena, Hedmark.

Orig.: Prøysen, Alf 2014. *Viser og dikt, 2: 1954–1963*. Utg. Elin Prøysen og Per Husby. Oslo: Musikk-Huset. 52–53 (etter plateopptak frå 1955).

Oppgjeven tittel: Tordivelen og flua

*

1. Og tordivel'n knytte på seg hosobæind.

– Pirion! –

Så flaug 'n like til fluguland,

– piri mitt mitt parian

dan diri ditt ditt darian

dan pirion! –

2. Og tordivel'n ville tel flugua fri.

«Å, vil du vara kjærringa mi»,

3. «Nei, åssen kæin du nå tenkje slik.

Du er fattig og je er rik:»

4. «For når du graver i muld og jord

Så sitter jeg ved kongens bord»

5. «Og når du graver i rusk og rat

så spiser jeg av kongens mat.»

6. «Og når du krabber i åker og eng

spaserer jeg på silkeseng.»

7. Da slo tordivel'n flugua på kinn.

«Detta ska du ha att for kjæften din!»

8. Flugua sætt' seg på snippen og gret.

«Å reis itte frå meg, men ta meg med.»

9. «Når skal så vårt bryllup stå?»

«Itte i år men tel neste vår».

10. Og bryllupet vart både gildt og stort.

Og bryllupet sto på en hestelort.

11. Og dæinsen gikk lystig i brudehus.

Det dæinse to lopper, det spelte ei lus.

*

Strofene er ikkje nummererte i utgåva.

Om bakgrunnen for visa skreiv Prøysen (i visespalta i «Magasinet For Alle»): je hørte a bæssmor sang litt av visa, men hu kutta av i «det psykologiske øyeblikk», for hu bæssmor hadde takt og tone. Og så sang hu mor litt mere, for

hu tenkte mere på arbe enn visa. Tel slutt fekk je resten, og den har je fått ifra hu svigermor.

TSB F 68 Ramnebryllaupet i Kråkelund

Innleiing

Liksom «Tordivelen og fluga» (TSB F 67) skildrar denne visa eit dyrebryllaup, men her er det ikkje insekt, men dyra i skogen. Tranen er brur og ramnen er brudgom, bjørnen er kjøkemeister. Mange andre dyr kjem med for å hjelpe. Kjøtmeisen kjem med kjøt. Ho skal vere tenestejente. Orrhanen kjem med ein mark til brura, og kjetta kjem med ei mus. Sauen er prest og sporven dansar med merra. «Pass deg så eg ikkje tråkkar deg på hoven,» seier han. Skjora skal skjenkje og høna kjem med smør. Haren høyrer at ikornet bles i horn, og så vidare. Visa er tydeleg ein parodi på ein vanleg bryllaupsfest på landet i gamle dagar. Som vanleg i eldre tider, har dette bryllaupet også et realt slagsmål mellom bjørnen og ulven før festen er slutt.

I 1647 vart denne visa med 35 strofer trykt i København i eit skillingstrykk. Trykket inneheldt to viser og tittelen er:

Tvende lystige

Norske Viser

Den Første /

Lante oster i Kraakelund etc.

Den Anden /

Andfind han gienghir / etc.

Under deris egne Melodier.

Tryckt Aar 1647.

Visa var trykt på norsk, og dermed er det den første teksten som var trykt på norsk, og sidan språket er vestlandsmål, er dette også det første som er trykt på

bygdemål. Sidan var visa trykt fleire gonger. I 1802 gav Laurents Hallager ut *Norsk Ordsamling eller Prøve af Norske Ord og Talemaader. Tilligemed et Anhang indeholdende endeel Viser, som ere skrevne i det norske Bondesprog*. Hallager fornorska teksten frå den gamle skillingstrykket vidare, og denne teksten sette M.B. Landstad inn i *Norske Folkeviser* (1853). Han hadde også teke med ein tekst på sju strofer frå munnleg tradisjon. Denne kalla Landstad eit «Bruddstykke» og han meinte at han kunne fått ein fullstendigare tekst om han hadde spurt etter den. Seinare samlarar har dokumentert eit tjuetal tekstar, men dei fleste er berre fragment. Ingen seinare av songarane hugsar meir enn 14 strofer. Visa skil seg ut frå dei fleste andre balladane. Den har ingen gjennomgåande handling, den er ikkje episk. Kvar strofe er eit sjølvstendig bilete, dessutan skifter omkvedet frå strofe til strofe. Ein slik komposisjon kan neppe leve lenge i munnleg tradisjon.

Visa verkar litterær. Torleiv Hannaas tenkte seg at visa kunne ha vore dikta av Anfinn Breder, prest i Sund på Sotra frå 1640 til 1647. Presten kunne ha vore inspirert av ei eldre vise om eit fuglebryllaup. I Sverige er det bevart ei liknande vise som er oppskriven så tidleg som frå 1600–1605. Denne visa fortel rett nok om eit gjestebod, men det er ikkje eit bryllaup og vi finn ikkje strofer som er heilt like dei norske. Liknande viser om dyrebryllaup finst også i Tyskland og andre europeiske land.

I Norsk folkeminnesamling er det ikkje oppskrifter av denne visa utanfor Telemark, men visa må ha vore svært populær, særleg på Vestlandet. Der er det dokumentert elleve melodiar i Sogn og Fjordane og sju melodiar i Hordaland. I Telemark har vi berre to melodiar, dessutan er det to melodiar frå Møre og Romsdal, to frå Rana i Nordland og ein melodi frå Bøverdalen i Oppland.

CCF 190 I

SMB 254

Grüner Nielsen 15

Oppskrift A

TSB F 68: Ramnebryllaupet i Kråkelund

Oppskrift: 1647, truleg utforma av Anfinn Breder, Sund på Sotra, Hordaland.

Oppgjeven tittel: Lante oster i Kraakelund

*

1. LAnte oster i Kraakelund
Dar æ so vacker ei By /
Adle de Dyr i Væra er
Sonkast dar uti /
– Biødnen han er yppaste Kar uti Skog. –
2. Biødnen sat uti Backie
Og mongt so mune han huksa /
Skal æg sømjja den breje Fior
Voet da verte mi Buxa /
– Biødnen viste inge Raa i Skogien. –
3. Sote heffve æg den heile Noet
Mæ Graat og idla Laat /
Søte halvar leena mæg skuto di
Mæg bær slet ingin Baat /
– Æg er boen te Brølloups Kar i Skogien. –
4. Æg er boen te Brølloup
Uti Rabna Buur /
Rabnin ska han Bruggom væra
Trana væra hans Brur
– Æg ska væra Kiøkemeistar i Skog. –
5. Sio kom Ullvin loupande
Spodde sæg som ein Piil /
Giæffve vilde æg einquart got
Æg vura tuort øffve ej Mijl /
– Di æg ska verta Klockar i Skogien. –
6. Ottrin smoug han i ein vur
Vart han var ein Fisk
Dan so skienckte han Bruggommin
Da vart deira Otebisk
– Ottrin var deira Fiskar i Skogien. –
7. Kiøtmeisa kom hu fykande
Mæ ein Veðal molle kiøt /
Dan la hu te Gieste boes /
Da smake hadla søet
– Kiøtmeise va hu Tenaste Pikia i Sko<gien> –
8. Jasin kom han byxande

Dat han paa sin Nase /
Di han skunda sæg uto Backin ne
Han houre Ikodne blæse /
– Ikodne blæs i Lurin uti Skogien. –

9. Arrin¹⁵³ kurra punde Biørckie Roet
Fadn ein vesal Mack /
Dan so skienckte han Bruggommin /
Han fæck guslæ gg¹⁵⁴ Tack /
– Aarrin han var Kockin uti Skogien. –

10. Edn fæd Smørklack bar Høna fram /
Hu var dæira Kocka touß
Dan laant ho ock hæima te
Kætta gaff ei Muß
– Kiætto va hu Dyraskyttar i Skogien. –

11. Houckin gaff ein Kiøckling
Dan stol han som ein tioff
Kraake suara: Stulin kost
Hæffue mæ inckie behoff
– Bruggommin sai oss vantast kost i skogien. –

12. Hanin gaff ein flabbrø leiff
Kom utoff Stabuur
Sponka sparka giore sæg te
Goell han kui-ku lur
– Han var deira Songomeistar i Skogien. –

13. Sporvin skulde han drickia skaffa
Da la dei hono paa
Fadn han sæg eit Malta Kodn /
Dar giore han Mungot paa /
– Sporvin var han Mungotzman i Skog. –

14. Eidn Suetmielks Keis paa deira Faet
Dan munne Svalo bringa /
Dan kjøpte hu toff ein danck ju Maet
Dei toko mæ qvaet dei finge /
– Svale hu va deira Brura Pika i Skogien. –

15. Sugo gaff eit Kamshoffve /
Komparatur og Supa /
Hauresoppe, Kidnekling /
Skote Dryck og Bleng /
– Dar var baa Soup og Syra i Skogien. –

16. Ræffvin gaff ein Læpsekling /

Leffra Grout og Gumbe /
Leffrakake, Kalvadantz /
Kiese, Skiør og Drafle /
– Riømasold og Møssebrym i Skogien. –

17. Kroßbrø, Krabretaⁿ⁵⁵, søte Brø /
Da gieck te Brylloups Gaer /
Rognakaka, Leffrunge /
Kæsa Ost og Raff /
– Da gaff Geita borisk Sleikar i Skogien. –

18. Knøost tvibrygia og Brædnevjn /
Rouge, Drafle og Grout /
Da gaff Lærki Songafugl /
Gouckin gaff eit Nout /
– Goukin varn Mungatzman i Skogien. –

19. Ullvin stod i Kiørckie Lee /
Støe sæg paa sit Svær /
Sior han sæg ad Strande neer
So fagr ei Fugla Fær /
– Han sior Trana trinande j Skogien. –

20. Han sior Brura trinande
Mæ si høige Bein /
Hegrin mæ sin longe Hals
Han er eidna Leyesveidn /
– Steindolpin buldra paa Trumo uti Sk[ogien]. –

21. Dar vart møkie Glira
Halvo meyra Gamma
Ullvin skulde han Klockar verta
Han kunda inckie ringie sama /
– Reffvin va dan treskaste Kar i Skogien. –

22. Soyen var deira Føreßman
Kadla va han te Prest /
Gieck hand sæg i Kiørkio eidn
Las so vacker ei Text /
– Nu tock paa oc qveldast uti Skogien. –

23. Nu tock paa oc qveldast
Dei kudne ickie lengre bia /
Dey skunda sæg til Brydloups Gaerin
Magin bar paa oc svia /
– Dar giorist som ei Slupsing i Skogien. –

24. Jasin utoff si Dristægheit

Fæck hand sæg ein Brand /
Skout hand tryor Stycke aff
Dar reast qvar ein Mand /
– Han giore som ei Fnøsing uti Skogien. –

25. Bruggommin tæck si Brur mæ sæg.
Sætte sæg i Høgsætte.
Miedlo hino Giestane /
Yppast stor Skidtlætte /
– Da er alt om Høgheita i Skogien. –

26. Sporvin sætte sæg Manna høgst
Hand tøttist icke væra littin /
Kiøtmeisa boxte hu hono nest
Og sætte sæg i Brickin /
– Gaesa hu va klæva Konna i Skogien. –

27. Skiore skulda hu skienckia
I møkin manna trong
Hu kunde sæg inkie paa Golfve snou
Di Vælle var forlong
– Nu beit Mungate kurt paa i Skogien. –

28. Uglo drog ut Taßhakin
Bøxte hu øffve Bore /
Hoiga vilde hu Kiøtmejsa /
Kiøtmejsa tock te Ore /
– Di skitlaat mæg finst ret om i Skogien. –

29. vin drick utoff Sylvarskaal
Slænge hand hædne mot Golf
In sa kiem hand Bamse Bonde
Æg truur du raar dæg siølf /
– Vor hærraste famen halt mæg inkie i Sk[ogien]. –

30. Op sprong Sporvin løstoug og gla /
Dansa hand mæ Mærre /
Og tala te hedne, vara dæg
Eg bøxe incke din Hoeff fordærva /
– Jortin tuta i Bucka Hodn uti Skogien. –

31. In kiem Kraako hoppande
Mæ si svartta Hætta
Sitie no adle heil og sæle /
Ere de no adle mætte /
– Vilja de braat hald op oc æta i Skogien. –

32. Te svara Ørna gamle Gomoer
I Brickia dar hu sæt

Os heffve inckie skorta i Dag
Korccke Dricke elde Maet /
– Guslæ hafve dicke so te haffve lote i Skog. –

33. Biødnin vart han rusande
Kuka han i si Brock /
Sume haffva deloteⁿ⁵⁶ paa sæg /
Dei gruva dei fær aldre noug /
– Maatin er da yppaste Graes i Skogien. –

34. Dar vart møckin Elskogien /
Uti Rabna Buur /
Rabnin tæke si Trana i Fagnⁿ⁵⁷
Hu vart has veneste Bruur /
– Nu drog qvar Man heim te sino i Skog[ien]. –

35. Foro dei inckie vel i danna Fær /
Uti Rabna Buur /
Gud lat os fara evindelæg vel /
Skae i Bruggom og Bruur /
– Gud taleⁿ⁵⁸ deim aldre Dagien trivast i Sko[gien]. –

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

I ei avskrift i ei visebok frå 1700-talet (NB Ms 8vo 2494), er presten Anfinn i Sund nemnd som forfattar.

Det finst fleire handskrifter av denne visa. Det eldste er frå kring same tida som trykket (Kgl. Bibl. i Kbh., Thott. 1513 4to).

Oppskrift B

TSB F 68: Ramnebryllaupet i Kråkelund

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Bendik Ånundsson
Sveigdalen/Felland, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge a, 226–230.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Kravilund i Skógi,
d' æ så faver en bý,

Þs þadde småfuglar, i skógjen æ,

Dei samlar seg deruti

– For dí deⁿ⁵⁹ ska' vera gjestebo utí skógji. –

2. Kr[avilund] i sk[ógji]

[d' æ så faver] ei øy,

ravnen ska' vera^{han} brúgomen vera

å trana sko' vera hass møy.

– Fordí [de ska' vera gjestebo utí skógji.] –

3. Bjønnen han sit i bakkjen,

alt dæ han mónne seg hugse,

Ska' eg ivi denne breie fjór,

væter eg út míne buksur.

– For dí eg silleⁿ⁶⁰ vera tuktemeistar i Sk[ógjen]. –

4. Her hev eg seti den heile naatt^{k34}

mæ gråt å iddi låt,

vi' du låne meg skúta di

her bere meg ingjen båt.

– Fordi eg æ been ti gjestebos, uti sk[ógjen] –

5. Fram kjeme reven diltandes

han skýte seg som ei píl,

eg vill' gjeva út mykje gott,

va' eg hera ivi ei mil.

– Fordi eg si' þ vera skjenkjaren u[ti] Sk[ógjen]. –

6. Skjéri sill' ho skjenkjaren vera

for reven rokk inkje fram,

men ho kunne seg inkje på golve snú,

for róva hó va' for lang.

– Fordí hó si' vera skjenkjaren [uti skógjen]ⁿ⁶¹ –

7. Orren ~~han~~ kurrar undi bjørkerót,

han finn seg ein líten makk,

den gjeve han ti brúreskjenk

så fær en bådi guðslæ åⁿ⁶² takk.

– Fordí ^{han} [si' vera] brúresvein'e [uti skógjen] –

8. Ulven han drikke av sylvehonn

han slær de sund mót' góv.

fram kjeme bjønnen byksandes

eg trúr, dé rår dikkon sjóv.

– Fordí [han si' vera] tuktemeistar [uti skógjen] –

9. Fram kjeme hjasen hoppandes

han stупpa på síne nasar,
han vi' skunde seg ti gjestebosgaren,
å høyre på íkonni blåse.
– No blåse íkonni i lúen sin uti sk[ógjen] –

10. Fram kjeme hjasen hopp[andes]
han teke seg upp ein brand,
så sló han 15 stykkji derav,
dei ræast for han adde mann.
– Fordí han si' vera som ein fn|y|øsingje^{k35k36} uti sk[ógjen] –

11. Høna hó bere braus-leiven
av de stolte búr,
fram kjeme hanen spj|a|óntandes
så gjel han ein kinkelú'
– Fordi eg [si' vera] ein tútare [uti skógjen] –

12. Fram kjeme høna kju^kklandes
alt mæ si^{k37} stutte nebb,
no hev eg vori på skógjen í dag
å vorpi for bøndanne^{k38} egg.
– Fordí eg [si' vera] reiekona [uti skógjen] –

13. Fram kjeme sauven gangandes
mæ sí breie blesa,
no hev eg vori på skógjen idag
å lesi for bøndanne ei messe.
– Fordi eg [si' vera] pressmann [uti skógjen] –

14. Fram kjeme gjeiti springandes
bretter uppå sí rómpe,
no [hev eg vori på skógjen] ídag
for dí eg kunne lystig sjunge.
– Fordi eg va' som ein klokkare uti skógji –

*

Strofene er nummererte i trykket.

Reinskrift: NFS S. Bugge VIIIA, 95–99, med tittelen: Ravnebryllup

Oppskrift C

TSB F 68: Ramnebryllaupet i Kråkelund

Oppskrift: 1874 av Hans Ross etter ukjend songar, Veum i Fyresdal,
Telemark.

Orig. ms.: NFS H. Ross 5, 32–37.

Oppgjeven tittel: Vers af «Ravnebryddaupi» (fra Veum)

*

1. Der va Lyst i Kraakelund

Utí Ravnebúr:

Ravnen sille vera^e Bruggom

~~Kraaka~~^{Traana} sill' vera^e Brúr.

– Bjønnen han æ yppaste Kar útí Skógjen. –

2. Bjønnen sat i Bakkjen

Aa mangt so mone han hugse:

«Ska eg ivi den breie Fjór,

So væter eg út mine Buksur

– Eg æ be'en ti Bryddaups útí Skógjen. –

3. No hev' eg seti den heile Naatt

Graati aa iddi laati:

Góe Gonill laan meg Skúta dí,

Der ber meg ingle Baatar,

– Eg ska vere Sjaasetsmann í Skógjen. –

4. So kjem Hjasen hoppande

Aa datt han paa sí Nos:

De va' bi Under at han blei redd

Han høyrde hoss Ikonni blés

– Daa ville dei baae ti Bryddaups, í S[kógjen.] –

5. So kjem Skrubben loupande

Aa spana seg som ein Píl:

Han ha' vilt gevi út eitkvort godt

Ha han vori fram ivi ei Míl.

– Han sill vere Klokkaren, útí S[kógjen.] –

6. Skérè ho sill' Skenkjaren vere

I stóre Mannetraang:

Ho fekk seg inki paa Golvi snú

For Veli va for langt.

– S[kérè] ho sill vere S[kenkjaren] útí skógjé. –

7. Hanen han kom mæ ein Tunnbrousléiv,

Den tók hann í Bondens Búri,

Han gól aa han kukka aa han gól^{k39}

Gól ein Kukkulúr^{k40}

– Hanen han va Saangemeistaren [útí Skógjé.] –

8. Høna kom mæ eit Smørstykke

ⁿ⁶³Aa Kjetta mæ ei Mús.

– Kjetta hó va Dýreskyttaren í Skógjé. –

9. Haukjen kom mæ ein Kjukling

Den stol hann som ein Kjów:

Aa-li svora ~~Frøna~~_{Traana} Trenta:

«Mi hev 'ki stolen Koste behov.

– Mi plag 'ki fattast Maten í Skógjé.» –

10. De va hó Traana Trenta

Me sí svorte Hette

Gaasè va hennars Leitjþgjeþike^{k41}

Aa ho fýgde hennar næste,

– Aa Steidallen buldra paa Trumma úti Skógjé. –

11. Daa gjenge Veiren í Kyrkja inn

Aa han va kadda ti Prest

So gekk han seg at Altari fram

Der las han so vakker ei Tekst

– Veiren va deires Prest úti Skogjé. –

12. Naar de lei ti Kvellen

Daa tók deires Magi ti svíe

Daa lout dei heim ti Bryddaups

Daa kunne dei 'ki lenge bíe.

– So gjøre dei seg ei Slufsing, ú[ti] S[kogjé.]^{k42} –

13. Skrubben tók den Sylvareskaal

Sló hæ ímót Bóri:

Inn kom gamle Gumsebumma^{k43}

Naa trú eg di raar dikkon sjave!

– Vaar hæreste fammen! –

14. Ti svora gamle Gómmor

í Bríkjà der ho sat:

«Ikki hev mi skórta idag

Aa fattast anten Drikke hel Mat.»

– «Mi plag 'ki fattast Mate í Skogjé.» –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under oppskrifta står det: «Skógjé,» som jeg har optegnet overalt udenfor de første Vss. skulde vel hellere efter Dialecten være «Skogjè» el. «Skogjæ» cfr.

«Bríkjà, Bókjè.» Dog kunde «Skógjé» som en muligens ældre Form have holdt

sig i det lidet brugte Dativ. I Veum og andetsteds nord i Fyrsdal mente jeg ofte at høre «Sólè, Bókjè» ikke «Sólæ» etc. I Veum høres oftest nu Soli, Bokji som i Vraadal hvis Maal Veum i det meste følger.

TSB F 72 Bonden og leigejenta

Innleiing

Ein bonde talar med kona si om åkeren som står mogen og bør skjerast. Han salar hesten og rir av stad for å skaffe seg arbeidshjelp, og etter ei stund møter han ei jente. Bonden gjev seg i forhandlingar med jenta og tilbyr henne ei beskjeden løn som han sjølv synest er rimeleg. Ho skal få øl og mat og kanskje litt pengar, det får greie seg. Men jenta stiller heilt urealistiske krav, og opprørd og sint dreg bonden heim igjen.

Det finst berre to Telemarks-oppskrifter av denne balladen, ved Jørgen Moe og Sophus Bugge. Bugges variant vart skriven opp 1857 etter Torbjørg Gjermundsdotter Haugen (1792–1862) frå Skafså. Ho var ein av dei fremste norske balladesongarane og kunne kring femti forskjellige viser, og dessutan mange nyare viser og gamlestev (Jonsson & Solberg 2011: 540–544).

Språket i dei to norske variantane er meir eller mindre dansk, og det må truleg liggje danske skillingstrykk til grunn. Evald Tang Kristensen nemner då også eldre flygeblad han kjenner til, og trykkjer sjølv ei samansett form etter åtte songarar (Tang Kristensen 1901: 33–35). På svensk vart balladen oppskriven av Petter Rudebeck i 1690-åra og finst dessutan i mange nyare oppskrifter, også med melodi (SMB 5:2: 298–318). I Rudebecks oppskrift heiter bonden Niels Wånge, og handlinga går føre seg i Småland, der Rudebeck gjorde innsamlingsarbeidet sitt:

Niels Wånge han tala til hustrun Sin,
och nu är Rågen mogen
Hvar sku vij få osz een tienstepiga fijn,

som osz voro vehl trogen,
– jag får vehl någon i Småland, uppå min åker at skiära
(SMB 5:2: 298).

Jenta sine krav spring ut av karnevalistisk mentalitet, utbreidd i mange skjemteballadar. Ho vil ha overflod av alt det beste ho kan tenkje seg – vakre klede, mat og drikke i mengder, ei silkeseng å sove i og to spreke karar til å halde henne med selskap om natta:

Och du skal ge mig en kannu vijn,
hvar affton iagh gånger till Senge,
och bedda mig up een Silkesengh,
och legga mig mellan 2. drengar
(SMB 5:2: 298).

Dette er sjølvsagt ønsketenking, men seier noko om voner og forventningar hos arbeidsfolk i det gamle samfunnet.

Grüner-Nielsen 64

Tang Kristensen 6

SMB 258

Oppskrift A

TSB F 72: Bonden og leigejenta

Oppskrift: 1847 av Jørgen Moe etter Aamund Aarhuus, ukjend stad.

Orig. ms.: NFS J. Moe 7, s. 83–84

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Aa Bondemanden talte til Bondekonen sin

Se vor Ager den stander i Nue^{k44}moden

Og hvor skal vi faae os en liden Pige

Som kan <...> see os tilgode?

– Som kunde gaee

Som kunde staae

Alt paa vor Ager og skjæra –

2. Aa Bondemanden sadlet op Gangeren graa

Saa hastelig monne han ride

Og der han kom da paa Gaden frem

Da mødte der hannem en Pige

– Som kunde [gaae]
[Som kunde staae]
[Alt paa vor Ager og skjæra] –

3. Aa hør mig du Pige, hvad jeg siger dig
Og vil du lade dig Leie?
Øl og Madt jeg gjerne giver dig
Og Penger alt efter dit Nøie
– Vil du saa gaae
[Vil du saa staae]
[Alt paa vor Ager og skjæra] –

4. «Atten hundre Rigsdaler skal du giver mig til Løn
Mig tykker det er Løn saa ringe
Og du skal give mig det røde Guldbaand
Optol med atten Guldringe
– Saa vil jeg gaae
[saa vil jeg staae]
[Alt paa vor Ager og skjæra] –

5. Og du skal give mig hundre Par Øxer
Og Alle skal være brandbroget
det ene Horn skal stande ret
det andet skal stande kroget
– Saa vil jeg [gaae]
[Saa vil jeg staae]
[Alt paa vor Ager og skjæra] –

6. Og du skal give mig tolv Tønder Øl
Hver Aften jeg ganger til Senge
Og du skal give mig Nattero
Med tolv flinke kraasige Dreng
– Saa vil [jeg gaae]
[Saa vil jeg staae]
[Alt paa vor Ager og skjæra] –

7. Bondemanden vendte sin Ganger ikring
Saa hastelig monni han ride
Fanden udi Helvede han leie nu dig
Og aldrig saa hørte jeg din Lige
– Selv faar jeg gaae
[selv faar jeg staae]
[Alt paa vor Ager og skjæra] –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB F 72: Bonden og leigejenta

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Torbjørg Gjermundsdotter Haugen,
Skafså, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge k, 23–25 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Bondemanden tala te Bondekona si:

se vår Ager den stander i Myre:

hvor skal vi få os en liden Pige

som os kan tjene til gode?

– som kunde gå,

som kunde stå

uppå vår Ager at skjere –

2. Bondemanden salar 'en Gangaren sin,

så hastelig mone han ride,

der han kom på veien frem,

der mødte han en Pige.

3. Hør du det du liden Pige,

vil du lade dig leie,

øl og mad det skal du få

såm du må lade dig nøie

– Kom vil du gå

[kom vil du stå]

[uppå vår Ager at skjere] –

4. Atten 100 Daler skal du give mig i Løn,

mig tykkes det er kun så ringe,

du skal give mig et røde gullband

sette mæ atten Gullringar.

– Så vil jeg gå

[så vil jeg stå]

[uppå din Ager at skjere] –

5. Du skal give mig 15 Par Øxen,

og alle skal være brónbroged,

det ene Horn skal stande ret,

det andet skal stande kroget

6. Du skal g[ive] m[ig] en Due fin,

der til så ypper en Due,

hver Gang hun ganger uppå mig ser,
skal hun kalde mig sin Frue,

7. D[u] s[kal] g[ive] m[ig]12 Tønder Byg,
kvor Laurdag eg monne kaste,
og d[u] s[kal] g[ive] m[ig]12 Tønder Ryg
hver Fredag jeg monne faste.

8. Du sk[al] g[ive] m[ig]12 Tønder Øl
hver Aften jeg ganger til Sengo,
du skal give mig Nattero
med tolv flinke kurasige Dreng

9. Bondemanden snudde sin Gangar umkring,
så hastelig monne han ride,
Fanden udi Helvite leier nu dig,
aldrig hørte jeg din Lige.
– selv kan jeg gå
[selv kan jeg stå]
[uppå min Ager at skjere] –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

TSB F 73 Kjerringa til skrifte

Innleiing

Ei kjerring kokar ein graut og legg han i eit spann. At det er barselgraut til dotter si ho kokar, går fram av færøyske viseformer:

Kelling situr við grúgvustein,
tá komu henni tíðindi heim.

Tá komu henni tíðindi til harm,
at hennara dóttir hevði átt eitt barn
(CCF VI: 267–268).

Deretter dreg kjerringa heimanfrå med grauten. På vegen møter ho ein svolten hoffmann, og han et opp grauten og slengjer spannet frå seg. Kjerringa

blir så sint at ho tek kniven sin og stikk hoffmannen i hel. Men så kjem ho til å tenkje på at ho må skrifte seg og få forlating for drapet. Først reiser ho til klokkaren, men han har ikkje mynde til å skrifte henne, seier han, og sender henne vidare til presten. Presten sender henne vidare til bispen, men ho må heilt til paven på toppen av det kyrkjelege hierarkiet før ho kan få syndsforlating. Visa er også kjend under tittelen «Kjerringa sette seg på purka og rei». Handlinga er litt annleis, her har kjerringa drepe mannen sin og dreg av stad for å få syndsforlating, ridande på ein diger gris. I enkelte variantar har også djevelen ei rolle å spele, han er sjølve pavens overmann.

Det finst eit titals variantar av denne skjemteballaden. Dei fleste er frå Telemark, men balladen har også funnest i Oppland, Hedmark og Hordaland. Ei av dei fyldigaste oppskriftene vart gjord av Moltke Moe i 1878, etter husmannen Tollef Jensson Eikjamyra (1817–1879) frå Bø i Telemark. Tollef song sju balladar for Moe (Jonsson & Solberg 2011: 132–133). «Kjerringa til skrifte» er oppskrive i alle nordiske land og har sikkert vore ei omtykt vise, frå mellomalderen og fram til 1900-talet.

Komikken i visa har brodd mot representantane for den katolske kyrkja og mot skriftemålet. Skriftemålsordninga må såleis ha vore aktuell då visa vart laga. Handlinga er absurd, det er utenkjeleg at ei gamal kjerring skulle kunne gjennomføre det *denne* kjerringa greier. Nettopp dette er ein del av komikken. I motsetning til det tungrodde kyrkjehierarkiet viser kjerringa seg som handlekraftig og repektlaus, ein ekte folkeleg helt. Ho oppnår til sist det ho er ute etter når ho endeleg når fram til pavens gard, og paven seier:

«Ja, hev du stungi ein hovmann ihæl,
så skrifter eg deg båt' te liv å te sjæl»
(Solberg 1993: 234–237).

CCF 183

IFkv 109

SMB 259

Tang Kristensen 83

Oppskrift A

TSB F 73: Kjerringa til skrifte

Oppskrift: 1878 av Moltke Moe etter Tollev Jensson Eikjamyra, Bø, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 5, 79–81

Ingen oppgjeven tittel

*

1. Å kjeringa ho koka derutav ein graut, han låg uti klompar, han va ikkje blaut.
2. Kjeringa ho gjekk seg på vegen fram, der møtte ho seg så rask ein hovmann
3. Han tok spande, sette da på saleknapp, han åt otor grauten å spanne de slapp.
4. Kj[eringa] ho brynde på sin rustutte kniv: «Nå ska dæ gjelde ditt einaste liv!»
5. Å Kj[eringa] tok nå sin krykkje å sin stav, så reste ho seg te klokkarens gard.
6. «Kjære kl[okkar] du skrifte nå meg, fer eg heve stungi ein hovmann iheel!
7. «Nei så men eg skrifter 'kje deg, men rejs te presten, han rår over meg!»
8. Å kj[eringa] ho tok sin krykkje å sin stav, så reste ho seg te prestens gard.
9. «Kjære prest, du [skrifte nå meg,] for eg heve [stungi ein hovmann iheel!]
10. «Nei så men eg skrifter 'kje deg, rejs nå te bispen, han rår over meg!»
11. Å kj[eringa] ho tok [sin krykkje å sin stav,] så reste [ho sig te bispens gard.]
12. «Kjære bisp, du [skrifte nå meg,] fer eg heve [stungi ein hovmann iheel!]
13. «Nei så men eg skrifter 'kje deg, men rejs te paven, han rår over meg!»
14. Å kj[eringa] tok sin [krykkje å sin stav,] så reste ho [sig te pavens gard.]

15. «Kjære pave, du skrifter nå meg,
fer eg heve stungi ein hovmann ihæl!»

16. «Ja hev du stungi ein hovmann ihæl,
så skrifter eg deg båt' te liv å te sjæl.»

17. Kj[eringa] ho spende opp mæ bae sine foti;
«Kjyss meg i fua, dæ va'kje verr' gjort!»

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Oppskrift B

TSB F 73: Kjerringa til skrifte

Oppskrift: 1915 av Rikard Berge etter Kari Steinarsdotter Dale, Seljord,
Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCLXII, s. 74–75.

Ingen oppgjeven tittel

*

1. Kjeringji sette seg paa purkaren graa
– Till lill lill lill am tam tam –
rei 'o seg ti kløkkarens gaar
– Till lill lill lill am tam tam –

2. Kjære min kløkkar vi' du skrifte meg vel,
fòr jeg jei har slaatt min mann ihjel.

3. Jei kann ikke skrifte dei,
for presten han gaar øaaver mei.

4. Kj[eringji] sette sette seg [paa purkaren graa]
[rei 'o seg ti] prestens gaar.

5. Kjære [min] prest [vi' du skrifte meg vel]
[fòr jei har slaatt min mann] ihjel.

6. Jei [kann ikke skrifte dei,]
[for] prosten [han gaar aaver mei.]

7. Kj[eringji] sette seg paa] purkaren graa
[rei 'o seg ti] prostens [gaar]

8. Kjære [min] prost [vi' du skrifte meg vel]
[fòr jeg hat slaatt min mann] ihjel.

9. Jei [kann ikke skrifte dei,
[for] bispen [han gaar aaver mei.]
10. Kj[eringji sette seg paa purkaren] graa
[rei 'o seg tì] bispens [gaar]
11. Kjære [min] bisp [vi' du skrifte meg vel,
[fòr jei har slaatt min mann] ihjel
12. Jei [kann ikke skrifte dei,
fòr fanden han [gaar aaver mei]
13. Fanden tok aa la 'o paa ei slett,
aa saa stekt' 'n av 'o ti ponn fett.

*

Strofene er nummererte av samlaren. Under oppskrifta står det: (Tone).

Oppskrift C

TSB F 73: Kjerringa til skrifte

Oppskrift: 1917 av Knut Liestøl etter Olav Torsson Åsmundsstad, Kvikne, Nord-Fron, Oppland.

Orig. ms.: NFS K. Liestøl 1, 31a–31b

Ingen oppgjeven tittel

*

1. Aa kjeringa ho sette se pa gossin grå
– Sa' o turi uri ullan dei –
Rei ho se te prestens gål.
– Sam turi uri ullan dei. –
2. «Å kjære du prest du straffe meg vel
for e ha trølla ein sjømann i hæl
3. «Å nei e kann 'kje straffe de e,
for bispen han æ nå over me»
4. Å kjeringa ho sette se på gossin grå
Rei ho se te bispens gål
5. «Å kjære du bisp, du straffe me vel
fòr e ha no trølla ein sjømann ihæl.
6. «Å nei e kann kje straffe de e,
for pavin han e no over me

7. Å kjeringa ho sette se på gossin grå,
rei ho se te pavens gål
8. «Å kjære du pave, du straffe me vel,
før e ha trølla ein sjømann i hæl.»
9. «Å nei, e kann kje straffe de e,
for Fan'en han e no over me.»
10. Å kjeringa sette se på gossin grå
rei ho se te Fan'ens gål
11. «Å kjære du Fan, du straffe me vel,
før e ha trølla ein sjømann ihæl.»
12. Å Fan'en han to' kjeringa å sett'o på spett,
so steikte'n utu'n sju punn feitt.
13. Å kjeringa ho sette se på gossin grå
rei ho heim te sin eien gål
14. Å kjeringa ho sette se ve rokkin å spann,
«Detta so mat e no aller e grann.»

*

Oppskrifta er nummerert av samlaren.

Over oppskrifta står det om songaren at han er 66 år og bonde og at han lærte visa av søster si då han var berre 8–9 år.

Under oppskrifta står det: Gosse, m. ein noe stor gris fysst å fremst; tiltale til grisen når ein kleiar han: «Ja du æ ein go gosse!» So kann det vera ein stor feit kar, me grisefeitt.

TSB F 75 Tjuvane

Innleiing

Til ein gard kjem det tjuvar. Den eine av tjuvane spør om han kan få kome inn og syngje om eit tjuveri. Kona seier at han gjerne må syngje så mykje han vil. Ho

vil legge seg og høyre på songen hans. I songen instruerer tjuven dei andre tjuvane om kva dei skal ta, og kor dei skal få tak i det. Dei stel lerret og lin, flesk og øl. Han syng at dei skal bryte opp pengeskrinet. Så går tjuvane opp i loftet og legg seg med døtrene på garden og spyttar tobakk på dei. I stallen står det tre folar. Dei stel den beste, og dei strør halm på låvebrua så det ikkje skal klinge av hesteskorne. Til slutt syng tjuven: «Pus, pus, no tenner ho lys». Det er signalet til at dei skal kome seg unna med byttet.

Handlinga i visa er stort sett den same, men i nokre variantar er det berre to tjuvar, Steinar og Ståle. I den varianten er omkvedet: «I lundi – Enno stende gangaren i grøne lunden». I ein annan og vanlegare gruppe er det tre tjuvar utan namn, og omkvedet er: «Tre redelige menn – her er langt til morgonen enn».

Som vanleg er det flest oppskrifter frå Telemark, men storparten av oppskriftene er prega av at visa er på veg til å bli gløymd. I 1864 skreiv Sophus Bugge opp ein tekst på 14 strofer etter Gunnild Sundsli i Fyresdal, men ho fekk ikkje innhaldet retteleg fram. I 1911 skreiv Rikard Berge opp ein god variant etter Åsmund Olsson Åheim frå Lårdal, men den er berre på 10 strofer. Den oppskrifta som gjev best meining, er oppskriven i 1914 av Gunnar Nese etter Salve Aarli, Gjøvdal i Aust-Agder.

I samlinga etter folkemusikaren Erling Kjøk i Lom, Oppland, ligg det ein annleis variant. I den varianten er det ingen syngande tjuv. Denne visa er konsentrert om gruppevaldtekt. Røvarane kjem til ein gard der kona er åleine med døtrene. Ho trur det er nattefriarar og viser røvarane opp i loftet der døtrene ligg. Tjuvane stel alt dei kan få med seg og ligg med dei to vakraste av jentene. Den tredje og styggaste stappar dei tobakk opp i.

Rikard Berge har skrive opp ei underleg strofe etter Kjærsti Bergstig, Bø i Telemark. Den har kanskje vore eit fragment frå ein variant av visa frå Lom:

Aa høyre du mor i kroken
– Tre redelige menn –
Kann eg faa lov ti ligge mæ datter di.
– Her æ langt ti dagen kjem –
Ja ligg, ja ligg so mykje du vil.

Ei islandsk oppskrift frå 1600-talet, «Steinfinnur og Stálar», ligg nær den norske visa, men med 27 strofer er den langt meir fullstendig. Den fortel også at

bonden på garden er død. Den islandske fortel også langt meir detaljert om tjuvegodset: 12 sølvskåler, kanner, kjer og finklede, og dei ber ut alt som er i buret. Dei drikk opp ølet, men etter det syng dei så høgt at barnet vaknar, og då må dei kome seg bort.

I Danmark er det berre skrive opp nokre få variantar frå munnleg tradisjon, men i Sverige har dei heile 21 tekster og 8 melodiar. I nokre av dei svenske variantane ligg tjuvane også med døtrene, men dei ter seg meir som friarar enn valdtektsmenn.

Utsyn 178

DgF 386

SMB 260

IFkv 85

Oppskrift A

TSB F 75: Tjuvane

Oppskrift: 1864 av Sophus Bugge etter Gunnhild Kjetilsdotter Sundsli, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge f, 67–69.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Steinar å så Stáli
– Í lundi –
dei va brøanne^{v90} bære
– Ansteins ganger í grøne lunden han bíar væl. –
2. Dei va brøanne beste
å dei va skalkanne veste.
3. Kvore vi dú at búri stele
hell dú vi at stóga kvee
4. Høyr de syster Tóre
må eg kvee um kjóvar
5. Dú må kvee meste dú vi'
når de kjem okkon inkji ti.

6. Stel dú léreft ^{helle} stell dú lín
stel so de som æ noko fínt.
7. Stel dú fleskji ne tó rót
gløym inkje ístri tí ^{v91} vár skó
8. Glåp so deg der litt bet burt
der stende kânas kvíte ull.
9. Glåp [so deg der litt bet] hît,
[der stende] bóndens peningskrín.
10. Um tala syster Åse
æ' våre dynnir í låst e'í,
11. Ja vár' dynnir æ í lås
men Gud rá um lykianne æ 'kje sjå.
12. Kjessút kjessút púsi
no kjem hústrú mæ ljúsi.
13. K[jessut kjessut] líten pús,
no ví' hústrú tenne í ljús.
14. Anstein ótó búri sprang,
Steinar ótó stoga rann

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Reinskrift: NFS S. Bugge VI, 112–113, med overskrift: Tyvevisen.

Oppskrift B

TSB F 75: Tjuvane

Oppskrift: 1911 av Rikard Berge etter Åsmund Olsson Åheim, Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXXII, 70–71.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Aa høyr du mor i huse
– Tre redelige mænd –
fær eg lòv tí kvea visa mi.
– Her æ langt tí dagjen enn. –

2. Aa syng aa syng sò mykje du vil
eg legg'e meg ne aa lytter dertil.
3. Aa høyr du far i huse,
fær me lòv tì fri tì døtran' tri?
4.
5. Me laag mæ ei, me laag mæ tvo,
den trée sò stappa me tobak i
6. Sò reiste me kòn àt lòfte upp,
sò stòl me kjerìngjes svarte ull.
7. Sò reiste [me kòn] àt stallen ìnn,
aa sò [stòl me kjerìngjes] fòlar fem.
8. Strøy høy aa halm paa brua,
sò de ìnkje klingar i hessko'n.
9. Kjerìngji upp o' sengji sprang.
(Æ her tjo var i òkkòs gaar)ⁿ⁶⁴.
10. Tjovane kjørde aa kj[eringji] sprang,
Kjys meg i foi du kjerìng-fan.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta. Berge skriv opp strofe 4 utan tekst for å markere at det manglar noko. Etter oppskrifta står det ei strofe frå Tordivelen og fluga (TSB F 67) med kommentaren: Hæge Turrgronflaten kvad denna). Det må då dreie seg om TSB F 67, ikkje TSB F 75.

Oppskrift C

TSB F 75: Tjuvane

Oppskrift: 1914 av Gunnar Neset etter Salve Terjesson Årli, Åmli, Aust-Agder.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCLX, 25–27.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. God kvelle mor i huset
– tri redelige mænd –
faar jeg lov til aa kveda visan min
– her er langt til maaraen end –

2. Ja visst maa du kveda
– saa meget som du vil –
faar jeg lov aa lægge mig ned og lytta til
– her er langt til dagen end –
3. Ak hør nu i som udenfor staar
– tri redelige mænd –
naa maa de stele mens visen gaar
– her er langt til dagen end. –
4. Saa gik vi ind i stuen
og meø brekte op kjæringas kistelaas
5. Saa gik vi op paa loftet
og vi laag hos kjæringas døtre tre
6. Vi laag hos en vi laag hos to
men den vakraste spytta vi tobak op i
7. Saa gik vi ned i stalden
og der stod kjæringas folar tre
8. Vi saag paa en vi saag paa to
og den vakraste lagde vi selan paa
9. Strø halm strø høy paa laavebrua
at ikkje gangaren faar trampe med hestskoa
10. Aa kjæringa op i serkjen for
Jeg tror her er tyver udi vaar gaard

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Frå strofe 4 går omkvedet som i strofe 3, med variasjonen «tre» for «tri» i strofe 6–10 og «redeliga» for «redelige» i strofe 4.

[TSB F 76 Lars skyttar](#)

Innleiing

Denne visa har vore populær over heile Sør-Noreg. Som vanleg er det mange

oppskrifter frå Telemark, men det er også mange frå austlandsfylka. Med denne store spreinga er det berre ventande at oppskriftene varierer både i språk og innhald. Nokre variantar har også fletta inn strofer frå «Han Mass og han Lasse» (TSB F 54).

Visa byrjar med at Lars går ut på jakt, og i ein variant er han på veg til gjestebod. Han møter ein skreddarsvein og ein børsesmed, men utan at dette får konsekvensar. I nokre variantar må han slåst med ein bjørn. Det går ikkje så bra, for bjørnen får overtaket, og Lars må tilby bjørnen ein bukk eller ein stut for å kome levande frå slagsmålet. Det endar likevel med at Lars skyt bjørnen. I ein variant skyt han også ein korp eller ein hare. Han legg bjørnen på ein slede, men hesten kan neppe dra han. I dei fleste variantane frå Telemark kjem det ei kvinne som ler av Lars, og då valdtek han henne opp mot ein vegg. «Nå sette du barn på meg,» seier ho.

Lars han tog jomfruen uppetti en vegg,
so begynde han ti å kløyve skjegg.
Jomfruen krauna ojei ojei,
jeg fæler visst, at du gjer bon på mei.
– Ha ha, no æ' du sikker, sa' Lars. –

Utbreiing

Innsamlinga av denne visa har vore svært skeiv. I Telemark er det skrive opp fem melodiar og kring ti tekstar, men fleire av dei er berre fragment. Denne visa må også ha vore svært populær i austlandsfylka. I Oppland, Hedmark og Akershus er det skrive opp 13 melodiar, men berre fem tekstar. Dessutan er det tre melodiar frå Møre og Romsdal og tre frå Sogn og Fjordane. Til desse har vi nesten ikkje tekstar.

Ei vise for menn

Den brutale valdtekta finst berre i telemarkstradisjonen, og det må ha vore ei vise for menn. Av åtte songarar som hadde denne strofa, er det berre ei kvinne, Kari Steinarsdotter Dale i Seljord. Ho song den for Rikard Berge i 1915, og han noterte at ho hadde lært den av far, dessutan song ho også «Han Mass og han Lasse» (TSB F 54). Visa finst berre i Noreg.

Oppskrift A

TSB F 76: Lars skyttar

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Grundi Halvorsson Morkji/Vaddeli, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge d, 15–16.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Lars han gik seg i lunden så grøn
so såg han en bamsi í bakkjen der låg.
– ha ha – æ dú der, sa Lars –[k45](#)
– Lars han leikar í lunden mæ sine feilur. –
2. L[ars] han spente sin bogje for kné,
so skaut han den bamsen, å bamsen falt ne,
– Ha ha – der ligge dú, sa L[ars] –
3. L[ars] han gjúrde den bamsen på slea,
so gjúrde han han ti mæ et reipetrea
– H[a] H[a] no æ' eg viss på deg sa L[ars] –
4. L[ars] han kjørde uppetti en bakkji,
so begynda den merræ ti hinke å ti halte
– H[a] H[a] eg sýnes dú orkar 'kji bamsen eg, sa L[ars] –
5. L[ars] han kjørde ette ei gate so trang,
so stó der ei jomfrú å ló at han,
– H[a] h[a] lær dú at mej, sa L[ars] –
6. L[ars] han tog jomfruen uppetti en vegg,
so begynda han ti å kløyve skjegg.
H. h á jomfrúen krauna ó jej ó jej
jeg fæler visst at dú gjev bón på mej
– h[a] h[a] no æ' dú sikker, sa L[ars]
7. Adde begynda på bamsen å flå
å ingjen so ville ti rumpa gå
– h[a] h[a] eg må gå jej da sa L[ars] –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Strofe 6 står slik i reinskrifta, med fire versliner føre omkvedet.

Reinskrift: NFS S. Bugge V, 254–255, med overskrift: Lars Skyttar. (Grundi Vaddelí. Fyresdal. Søn af Hallvor Morkji.)

Oppskrift B

TSB F 76: Lars skyttar

Oppskrift: 1864 av Ludvig Mathias Lindeman etter Johannes Halvorsson Vornhus, Maridalen, Oslo.

Orig. ms.: NB Mus ms 6858, nr. 100 (strofe 1), og NFS O.M. Sandvik 2, nr. 15, 1–4 (strofe 2–8).

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Første Take dom tilsammen tok
– alt i den grønne Lund –
han Lars rauk under aa han Bamse ovapaa
– no vandt du sa'n Lars –
– aa Lars aa Lars aa Stakkars Lars. –
2. Aa kjære Bamse du slipper mig op
Aa eg ska gje deg saa fæit en Buk
– du har ikke faatn endnu du san Lars –
3. Andre Take dom tilsammen tog
Han Lars rauk under aa han Bamse ovapaa
– du vinder stødt du sa'n Lars –
4. Aa kjære Bamse du slipper mig op
aa je ska gjì dæg saa feit en Stut
– Du har inte faatt'n endnu du sa'n Lars –
5. Trea Take dom tilsammen tog
han Bamse rauk under aa han Lars ovapaa
– no vandt jeg sa'n Lars –
6. Aa kjære Lars du slipper mig op
aa jeg skal gjì deg att baade Nut og Buk
– jeg slipper ikke saa let jeg sa'n Lars –
– aa Lars aa Lars Brakaren aa Lars. –
7. Han Lars han brynte sine Kniver smaa
paa en Bamse han bejynte at sprett og flaa
– no flaar jeg sa'n Lars –

8. Han Lars kjøur'n Bamse opover en Bakke
den brune Mærra ho dro paa Skakke
– dra beint di Hore sa'n Lars –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskriftene.

Første strofa står til melodioppskrifta. I tekstmanuskriptet er det vist til denne strofa slik: Første Take o.s.v.

Oppskrift C

TSB F 76: Lars skyttar

Oppskrift: Udatert av Anna Monrad etter ukjend songar, Nes på Romerike, Akershus.

Orig. ms.: TGM R. Berge DXXVII, 11–12.

Oppgjeven tittel: Lasse som skulle tel jestebu fara

*

1. Han Lasse han skulle tel jestebu fara,
saa hadde han itno paa borde aa bera,
– je faar vel, sa n Lasse, je faar vel, sa n Lasse. –
– de lider saa silde, om aftenen. –
2. Han Lasse tok børsa utpaa sin bak,
aa vandre tel skogen i ro aa mak,
der traf n Lasse en bjøn som n skaut paa,
men traf itte, da flaug bjøn paa n Lasse
3. aa bjøn han reiv n Lasse sun,
– au au, sa n Lasse, au au, sa n Lasse –
4. Han Lasse fek lad børsa igjen
saa skaut n bjøn, saa den dat dau,
– lig der, sa n Lasse, lig der, sa n Lasse, –
5. Han Lasse tok bjøn oppaa sin bak,
aa jik saa himmat, i ro aa mak.
– du er tong, sa n Lasse, du er tong, sa n Lasse, –
– de lider saa silde, om aftenen. –
6. paa vegen han Lasse møtte en man,
den man han hadde, ei krokke faar rev,
– smør paa, sa n Lasse, smør paa, sa n Lasse, –

7. Da n Lasse han kom i stua in,
kjæringa aa onga dom flaug i en ring,
– bli red, sa n Lasse, bli red, sa n Lasse, –

8. Han Lasse han fant dei kniva fram
aa n Lasse han flaadde, aa kjæringa hølt i,
– høll hart, sa n Lasse, høll hart, sa n Lasse, –

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta, og dei er ikkje delte inn i versliner.

Forkortingar og litteratur

CCF: *Corpus Carminum Færoensium. Føroya kvæði I–VI*. Red.: S. Grundtvig m. fl. København 1941–1972

DFS: Dansk folkemindesamling

DgF: *Danmarks gamle Folkeviser I–XII*. Red.: S. Grundtvig m. fl. København 1853–1863 (ny utg. 1966)

EFA: Etno-folkloristisk arkiv, Seksjon for kulturvitenskap, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen

IFkv: *Íslenzk Fornkvæði I–VII*. Red.: Jón Helgason. København 1962–1981

NB: Nasjonalbiblioteket, Oslo

NFS: Norsk Folkemindesamling, Institutt for kulturstudier, Universitet i Oslo

NTNU UB: Universitetsbiblioteket, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

SMB: *Sveriges Medeltida Ballader 1–5*. Red.: B. Jonsson m. fl. Stockholm 1983–2001

TGM: Telemark og Grenland museum

Utsyn: *Utsyn yver gamall norsk folkevisedikting*. Red.: L. Heggstad m. fl.

- Anderberg, Bengt, Bengt af Klintberg og Christina Mattsson (red.) 1980. *Fula Visboken*. Stockholm. Tidens Förlag.
- Berge, Richard 1904. *Norsk visefugg* Kristiania. Norli.
- Blom, Ådel Gjøstein 1982. *Norske mellomalderballadar* Bind 1: *Legendeviser*. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlaget.
- Blom, Ådel Gjøstein & Olav Bø (red.) 1981. *Norske Balladar*. Oslo. Det Norske Samlaget.
- Child, Francis James [1882–1898] 1965. *The English and Scottish Popular Ballads* I–V. New York. Dover.
- Espeland, Velle (red.) 1981. *Blow Boys Blow*. Oslo. Tiden.
- Garborg, Hulda 1917. *Norske Dansevisur*. Kristiania. Aschehoug.
- Gaukstad, Øystein 1997. *Ludvig Mathias Lindemans samling av norske folkeviser og religiøse folketoner*. Bind 1: *Tekster*. Oslo, Novus.
- Grundtvig, Svend, Jørgen Bloch og Chr. Matras (red.) 1941–1972. *Føroya kvæði : Corpus carminum Faeroensium* I–VI. København. Munksgaard.
- Grundtvig, Svend, Axel Olrik m. fl. (red.) [1853–1863] 1966. *Danmarks gamle Folkeviser* I–XII. København. Gyldendalske Boghandel.
- Grundtvig, Svend 1854–1861. *Gamle danske Minder i Folkemunde*. I–III. København. Thaarup.
- Grüner-Nielsen, Hakon 1927–1928. *Danske Skæmteviser*. København. Universitets-Jubilæets danske Samfund.
- Hansen, Finn Christen 1986 «*Og tordiveln knytte på seg hosoband...*» *Eldre skjemteviser i norsk tradisjon*. Hovedfagsoppgave. Oslo. Institutt for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo.

- Hansen, Finn Christen 1990–1991. «Han bytta bort kua, fekk fela igjen...». I: *Sumlen. Årsbok för vis- och folkmusikforskning*. Stockholm. Svenskt Visarkiv & Samfundet för Visforskning.
- Heggstad, Leiv og Hakon Grüner-Nielsen 1912. *Utsyn yver gamall norsk folkevisedikting*. Kristiania. Olaf Norlis Forlag.
- Hoksnes, Arild og Marit Rekdal (red.) 1984. *Syng som folk. folkeleg songtradisjon frå Romsdal*, Molde. Sogelaget.
- Jerstad, Johan og Tor Veggeland 1979. *Gards- og ættesoge: Fjotland*. Kvinesdal. Hegland Trykkeri.
- Jón Helgason (red.) 1962–1981. *Íslenzk Fornkvæði I–VII. Editiones Arnamagnæanæ*. Series B vol. 17. København. Munksgaard.
- Jonsson, Bengt R. 1967. *Svensk balladtradition*. Bind 1: *Balladkällor och balladtyper*. Stockholm. Svenskt visarkiv/Almqvist & Wiksells Boktryckeri AB.
- Jonsson, Bengt R., Margareta Jersild og Sven-Bertil Jansson (red.) 1983–2001. *Sveriges Medeltida Ballader 1–5*. Stockholm. Almqvist & Wiksell.
- Jonsson, Bengt R. og Olav Solberg 2011. «Vil du meg lyde». *Balladsångare i Telemark på 1800-talet*. Oslo. Novus.
- Jonsson, Bengt R., Svale Solheim og Eva Danielson 1978. *The Types of the Scandinavian Medieval Ballad*. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlaget.
- Klüwer, Lorentz Diderich [1823] 1960. *Norske Mindesmærker aftegnede paa en Reise igjennem en Deel af det Nordenfjeldske*. Trondheim. Foreningen Facsimilia Nidrosiensia.
- Landstad, Magnus B. [1853] 1968. *Norske Folkeviser*. Oslo. Norsk Folkeminnelag/Universitetsforlaget.
- Liestøl, Knut 1941. *Saga og folkeminne*. Oslo. Olaf Norlis Forlag.
- Lindeman, Ludvig Mathias [1853–1867] 1963. *Ældre og nyere Norske Fjeldmelodier*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Magerøy, Nils og Arne Magerøy 1943. *Gamle visor og kvedor*. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 52. Oslo. Norli.

- Moe, Jørgen 1964. «Indberetning fra Cand. theol. Jørgen Moe om en af ham i Maanederne Juli og August 1847 med offentligt Stipendium foretagen Reise gjennem Thelemarken og Sætersdalen for at samle Folkedigtninger.» I: *Tradisjonsinnsamling på 1800-talet*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Prøysen, Alf 1975. *Skillingsvise med Alf Prøysen: De gamle visene*. Oslo. Forlaget for alle.
- Prøysen, Alf 2014. *Viser og dikt*. Bind 2: 1954–1963. Utgave Elin Prøysen og Per Husby. Oslo. Musikk-Huset.
- Ressem, Astrid Nora (red.) 2011. *Norske middelalderballader. Melodier*. Bind 1: *Naturmytiske ballader. Legendeballader. Historiske ballader*. Oslo. Norsk visearchiv/Norsk Folkeminnelag/Aschehoug.
- Ressem, Astrid Nora (red.) 2014. *Norske middelalderballader. Melodier*. Bind 2: *Ridderballader. Kjempe- og trollballader*. Oslo. Nasjonalbiblioteket/Norsk Folkeminnelag/Spartacus/Scandinavian Academic Press.
- Ressem, Astrid Nora (red.) 2015. *Norske middelalderballader. Melodier*. Bind 3: *Skjemteballadar*. Oslo. Nasjonalbiblioteket/Norsk Folkeminnelag/Spartacus/Scandinavian Academic Press.
- Semb, Klara [1922] 1985. *Norske Folkedansar. Songdansar*. Oslo. Noregs Boklag/Det Norske Samlaget/Noregs Ungdomslag.
- Skar, Johannes 1963. *Gamalt or Sætesdal*. Bind 3. Oslo. Samlaget.
- Solberg, Olav. 1988. «'Den som kun tar spøg for spøg...'. Om det komiske i 'Myllardottera' og andre skjemteviser». *Tradisjon* nr. 18. Oslo. Universitetsforlaget.
- Solberg, Olav 1991. *Den omsnudde verda. Ein studie i dei norske skjemteballadane*. Bø. Telemark distriktshøgskole.
- Solberg, Olav 1993. *Den omsnudde verda. Ein studie i dei norske skjemteballadane*. Oslo. Solum Forlag.
- Tang Kristensen, Evald 1901. *Et hundrede gamle danske skjæmteviser efter nutidssang*. Århus. Jacob Zeuners Bogtrykkeri.

Noter:

[n1](#). Fylt ut etter reinskrifta.

[n2](#). Fylt ut etter reinskrifta.

[n3](#). Fylt ut etter reinskrifta.

[n4](#). Fylt ut etter reinskrifta.

[n5](#). Parentesane står i oppskrifta.

[n6](#). Hakeparentesane står i oppskrifta.

[n7](#). Retta frå: han

[n8](#). Retta frå uleseleg ord

[n9](#). På tittelbladet står det: Antiquariske Reiser igiennem en Deel af det Nordenfjeldske Norge og Trondhjem 1818

[n10](#). ord skrive over streken: stolen

[n11](#). (Tilleggsvers s 143) (ett. Tone Nuten)

[n12](#). s. 143: (Visa um dyre s. 118)

[n13](#). Retta frå: klappå

[n14](#). Over t-en står det: [n]

[n15](#). Mellom o-en og aksenten er det ein vannrett strek

[n16](#). Retta med blyant til: delei

[n17](#). Retta med blyant til: faderallandelei

[n18](#). Feil for: til

[n19](#). Retta frå: nått

[n20](#). 18. (S.N.)

[n21](#). 17 (S.N.)

[n22](#). Denne strofa står under den neste i oppskrifta, med tilvising hit.

[n23](#). Svært utydeleg. Det ser ut som ein bokstav er stroken, og det kan stå: agre

[n24](#). *I reinskriфта står det over lina*: [Ta meg den, Ta meg den, smukke &c. J. M.]

[n25](#). *Retta frå*: hadde

[n26](#). *Retta frå*: hadde

[n27](#). *I margen står det*:

4b. Som' en sill' te skjúle
í den stríe straum,
so røk der av de beste
hústrú skaut.

[n28](#). *Retta frå*: hadde

[n29](#). *I margen står det*:

Fra Høydalsmo:
Som han kom te garslee,
sló han seg på sí tå:
«Skam få de, um tå'i gjekk av,
når klæ'i va' bare 'kji grå.

[n30](#). *Retta frå*: hev eg

[n31](#). *Retta frå*: hadde

[n32](#). *Over ordet står*: (aab i)

[n33](#). *Over ordet står*: (aab i)

[n34](#). *I margen står med svak skrift (usikker transkripsjon)*: (Bjønebeinet)

[n35](#). *I margen står det*: Jfr. Uhland Nr. 294.

[n36](#). *Retta frå*: penninganne

[n37](#). *Retta frå*: at

[n38](#). *Ordet «fillehanskar» er delt med ein loddrett strek*

[n39](#). *Etter ordet står det i Bugges handskrift*: [ell. –ma?] *Over ordet har han skrive*: (saa skrevet)

[n40](#). *Retta frå*: uleseleg ord

[n41](#). *Retta frå*: og

[n42](#). *Retta med blyant til*: toltre

[n43](#). *Tittelen er først skriven slik*: Masse aa Lasse

- [n44](#). Retta frå: Lasse
- [n45](#). Under lina står det: [han ha male, tenkjer eg]
- [n46](#). Under lina står det: [Eg tenkte de va' sama visa, de òu eg:]
- [n47](#). Denne strofa står skriven vertikalt i høgre margen.
- [n48](#). Det er sett av plass og nummer til denne strofa, men ho er ikkje innskripen.
- [n49](#). Omkvedet står fullt utskrive i strofe 1, 2 og 10. Etter strofe 2 står denne delen av omkvedet med punktum, og etter strofe 10 utan sitatteikn og med utropsteikn.
- [n50](#). Det er usikkert om det er overstreking eller understreking som er meint, jamfør sluttkommentar.
- [n51](#). Retta frå: Aaa
- [n52](#). Det einaste kjente eksemplaret av dette trykket er bunde inn i samlebind nr. 1738 i Karen Brahes bibliotek, no i Roskilde kloster. Vi har fått faksimile derifrå.
- [n53](#). Feil for: Aarrin
- [n54](#). Feil for: og
- [n55](#). Feil for: Kabreta
- [n56](#). Feil for: de lote
- [n57](#). Feil for: Fang
- [n58](#). Feil for: late
- [n59](#). Retta frå: de dær
- [n60](#). Retta frå: ska'
- [n61](#). Det står ikkje noko forkortingsteikn til dette i oppskrifta.
- [n62](#). Retta frå: og
- [n63](#). Med ei pil hit i handskriftet antyder Ross at det manglar noko føre denne verslina.
- [n64](#). Parentesane står i oppskrifta.
- [k1](#). Samlarkommentar: (sic)
- [k2](#). Samlarkommentar: (sic)
- [k3](#). Avskrivarkommentar: (!)

- [k4.](#) *Auskrivarkommentar:* (!)
- [k5.](#) *Samlarkommentar til i-en:* (aab.
- [k6.](#) *Overstroken samlarkommentar:* (sic)
- [k7.](#) *Overstroken samlarkommentar:* (sic)
- [k8.](#) *Samlarkommentar:* (tæger?)
- [k9.](#) *Samlarkommentar:* opr. i kav
- [k10.](#) *Samlarkommentar:* Tinde
- [k11.](#) *Samlarkommentar:* (sic)
- [k12.](#) *Kommentar skreven over med svak blyant:* Baken
- [k13.](#) *Samlarkommentar:* (Skulder)
- [k14.](#) *Samlarkommentar:*(vinke raabe)
- [k15.](#) *Samlarkommentar:* (:betids hjem:)
- [k16.](#) *Samlarkommentar:* flaar
- [k17.](#) *Samlarkommentar:* (!)
- [k18.](#) *Samlarkommentar:* Her var eit vers um «hovmennane» etterpaa.
- [k19.](#) *Samlarkommentar:* Huæ, Huden.
- [k20.](#) *Samlarkommentar:* Kurv, Pølse.
- [k21.](#) *Samlarkommentar:* rei, vred.
- [k22.](#) *Samlarkommentar:* /:Sadelsknap:/
- [k23.](#) *Samlarkommentar:* Dette ordet er endbyt for eit anna ord. Det er da inga raa aa skrive ailt.
- [k24.](#) *Samlarkommentar:* (aab)
- [k25.](#) *Samlarkommentar:* (?)
- [k26.](#) *Samlarkommentar:* (?)
- [k27.](#) *Samlarkommentar:* (?)
- [k28.](#) *Overstroken samlarkommentar:* spikke?
- [k29.](#) *Samlarkommentar:* maaskee Steffas kone
- [k30.](#) *Samlarkommentar:* Liv Aarm: Gjæsanne vari
- [k31.](#) *Samlarkommentar:* som (L. Å.)

[k32](#). *Samlarkommentar*: [I den fær. Vise om Ravnem og Blakken U. Schröter, V. 24: So reið harra Karl mýrur og mosar, illa spilti han skarlakshosur.] [i skotske Viser: o'er moss and muir.] [Arw. No. 331 V. 6: Palne löpper måsser och P. löpper moo.]

[k33](#). *Samlarkommentar*: («dæ va væl móer te ræven dæ»)

[k34](#). *Samlarkommentar*: (Tyd. aa)

[k35](#). *Samlarkommentar*: (aab.)

[k36](#). *Samlarkommentar*: slaadskjempe

[k37](#). *Samlarkommentar*: (aab.)

[k38](#). *Samlarkommentar*: (langt ø)

[k39](#). *Samlarkommentar*: (?)

[k40](#). *Samlarkommentar*: (?)

[k41](#). *Samlarkommentar*: (leigje, leigde)

[k42](#). *Samlarkommentar*: («dei slufsa Maten í seg»).

[k43](#). *Samlarkommentar*: («Hunebere»)

[k44](#). *Samlarkommentar*: synes N. med forsvenskning.

[k45](#). *Samlarkommentar*: (tales)

[v1](#). *Tittel i reinskriфта*: Enno gjer Jomfrúva, som hó vi'.

[v2](#). *Tittel i reinskriфта*: Jomfrúga, som ville gifte seg. II

[v3](#). *Alternativ lesemåte*: Barbrå

[v4](#). *Alternativ lesemåte*: svikk

[v5](#). *Alternativ lesemåte*: alner

[v6](#). *Alternativ lesemåte*: ette (Anne Hommi)

[v7](#). *Alternativ lesemåte*: randutte (A. H.). *Etter lina står*: (o: reitutte)

[v8](#). *Alternativ lesemåte*: Hosur (A. H.)

[v9](#). *Alternativ lesemåte i strofe 2 og 8*: væl

[v10](#). *Alternativ lesemåte i andre strofe*: vi

[v11](#). *Alternativ lesemåte i strofe 4*: I vinder op gielm

[v12](#). *Alternativ lesemåte i 1823-utgåva*: sau

- [v13](#). *Alternativ lesemåte i 1823-utgåva: aa*
- [v14](#). *Alternativ lesemåte i 1823-utgåva: Det*
- [v15](#). *Alternativ lesemåte i 1823-utgåva: nø*
- [v16](#). *Alternativ lesemåte i 1823-utgåva: Bænken*
- [v17](#). *Alternativ lesemåte i 1823-utgåva: nø*
- [v18](#). *Alternativ lesemåte i 1823-utgåva: sou*
- [v19](#). *Alternativ lesemåte: De*
- [v20](#). *Alternativ lesemåte: bu*
- [v21](#). *Alternativ lesemåte: ei å*
- [v22](#). *Alternativ lesemåte: Eg*
- [v23](#). *Alternativ lesemåte: eg*
- [v24](#). *Alternativ lesemåte: lova*
- [v25](#). *Alternativ lesemåte: di*
- [v26](#). *Alternativ lesemåte: samt*
- [v27](#). *Alternativ lesemåte: væra*
- [v28](#). *Alternativ lesemåte: David ovenpå*
- [v29](#). *Alternativ lesemåte: norafor*
- [v30](#). *Alternativ lesemåte: um din snud (for sa 'n Jo)*
- [v31](#). *Alternativ lesemåte: eg*
- [v32](#). *Alternativ lesemåte: meg*
- [v33](#). *Alternativ lesemåte: eg*
- [v34](#). *Alternativ lesemåte: Snèkkjelite*
- [v35](#). *Alternativ lesemåte: Snèkkjelite*
- [v36](#). *Alternativ lesemåte: hann til korn for mit korn*
- [v37](#). *Alternativ lesemåte: flaut*
- [v38](#). *Somtid samanskriive i dei andre strofene: arittomrei*
- [v39](#). *Alternativ lesemåte: grønne*
- [v40](#). *Alternativ lesemåte: kværaire*
- [v41](#). *Alternativ lesemåte: Jomfrúva*

- [v42](#). *Alternativ lesemåte*: låserne
- [v43](#). *Alternativ lesemåte*: S.N: adde spotta Sort-Íver for han va' sort.
- [v44](#). *Alternativ lesemåte*: Lussi (S.N.):
- [v45](#). *Alternativ lesemåte*: <...> ska' (S.N.)
- [v46](#). *Alternativ lesemåte*: ska'(S.N.)
- [v47](#). *Alternativ lesemåte*: hæna
- [v48](#). *Alternativ lesemåte*: Lussi (S.N.)
- [v49](#). *Alternativ lesemåte*: kom
- [v50](#). *Alternativ lesemåte*: Lussis
- [v51](#). *Alternativ lesemåte*: låg mæ stokkjen ne (S.N.)
- [v52](#). *Alternativ lesemåte*: onge svein,
- [v53](#). *Alternativ lesemåte*: gret
- [v54](#). *Alternativ lesemåte*: Om eg tore
- [v55](#). *Alternativ lesemåte*: leikarn
- [v56](#). *Alternativ lesemåte*: er
- [v57](#). *Alternativ lesemåte*: no
- [v58](#). *Tittel i reinskriфта*: Valiknut
- [v59](#). *Alternativ lesemåte i reinskriфта*: dynnar (J. M.)
- [v60](#). *Alternativ lesemåte i reinskriфта*: ító på naglemot (J. M.)
- [v61](#). *Alternativ lesemåte*: svara
- [v62](#). *Alternativ lesemåte*: lille
- [v63](#). *Alternativ lesemåte i dei neste strofene*: Ællri
- [v64](#). *Alternativ lesemåte (merkt «Høydalsmo»)*: ei tunne hell tvo
- [v65](#). *Alternativ lesemåte (merkt «Høydalsmo»)*: bekkjen
- [v66](#). *Alternativ lesemåte (merkt «Høydalsmo»)*: dei klæ'i, so dei skjein
- [v67](#). *Alternativ lesemåte*: Mannen reiste at høgeloft
- [v68](#). *Alternativ lesemåte*: dynni
- [v69](#). *Alternativ lesemåte*: ho
- [v70](#). *Alternativ lesemåte*: trive

- [v71](#). *Alternativ lesemåte (merkt «Høydalsmo»): í ein oskelaupe*
- [v72](#). *Alternativ lesemåte: vurpe*
- [v73](#). *Alternativ lesemåte: mine*
- [v74](#). *Alternativ lesemåte (merka «Høydalsmo»): tuppur, tuppur, verpe nå!*
- [v75](#). *Alternativ lesemåte: eggji*
- [v76](#). *Alternativ lesemåte: naade*
- [v77](#). *Alternativ lesemåte: Kara*
- [v78](#). *Alternativ lesemåte: Karan*
- [v79](#). *Alternativ lesemåte i tekstoppskrifta: Daagaa*
- [v80](#). *Alternativ lesemåte: fra land*
- [v81](#). *Alternativ lesemåte: fær*
- [v82](#). *Alternativ lesemåte: fær*
- [v83](#). *Alternativ lesemåte: grein. Lesemåten stein er sett i parentesar, men er så understreka att.*
- [v84](#). *Alternativ lesemåte: Sîe*
- [v85](#). *Alternativ lesemåte: sønne*
- [v86](#). *Alternativ lesemåte: bur*
- [v87](#). *Alternativ lesemåte: mann lyt få*
- [v88](#). *Omkvedet varierer litt gjennom visa. Nokre omkved har huva i staden for luva*
- [v89](#). *Alternativ lesemåte etter strofe 4: me*
- [v90](#). *Alternativ lesemåte: brøar*
- [v91](#). *Alternativ lesemåte: til*

Skjemteballadar er lastet ned gratis fra bokselskap.no